



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE

# Eigarmelding 2018

## Fylkeskommunalt eigarskap i selskap



**Vedtaks- og endringsprotokoll**

<b>Vedteke/endra av</b>	<b>Dato/saksnummer</b>
Fylkestinget	09.12.2008 / sak 38/08
Fylkestinget	13.10.2009 / sak 40/09
Fylkestinget	19.10.2010 / sak 43/10
Fylkestinget	18.10.2011 / sak 49/11
Fylkestinget	16.10.2012 / sak 46/12
Fylkestinget	15.10.2013 / sak 37/13
Fylkestinget	14.10.2014 / sak 33/14
Fylkestinget	13.10.2015 / sak 36/15
Fylkestinget	18.10.2016 / sak 33/16
Fylkestinget	17.10.2017 / sak 36/17
Fylkestinget	19.10.2018 / sak 38/18

<b>Del I - EIGARPOLITIKK.....</b>	<b>6</b>
<b>Innleiing .....</b>	<b>6</b>
<b>1. Eigarpolitikk.....</b>	<b>6</b>
1.1 Historikk - Bakgrunn og føremål med fylkeskommunen sin eigarskap.....	6
1.2 Fylkeskommunal eigarskap i dag.....	7
1.3 Kriterium for å gå inn – og bli sitjande – som eigar i selskap og opprettar av stiftingar .....	7
1.4 Val av selskapsform .....	8
1.5 Exit-strategi .....	8
1.6 Vurderingar ved avvikling av engasjement .....	8
1.7 Styringsgrep – eigarstrategi og selskapsstrategi.....	8
1.7.1 Eigarstrategi .....	8
1.7.2 Selskapsstrategi .....	9
1.8 Samfunnsansvar, miljø, etikk og rettslege krav .....	9
1.8.1 Samfunnsansvar, miljø og etikk hjå selskapa.....	9
1.8.2 Samfunnsansvar og etikk hjå fylkeskommunen og fylkeskommunen sine utsendingar	10
1.8.3 Rettslege rammer for ulike verksemder .....	10
1.9 Eigarutøving for meldingsåret og etterfølgjande år.....	11
1.9.1 Generell politikkendring .....	11
1.9.2 Enkeltsaker.....	11
2017 .....	11
2018 .....	13
<b>2. Rammer for oppfølging av eigarskapen - reglar og fylkeskommunale retningslinjer 16</b>	<b>16</b>
2.1 Interessekonflikt mellom eigarinteresser, selskapsinteresser og forvaltningsoppgåver	
– nokre problemstillingar .....	16
2.1.1 Døme på tilfelle der interessekonflikt kan oppstå i forvaltninga når fylkeskommunen er eigar i selskap .....	16
2.2 Reglar om habilitet – folkevalde i ulike roller .....	16
2.2.1 Generelt .....	16
2.2.2 Reglane om habilitet .....	17
2.3 Reglar om det offentlege sin innsynsrett i eigarskapssaker.....	19
2.4 Folkevalde som eigarrepresentant .....	19
2.4.1 Kort om eigarorganet i eit selskap.....	19
2.4.2 Krav til fylkeskommunen sin eigarrepresentant .....	19
2.4.3 Retningsliner for utpeiking av fylkeskommunen sine eigarutsendigar i dei ulike eigarorgana.....	20
2.5 Utpeiking av styrerepresentantar.....	20
2.5.1 Fylkeskommunen sine krav til eigenskapar, kompetanse og styremedlemene si uavhengige stilling .....	20
2.5.2 Prosedyrar for val av styremedlemer .....	20
2.5.3 Reglar om kjønnsbalanse i styra .....	21
2.5.4 Kort om styret sitt ansvar .....	21
2.6 Retningsliner for eigarutøving overfor selskapet .....	22
2.6.1 Rammer for eigarutøving .....	22
2.6.2 Eigardialogen .....	22
<b>3. Rutinar for fylkeskommunal eigaroppfølging.....</b>	<b>23</b>
3.1 Roller og ansvar.....	23
3.2 Rollefordeling i den fylkeskommunale eigarutøvinga.....	23
3.2.1 Rolla til fylkestinget, fylkesutvalet og hovudutvala .....	23
3.2.2 Fylkesordføraren si rolle.....	24
3.2.3 Den folkevalde si rolle .....	24
3.2.4 Fylkesrådmannen si rolle .....	24
3.3 Opplæring av folkevalde.....	25
3.4 Rutinar for utøving av fylkeskommunal eigarskap .....	25
3.5 Rutinar for fylkestinget og fylkesutvalet si utøving av eigarstyring .....	26

3.5.1 Generelt .....	26
3.5.2 Rutinar ved innkalling til møte i eigarorgan.....	26
3.5.3 Rutinar før møte i eigarorgan i selskapa .....	26
3.6 Styrerrepresentanten sitt ansvar overfor fylkeskommunen .....	27
3.7 Eigarrepresentanten sitt ansvar overfor fylkeskommunen .....	27
3.8 Tilsyn og kontroll med fylkeskommunen sine interesser i selskapet .....	27
<b>Del II – VERKSEMDSOVERSIKT .....</b>	<b>28</b>
<b>4. Generelt om del II .....</b>	<b>28</b>
4.1 Definisjon av nøkkeltal.....	28
<b>5. Interkommunale selskap (IKS).....</b>	<b>28</b>
5.1 Deltaking er avgrensa, men ansvaret er uavgrensa.....	28
5.2 Eigarskapen vert utøvd gjennom representantskapet .....	29
5.3 Uttreden av Interkommunale selskap .....	29
5.4 Fylkeskommunale-/kommunale fellestiltak: .....	29
Trivselshagen IKS .....	29
Sogn og Fjordane Revisjon IKS .....	31
VIGO IKS .....	34
<b>6. Aksjeselskap (AS).....</b>	<b>37</b>
6.1 Avgrensa ansvar for deltararane .....	37
6.2 Eigarskapen vert utøvd gjennom generalforsamlinga.....	37
6.3 Uttreden av aksjeselskap .....	37
6.4 Finansielle mål .....	38
F1 Holding AS.....	38
Firda Billag AS .....	40
Sogn og Fjordane Energi AS .....	43
Sogn og Fjordane Holding AS.....	49
6.5 Næringsutvikling .....	52
Fjord Invest Såkorn AS .....	52
Fjord Norge AS .....	54
Framtidsfylket AS.....	57
Gulen og Masfjorden Utvikling AS.....	59
Innovasjon Norge .....	62
Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS.....	66
Lutelandet Utvikling AS.....	68
Njøs Næringsutvikling AS .....	71
Opplæringsfartøy AS .....	73
Sogn og Fjordane Fondet AS.....	75
Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS – nytt selskap .....	77
6.6 Fylkeskommunale-/kommunale fellestiltak.....	78
Kommunekraft AS.....	78
Ferde AS.....	80
Skyttel AS.....	83
6.7 Fylkesomfattande kulturskap .....	85
Norsk Fjordhestsenter AS.....	85
Sogn og Fjordane Teater LL.....	88
6.8 Arbeidsmarknad.....	91
Mentro AS.....	91
Origod AS .....	94
In Via AS .....	96
Sogneprodukt AS .....	98

<b>7. Interkommunale samarbeid.....</b>	<b>101</b>
7.1 Ulike former for interkommunalt samarbeid .....	101
7.2 Samarbeid etter kontrakt (formlaust samarbeid) .....	101
7.3 Interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27.....	102
7.4 Vertskommunesamarbeid etter kommunelova §§ 28-1 b og 28-1 c .....	102
7.5 Interkommunale samarbeid .....	102
Nasjonal Digital Læringsarena (NDLA).....	102
Vestlandsrådet.....	103
Sogn og Fjordane Felles Innkjøpsordning (SFFI) .....	104
IS Fjordvegen Rute 13 .....	105
Kommunearkivordninga .....	106
<b>8. Stiftingar .....</b>	<b>107</b>
8.1 Uttreden frå stiftingar .....	107
8.2 Stiftingane.....	107
Stiftinga Singerheimen.....	107
Bustadstiftinga ved fylkessjukehuset i Lærdal.....	108
Bustadstiftinga ved fylkessjukehuset på Nordfjordeid .....	108
Bustadstiftinga ved Sentralsjukehuset Sogn og Fjordane .....	109
Stiftinga Sogn og Fjordane Næringsutvikling .....	109
Stiftinga Førde Internasjonale Folkemusikkfestival .....	109
Stiftinga Vestlandsforskning .....	110
Stiftinga Røde Kors Nordisk United World College .....	110
Stiftinga Nynorsk kultursentrum.....	110
Stiftinga Innvik Næringsutvikling .....	111
Stiftinga Vestnorsk jazzsenter .....	111
Stiftinga Balejazz .....	112
Stiftinga Norsk Countrytreff .....	112
Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark .....	112
Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane .....	113
Stiftinga Norsk Kvernsteinsenter .....	113
Stiftinga Norsk Sjøfuglsenter .....	114
Stiftinga til fremje av rekruttering og kompetanseutvikling i Sogn og Fjordane (REKOMP) ..	114
<b>9. Gjensidige selskap .....</b>	<b>115</b>
Kommunal Landspensjonskasse (KLP) .....	115
<b>10. Vedteken plan for selskapskontroll for 2016-2020 .....</b>	<b>116</b>
10.1 Oversikt over selskap innanfor kommunelova § 80 .....	116
10.2 Oversikt over selskap utanfor kommunelova § 80 .....	117
10. 3 Plan for selskapskontroll 2016–2020 .....	119

# Del I - EIGARPOLITIKK

## Innleiing

Eigarmeldinga er eit overordna politisk styringsdokument. Den skal syne mål og strategiar for den fylkeskommunale eigarskapen, sikre samhandling mellom fylkestinget og eigarorgan i selskapa og gjere informasjon om den fylkeskommunale eigarskapen synleg for ålmenta.

Eigarmeldinga skal:

- Gjere den politiske styringa i eigarsaker tydelegare.
- Medverke til at selskapa kjenner posisjonen og haldningane fylkeskommunen har som eigar.
- Legge grunnlaget for å utvikle konkrete eigarstrategiar og formål for kvart enkelt selskap.
- Bidra til at samansetninga av styra gir riktig kompetanse ut frå dei utfordringar selskapa står overfor.
- Stille konkrete krav til styra og etablere rutinar for å evaluere styra sitt arbeid.

Eigarmeldinga har to delar med fire hovudpunkt:

- Del I:**
- 1) Fylkeskommunal eigarpolitikk.
  - 2) Retningsliner for fylkeskommunal eigarutøving.
  - 3) Rutinar for fylkeskommunal eigarutøving.

- Del II:**
- 4) Omtale av kvar einskild verksemde.

Eigarmeldinga vert oppdatert årleg. Del I vert oppdatert i tråd med fylkestinget sin eigarpolitikk og vil gjelde for det komande meldingsåret. Del II er oppdatert med informasjon frå meldingsåret som selskapa har rapportert om i inneverande år. Viktige hendingar som har skjedd mellom meldingsåret og tidspunkt for utgjeving av eigarmeldinga, kan også verte omtala.

I del II er verksemndene organiserte ut frå selskapsform. Under kvar selskapsform er verksemndene organisert ut frå fylkeskommunen sitt føremål med eigarskapen, eller typen verksemde: finansielle mål, næringsutvikling, fylkeskommunale-/kommunale fellestiltak, fylkesomfattande kulturselskap og arbeidsmarknadsbedrifter.

## 1. Eigarpolitikk

### 1.1 Historikk - Bakgrunn og føremål med fylkeskommunen sin eigarskap

Føremålet med fylkeskommunen sin eigarskap varierer etter kva type aktivitet verksemda har.

Fylkeskommunen har mellom anna blitt eigar i aksjeselskap

- ved omskiping av fylkeskommunale forvaltningsverksemder. Desse bedriftene hadde som hovedmål å bygge infrastruktur innan samferdsle og energiforsyning i fylket. Etter kvart som desse bransjene har blitt konkurransesett, har selskapa vorte skipa om til aksjeselskap og eigarskapen er motivert ut frå forretningsmessige mål, samt næringsstrategiske og samfunnsmessige mål (t.d. å sikre arbeidsplassar, kompetanse og inntekter av naturressursar i fylket).
- med føremål om å vere ein vesentleg bidragsytar og regional utviklingsaktør ved etablering av nye selskap, mellom anna gjennom å kjøpe aksjar.

Eigarskapen har også vore motivert av fellestiltak saman med andre kommunar og fylkeskommunar gjennom interkommunale selskap (IKS) og anna interkommunalt samarbeid basert på avtale.

Fylkeskommunen har hovudsakleg gått inn som opprettar i stiftingar etter invitasjon. Slik har fylkeskommunen bidrege til at stiftingar har fått nok stiftingskapital der fylkeskommunen meiner dette er føremålstenleg.

## **1.2 Fylkeskommunalt eigarskap i dag**

Fylkeskommunen har ved utgangen av august 2018 eigarskap i 24<sup>1</sup> aksjeselskap, 3 interkommunale selskap, 1 gjensidig selskap (KLP) og 1 særlovsselskap (Innovasjon Norge). Av aksjeselskapene er to (Sogn og Fjordane Holding AS og F1 Holding AS) heileigde av fylkeskommunen. Dei andre aksjeselskapene er eigde anten i lag med andre kommunar eller private, eller ein kombinasjon av dette. Den fylkeskommunale eigarprosenten varierer frå 80 % til 0,31 %.

Fylkeskommunen er med i fleire interkommunale samarbeid og er med som opprettar i 18 stiftingar.

### **Fylkeskommunen sin eigarskap skal oppfylle eitt eller fleire av følgjande føremål:**

1. Finansielle mål:
  - Sikre at investert kapital oppnår god avkastning som samsvarar med den risikoen fylkeskommunen tek ved å ha eigardelar i selskapet, som til dømes Sogn og Fjordane Energi AS.
2. Næringsutvikling:
  - Delta i selskap som arbeider med fellestiltak for å utvikle næringslivet i fylket, som til dømes Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS.
  - Delta i investeringsselskap som går inn som eigar for å utvikle nye selskap, som til dømes Fjord Invest Såkorn AS.
  - Delta i selskap der vi opptrer som regional utviklingsaktør og tilfører/får kompetanse.
3. Fylkeskommunale-/kommunale fellestiltak:
  - Delta i selskap saman med andre fylkeskommunar og kommunar for å oppnå stordriftsfordeler i tenesteproduksjonen, som til dømes Kommunekraft AS.
  - Delta i selskap som har stort innslag av ansvar for å tilrettelegge for særlige grupper.
4. Fylkesomfattande kulturselskap
  - Delta i selskap saman med til dømes kommunar for å sikre drift av fylkesomfattande kulturinstitusjonar, som til dømes Sogn og Fjordane Teater LL.

## **1.3 Kriterium for å gå inn – og bli sitjande – som eigar i selskap og opprettar av stiftingar**

Fylkeskommunen bør ha ei positiv tilnærming til å delta i nye prosjekt, så lenge eitt eller fleire av kriteria som går fram av punkt 1.2 Fylkeskommunalt eigarskap i dag, er oppfylte. I tillegg skal det gjennomførast ei normal risiko- og kostnad-/nyttevurdering for aktuelle aksjekjøp.

I vurderinga av om ein skal gå inn i eit selskap, må fylkeskommunen vurdere om det er aktuelt å stille konkrete klimakrav til selskapet; til dømes krevje at selskapet har retningsliner, prinsipp, prosedyrar og standardar for korleis verksemda tek omsyn til det ytre miljø ut frå verksemda sin eigenart, marknaden selskapet opererer i og kva miljøteknologi som er tilgjengeleg. Slike krav må vurderast konkret i det enkelte tilfellet. Storleiken på eigardelen fylkeskommunen planlegg å erverve vil spele inn i vurderinga av kva krav som kan stillast. Sjå elles punkt 1.8 om forventningar til selskapa sitt samfunnsansvar.

Ved den årlege oppdateringa av eigarmeldinga vert det vurdert om enkeltengasjement framleis tenar fylkeskommunale mål for eigarskap. Vurderinga kan munne ut i ei tilråding om å avvikle eigarskapen. Det skal i tilfelle skje i nært samarbeid med partane det gjeld. Vurderinga som vert gjort kvart år tek utgangspunkt i punkta som er lista opp i punkt 1.6 Vurderingar ved avvikling av engasjement.

Sjå nærmare om mynde til å opprette stiftingar, kjøpe/selje aksjar/medlemskap og til å seie opp medlemskap i selskap i kapittel 3. Rutinar for fylkeskommunal eigaroppfølging.

---

<sup>1</sup> Dette er inkludert Sogn og Fjordane Energi AS, som fylkeskommunen sitt heileigde holdingselskap Sogn og Fjordane Holding AS eig aksjar i.

## **1.4 Val av selskapsform**

Det er viktig at selskapsform passar verksemda sitt føremål, behovet for eigarstyring, marknadsmessige tilhøve og konkuranseregelverket.

Skal selskapet ta risiko og operere i ein marknad, bør ein søke å avgrense ansvaret til fylkeskommunen som eigar. Der selskapet skal yte tenester til eigarane i eigenregi, kan både interkommunale selskap og kommunale føretak vere føremålstenlege selskapsformer. Stiftingar er ikkje å anbefale dersom verksemda krev eigarstyring.

## **1.5 Exit-strategi**

Dersom fylkeskommunen går inn som eigar i ei verksemd, bør fylkeskommunen ta stilling til om det på same tidspunkt er føremålstenleg å lage ein exit-strategi for selskapet. Ein slik strategi skal gje føringar for når fylkeskommunen skal selje seg ut av den aktuelle verksemda. Føringane kan til dømes bli gjevne i form av ein konkret tidshorisont for eigarskapen. Eit anna døme vil vere å konkretisere føresetnader knytt til det aktuelle selskapet som må realisere seg/ikkje realisere seg, for at fylkeskommunen skal selje seg ut som eigar.

Behovet for, og sjølvé innhaldet i ein slik strategi må avgjera etter ei konkret vurdering av selskapet og dei føresetnadane som ligg til grunn for at fylkeskommunen går inn som eigar.

Målet med ein slik strategi er at fylkeskommunen aktivt skal kunne vurdere sin eigarskap i selskapet opp mot strategien. På den måten vert vurderinga om fortsett eigarskap enklare og meir føreseileg både for fylkeskommunen og for selskapet.

## **1.6 Vurderingar ved avvikling av engasjement**

I eigarmeldinga del II vert det vurdert om enkeltengasjement i selskap bør avviklast, jf. punkt 1.3 og punkt 1.2 ovanfor.

Fylkeskommunen bør vurdere å gå ut til dømes dersom

- dei opphavlege føresetnadane ikkje lenger er til stades. Jo færre av kriteria i punkt 1.2 som framleis vert oppfylt, desto sterkare kan det tale for avvikling av eigarskapen
- eit tiltak har utvikla seg så positivt at det er "sjølvgåande" utan fylkeskommunal eigarskap, slik at andre med fordel kan overta eigarskap og ansvar
- kriseramma selskap ikkje lenger har ei framtid
- selskapet opptrer i strid med selskapet sitt føremål
- selskapet opptrer i strid med selskapet sitt samfunnsansvar, og/eller opptrer på ein måte som ikkje er i samsvar med fylkeskommunen sine verdiar
- føresetnader i ein exit-strategi har realisert seg
- det er sannsynleg at andre eigarar er betre eigna til å utvikle selskapet vidare
- selskapet har gjort seg skuldig i straffbare handlingar, til dømes miljøkriminalitet, korrupsjon, brot på menneskerettar eller arbeidstakarrettar

## **1.7 Styringsgrep – eigarstrategi og selskapsstrategi**

### **1.7.1 Eigarstrategi**

Det er føremålstenleg at fylkestinget utviklar klare eigarstrategiar overfor enkelte selskap, slik at selskapa kan utvikle seg slik fylkestinget meiner er riktig, innanfor rammene som føremålet med eigarskapen set. Dette må vurderast konkret for kvart selskap. Eigarstrategien må vere i samsvar med føremålet til verksemda. Omfanget av ein slik eigarstrategi er også avhengig av mellom anna selskapet si verksemd, behov for eigarstyring, marknadsmessige tilhøve og konkuranseregelverket.

Eigarstrategi og selskapsstrategi for eit selskap vil tene som grunnlag for ein etterfølgjande selskapskontroll.

### **Ubytepolitikk**

Ubytepolitikk er ein del av eigarpolitikken fylkestinget har overfor nokre aksjeselskap.

Eigar har ansvar for forsvarleg kapital i selskapet, og dette må påverke utbytepolitikken til fylkeskommunen. Det er viktig at eigar vurderer om føremålet til selskapet vil kunne realiserast

dersom ein tek ut utbyte frå eit selskap. Som regel vil selskapet si leiing ha uttala seg om dette. Denne uttalen bør vere utgangspunktet og rettesnora for vurderinga av om det skal takast ut utbyte.

## **1.7.2 Selskapsstrategi**

Fylkestinget stiller krav til at selskapet si verksemd tydeleg går fram av vedtektenes/selskapsavtalen. Innanfor rammene av vedtektenes/selskapsavtalen bør selskapet ha klare mål og strategiar. Krav til selskapsstrategi gjeld i dei tilfella dette er føremålstenleg ut frå verksemda til selskapet, og omfanget vil kunne variere.

## **1.8 Samfunnsansvar, miljø, etikk og rettslege krav**

### **1.8.1 Samfunnsansvar, miljø og etikk hjå selskapa**

Fylkestinget som eigar er oppteken av at selskapa tek samfunnsansvar og driv verksemda si i tråd med kva som er etisk forsvarleg.

Samfunnsansvar handlar om korleis verdiar vert skapte. Det handlar om korleis selskapa påverkar menneske, miljø og samfunn. Ansvarlege selskap tek omsyn til dette.

Fylkestinget har både generelle og meir spesifikke forventningar til selskapa når det gjeld samfunnsansvar. Dei spesifikke forventningane er knytt til fire tematiske kjerneområde: klima og miljø, menneskerettar, arbeidstakarrettar og antikorruption.

Utgangspunktet til fylkestinget er at det er leiinga i selskapet som best kan vurdere korleis slike forventningar bør følgjast opp. Fylkestinget meiner at auka merksemd frå styret vil bidra til å betre måten selskapet arbeider med samfunnsansvar på.

Fylkeskommunen forventar at selskapa – i naudsynt grad – synleggjer samfunnsansvar, miljø og etikk gjennom at selskapa

- vert drivne slik at dei i det store og heile gjev eit positivt bidrag til samfunnet
- stiller seg opne til alle som har legitime interesser knytt til verksemda
- sameinar økonomi og etikk i alle delar og ledd av verksemda
- medverkar til ei utvikling som tener eit berekraftig miljø og langsiktige utviklingsinteresser
- opptrer ansvarleg og langsiktig i omstillingsprosessar der ein skal ta omsyn til sårbare lokalsamfunn
- har høgt ambisjonsnivå for satsing på forsking og utvikling
- arbeider systematisk og trygt med helse, miljø og tryggleik
- legg ILO sine åtte kjernekonvensjonar til grunn for si verksemd
- arbeider aktivt for likestilling i verksemda og i styret
- har ei medvitne haldning til rekruttering av personar med minoritetsbakgrunn
- arbeider aktivt med rekruttering ved å ta inn lærlingar
- rapporterer om sitt arbeid med samfunnsansvar, med vekt på vesentlege utfordringar, mål og indikatorar for måloppnåing, (i hovudsak) gjennom årsrapporteringa

Fylkeskommunen forventar at selskapa gjer det klårt kva som er selskapet sitt verdigrunnlag, og i samsvar med dette utarbeider retningslinjer for sitt arbeid med samfunnsansvar. Fylkeskommunen forventar at retningslinene er offentleg tilgjengelege og at selskapa integrerer arbeidet med klima og miljø, menneskerettar, arbeidstakarrettar og arbeid mot korruption i desse.

Retningslinene bør mellom anna omhandle

- nøkternt nivå på honorar/godtgjersle, gåver, reiser og liknande til styremedlemer med fleire. Nivået på honoraret skal henge saman med den reelle personlege risikoen kvar einskild har knytt til si rolle i selskapet, og kompetansen den det gjeld tilfører selskapet
- interessekonfliktar
- forholdet til kundar, leverandørar og konkurrentar
- forholdet til medarbeidarane
- rutinar for varsling og reaksjonar/oppfylging av brot på retningslinene
- ansvar for menneske, samfunn og miljø som vert påverka av verksemda

## Knytt til dei fire tematiske kjerneområda forventar fylkeskommunen at selskapa

### *Klima og miljø*

- etterlever nasjonale og internasjonale miljøkrav
- gjennomfører grep for å redusere negativ miljøpåverknad
- har kompetanse til å gjennomføre naudsynte endringar i rammevilkår – som følgje av klimaendringar, og nasjonale og internasjonale klimatiltak – slik at verdiane i selskapet vert tekne vare på ved omstettingsbehov

### *Menneskerettar*

- respekterer og førebygger brot på menneskerettar i eiga verksemd, og følgjer opp dette overfor sine leverandørar og forretningspartnerar

### *Arbeidstakarrettar*

- respekterer og bidreg til eit forsvarleg arbeidsliv der grunnleggande arbeidsstandardar og - rettar vert tekne vare på, og at arbeidstakarane blir gjeve ei løn dei kan leve av
- legg til grunn dei åtte kjernekonvensjonane til ILO som ein minimumsstandard for si verksemd, samt at desse vert følgde opp i verdikjeda
- opptrer ansvarleg i omstettingsprosessar og gjennomfører desse i dialog med tilsette og lokalsamfunn

### *Openheit kring økonomiske transaksjonar og arbeid mot korруpsjon*

- utviser størst mogleg grad av openheit knytt til pengestraumar, også skatt
- har retningsliner, system og tiltak for å hindre korruksjon, og for å handtere moglege lovbroter eller tvilstilfelle som måtte avdekkast på dette feltet

Oppfølginga av arbeidet til selskapa med samfunnsansvar skjer gjennom eigardialog mellom eigar og leiinga i selskapa. Eigar forventar at selskapa rapporterer på viktige saker som gjeld verksemda og saker som gjeld samfunnsansvar.

## **1.8.2 Samfunnsansvar og etikk hjå fylkeskommunen og fylkeskommunen sine utsendingar**

Fylkestinget vedtok i sak 36/93 etiske retningsliner og prinsipp for fylkeskommunen. Dei ligg på fylkeskommunen sine nettsider<sup>2</sup>. Desse gjeld for dei folkevalde i alle situasjonar der dei opptrer som folkevalde på vegne av fylkeskommunen, også når dei opptrer som eigarrepresentant for fylkeskommunen.

Når ein person representerer fylkeskommunen i eit styre, er det selskapet sine etiske retningsliner som gjeld for utøvinga av styrevervet. Sjå også kapittel 2.5.1 Fylkeskommunen sine krav til eigenskapar, kompetanse og styremedlemmane si uavhengige stilling og kapittel 2.4.1 Krav til fylkeskommunen sin eigarrepresentant, samt kapittel 3. Rutinar.

## **1.8.3 Rettslege rammer for ulike verksemder**

Fylkestinget legg til grunn at alle verksemder til ei kvar tid følgjer dei lover og reglar som gjeld for verksemda. Fylkestinget har særleg forventning om at leiinga i selskapet syter for ein forsvarleg eigenkapital og økonomiforvaltning, samt at selskapet legg til rette for at aksjeeigarar kan utøve sine rettar på ein god måte.

### **Forsvarleg eigenkapital**

Selskapet bør ha ein eigenkapital som er tilpassa mål, strategi og risikoprofil for selskapet. For aksjeselskap legg fylkestinget til grunn at kravet om forsvarleg eigenkapital og likviditet vert etterlevd. Dersom det er grunn til å tru at eigenkapitalen er lågare enn forsvarleg ut frå risikoen ved- og omfanget av verksemda, forventar fylkestinget at styret innan rimeleg tid kallar inn generalforsamlinga for å gjere greie for den økonomiske stillinga til selskapet og dei tiltak som styret foreslår at blir sett i verk.

---

<sup>2</sup><http://img4.custompublish.com/getfile.php/2956991.2344.scbxfwdtwy/Etiske%20prinsipp%20og%20retningsliner.pdf?return=www.sfj.no>

## **Om fullmakt til å dele ut utbyte**

Frå 1. juli 2013 vart det opna for at generalforsamlinga kan gje styret fullmakt til å dele ut utbyte. Fylkestinget meiner at forslag om slik fullmakt bør grunngjenvæst særskilt.

Det er ikkje høve for generalforsamlinga, styret eller dagleg leiing i eit aksjeselskap til å ta ei avgjerd som er eigna til å gje aksjeeigarar ein urimeleg fordel på andre aksjeeigarar eller selskapet sin kostnad.

## **Eigarutøving på representantskapsmøte og føretaksmøte**

Utgangspunktet er at eigarar utøver sin eigarskap gjennom eigarorganet til selskapet.

Styret bør legge til rette for at flest mogleg aksjeeigarar kan utøve sine rettar ved å delta i generalforsamlinga i selskapet ved mellom anna å sørge for at

- innkalling og saksdokument til generalforsamlinga, inkludert valkomiteen si innstilling blir gjort tilgjengelege innanfor fristar i mellom anna aksjelova og lov om interkommunale selskap (IKS-lova), eller innanfor dei fristar som er fastsette i vedtekten til selskapet
- saksdokumenta gjev aksjeeigarane reell mogleghet til å ta stilling til alle saker som skal handsamast
- styret, valkomiteen og revisor er til stades i generalforsamling
- møtet vert riktig protokollert og at eigarane får tilgang til protokollen i etterkant av generalforsamlinga

**Fylkestinget forventar at verksemder sender innkalling til generalforsamling, representantskapsmøte og føretaksmøte til fylkeskommunen sin eigarutsending og til fylkeskommunen sin administrasjon<sup>3</sup>.**

## **1.9 Eigarutøving for meldingsåret og etterfølgjande år**

### **1.9.1 Generell politikkendring**

Fylkeskommunen vil i nokre tilfelle kunne endre eigarpolitikk. Dette kan skje som eit resultat av vedtak i fylkestinget, lovendringar, eller tilråding etter selskapskontroll i fylkeskommunalt eigde selskap. Slike endringar skal takast inn i etterfølgjande eigarmelding del I.

I dei tilfella fylkeskommunen stiller særskilde forventningar til eit selskap eller fylkestinget ber om særskilt utgreiing av eit selskap, skal dette skje i eige vedtakspunkt i det politiske organet.

Oversikta over enkeltsaker for 2017 og 2018 er frå perioden etter at Eigarmelding 2017 vart send frå administrasjonen til politisk handsaming fram til årets eigarmelding er send til politisk handsaming, dvs. medio september 2017 til medio september 2018.

### **1.9.2 Enkeltsaker**

#### **2017**

*FT-sak 35/17: Nasjonal Digital Læringsarena (NDLA).* Oppfølging av vedtak i FT-sak 18/17 Vurdering av om samarbeidet hindrar konkurranse og innovasjon om digitale lærermiddel og dei enkelte skulane sin valfridom. Saka skal og vurdere alternativ til dagens NDLA samarbeid.

Vedtak:

Fylkestinget tek saka til vitande.

*FT-sak 44/17: Samanslåing av dei kommunale revisjonseiningane i Sogn og Fjordane – val av revisjonsordning*

Vedtak:

Fylkestinget går inn for å fortsette med finansiell revisjon og selskapskontroll i eigenregi i det nye samanslegne selskapet i perioden fram til 31.12.2019 med etterhald om eit kostnadsnivå som ikkje overstig det ein har i dag i SF revisjon IKS.

---

<sup>3</sup> Kontaktinformasjon til den enkelte eigarutsending er tilgjengeleg på fylkeskommunen sine nettsider: <http://www.sj.no/verksemder-og-eigarskap.334847.nn.html>

Administrasjonen: Post@sj.no

*FT-sak 45/17: Samanslåing av dei tre revisjonseiningane Kryss revisjon, Kommunerevisjonen i Nordfjord og SF Revisjon IKS*

Vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune ser positivt på at dei tre revisjonseiningane blir slått saman til ei ny fylkesdekkande interkommunal revisjonseining i Sogn og Fjordane.
- Rapporten om samanslåing av dei tre interkommunale revisjonseiningane i Sogn og Fjordane, dagsett 15. 09.2017, blir å legge til grunn for samanslåinga.
2. Kvart av dei tre selskapa vel to representantar til eit interimsstyre. Interimsstyret konstituerer seg sjølv og har som oppgåve å legge til rette for å få etablert ei ny revisjonseining basert på dagens ordningar og kome med framlegg til samarbeidsavtale, vedtekter, budsjett og stillingsplan for den nye revisjonseininga.
3. Det nye interkommunale samarbeidet blir å organisere som eit IKS, eller som eit § 27 - samarbeid, utan eigenkapitalinnskot, og skal vere operativt frå og med 01.01.2019. Parallelt med dette blir dagens tre revisjonseiningar avvikla innan 31.12.2018. Det er ein føresetnad for fylkeskommunen at det nye interkommunale samarbeidet skal vere eit eige rettssubjekt.
4. Dei tilsette sine rettar skal ivaretakast i tråd med kapittel 16 i arbeidsmiljølova om verksemfordering , slik at dei tilsette sine stillingar i den nye revisjonseininga vert sikra.
5. Dette vedtaket er gjort med etterhald om at dei andre eigarane i Sogn og Fjordane Revisjon IKS gjer tilsvarende vedtak.

*FT-sak 46/17: Fylkeskommunen sin eigarskap i Njøs næringsutvikling AS*

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune vidarefører eigarskapen i Njøs næringsutvikling AS inntil vidare.
2. Fylkestinget vurderer eigarskapen på nytt ved handsaminga av Eigarmelding 2018.

*FT-sak 47/17: Avvikling av F1 Holding AS*

Vedtak:

1. Fylkestinget ber generalforsamlinga i F1 Holding AS om å avvikle selskapet.
2. I samband med avviklinga overtek Sogn og Fjordane fylkeskommune F1 Holding AS sine rettar og plikter etter avtalane som er inngått mellom Havilafjord AS og F1 Holding AS i samband med salet av Fjord1 - aksjane . Dette gjeld :
  - a. aksjekjøpsavtale dagsett 14. oktober 2016
  - b. opsjonsavtale dagsett 14. oktober 2016
  - c. låneavtale dagsett 14. oktober 2016
  - d. tilleggsavtale dagsett 12. mai 2017 og
  - e. ev. attverande rettar og pliktar i aksjonæravtale dagsett 14. oktober 2016.
3. I samband med avviklinga overtek Sogn og Fjordane fylkeskommune F1 Holding AS sine rettar etter bankgarantien utferda av Sparebanken Vest dagsett 22. mai 2017.
4. Fylkestinget ber generalforsamlinga i F1 Holding AS velje følgjande som avviklingsstyre i selskapet:
  - a. Jan Øhlckers
  - b. Aleksander Øren Heen
5. Ev. likvidasjonsoverskot som fylkeskommunen får utdelt etter aksjelova § 16 - 9 vert tilført ubunde kapitalfond «Fjord1».

*FT-sak 48/17: Medeigarskap i BT Signaal AS/Sørvest Ferje AS*

Vedtak:

1. Fylkestinget løyver kr 1,056 mill. kr til kjøp av aksjekapital i Sørvest Ferje AS.
2. Løyvinga føreset at kapitalutvidinga vert på minimum 2,112 mill. kr.

*FT-sak 49/17: Invitasjon til å teikne aksjar i «Vitensenteret i Sogn og Fjordane».*

Vedtak:

1. Fylkestinget løyver 0,660 mill. kr til kjøp av 66 aksjar á kr 10 000, - i «Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS».
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune sin eigardel skal ikkje overstige 1/3 av aksjekapitalen. Dersom aksjeteikninga samla medfører ein høgare aksjekapital enn føresett minimumsnivå på 2 mill. kr, aukar fylkeskommunen sitt aksjekjøp for å oppretthalde 1/3 av samla aksjekapital. Dette er avgrensa til eit maksimalt fylkeskommunalt aksjekjøp av 105 aksjar - tilsvarende 1,050 mill. kr.
3. Løyvinga vert finansiert med bruk av kapitalfond.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å teikne tal aksjar ut i frå føresetnadane i pkt. 1 - 2.

*FU-sak 103/17: Sal av fylkeskommunen sine aksjar i Interoperabilitetstjenester AS*

Vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune tiltar den vedlagde aksjesalsavtalen mellom Entur AS og aksjonærane i Interoperabilitetstjenester AS, jf. vedlegg 2.

2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å signere den vedlagde sluttsetelen på vegner av fylkeskommunen, jf. vedlegg 2. Sluttsetelen gir styreleiar i Interoperabilitetstjenester AS fullmakt til å underteikne aksjesalsavtalen på fylkeskommunen sine vegner.
3. Den salsinntekt fylkeskommunen måtte få som følgje av eit sal av nemnde eigapost, vert tilført fylkeskommunen sitt kapitalfond.

*FU-sak 107/17: Avvikling av HAFS Utvikling AS*

Vedtak:

Fylkesutvalet ber Lutelandet Utvikling AS om å innleie ein prosess for avvikling av HAFS Utvikling AS.

**Eigarskapskontollar, selskapskontollar, mv.:**

*KU-sak 38/17: Prosess for gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt – endring av prosess vedteken i KU-sak 16/15.*

Vedtak:

1. Kontrollutvalet godkjenner prosess for gjennomføring av forvaltningsrevisjon datert 5. september 2017.

*FT-sak 42/17: Selskapskontroll 2017 – Overordna eigarstyring – rapport*

Vedtak:

1. Rapport etter gjennomført selskapskontroll av eigaroppfølginga til fylkeskommunen vert teken til vitande.

*FT-sak 43/17: Forvaltningsrevisjon – Nasjonal digital læringsarena – Rapport NDLA II*

Vedtak:

1.Fylkestinget sluttar seg til vedtaket frå fylkestinget i Hordaland fylkeskommune vedrørande forvaltningsrevisjonsrapporten NDLA II.

2.Fylkestinget ber eigarrepresentanten frå Sogn og Fjordane fylkeskommune sjå til at vedtaket som er fatta av fylkestinget i Hordaland fylkeskommune vert iverksett.

*KU-sak 55/17: Skriv, meldingar og orienteringar kontrollutvalet – 13. desember 2017*

*2. Status VIGO*

Kontrollutvalet vedtek å delta i selskapskontrollen av VIGO, jf. vedtak i KU-sak 28/17 og etter prosjektplan datert 13.11.2017.

## 2018

**Valsaker:**

Hovudutvala sine oppnemningar av medlemer til råd og styre er ikkje tekne med i denne oversikta.

*FU-sak 7/18: Skipingsmøte Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS*

Vedtak:

3. Fylkesutvalet peikar ut følgjande som eigarrepresentant og vararepresentant til stiftingsmøtet:

- a. Eigarrepresentant: Fylkesordføraren.
- b. Vararepresentant: Fylkesvaraordføraren.

4. Fylkesutvalet nominerer følgjande som styremedlem og personleg varamedlem til selskapet:

- a. Styremedlem: Ole Johnny Stubhaug.
- b. Varamedlem: Senea Sabanovic.

*FU-sak 14/18: Val av medlem til representantskapet for Nasjonal digital læringsarena (NDLA)*

Vedtak:

Fylkesutvalet vel leiaren i hovudutvalet for opplæring til medlem av representantskapet for Nasjonal digital læringsarena (NDLA) frå 1.04 2018. Som varamedlem vert vald nestleiaren i hovudutvalet for opplæring.

**Andre saker:**

*FT-sak 5/18: Overføring av fylkeskommunal lånegaranti for Førdepakken til Ferde AS*

Vedtak:

1. Sjølvskuldnargarantien gjeve til Førdepakken bomselskap AS i FT-sak 43/13, på samla 600 mill. kr, vert overført til Ferde AS. Garantien gjeld låneopptak til prosjekt i Førdepakken, og varer til 31.12.2027.

2. Garantien skal godkjennast av kommunal- og moderniseringsdepartementet, jf. kommunelova § 51, 1 pkt.

*FT-sak 11/18: Sogn og Fjordane fylkeskommune sin eigarskap i SF-revisjon IKS*

Vedtak:

1. Fylkestinget slutter seg til kontrollutvalet si innstilling til fellesnemnda om at Vestland fylkeskommune vel å nytte interkommunal rekneskapsrevisjon og konkurranseutsetting for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.
2. Om fellesnemnda kjem til ein annan konklusjon, vert avtalen med SF-revisjon IKS sagt opp med verknad frå 01.01.2020.

*FT-sak 13/18: Fylkestinget sitt årlege møte med Sogn og Fjordane Energi AS*

Sogn og Fjordane Energi AS orienterte fylkestinget om hovudtrekka i årsmeldinga og årsrekneskapen, aktuelle saker m.m.

*FT-sak 20/18: Justert eigaravtale med Innovasjon Norge 2018*

Den fylkeskommunale administrative eigargruppa og Nærings- og Fiskeridepartementet har, som følgje av endring av lov om Innovasjon Norge, gjennomgått gjeldande eigaravtale mellom staten og fylkeskommunane.

Vedtak:

1. Fylkestinget i Sogn og Fjordane står forslag til endringar i eigaravtala for Innovasjon Norge
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune gir fylkeskommunal eigargruppe i oppdrag å utarbeide forslag til avtale om ivaretaking av det fylkeskommunale eigarskapet i Innovasjon Norge.

*FT-sak 21/18: Eigarstrategi for felles eigarskap mellom NFD og fylkeskommunane*

I justert eigaravtale mellom staten, ved NFD, og fylkeskommunane står det at eigarane skal utarbeide felles eigarstrategi. Eigarstrategien skal regulere samarbeidsforholdet mellom staten og fylkeskommunane eller -regionane som eigarar. Strategien skal også vise satsingsområde og styringssignal som det er semje om, slik at eigarane i fellesskap kan drive eit aktivt og dynamisk eigarskap.

Vedtak:

Fylkestinget i Sogn og Fjordane godkjenner framlagt eigarstrategi som grunnlag for oppfølging av det administrative arbeidet med Innovasjon Norge.

*FT-sak 31/18: Økonomiplan 2019-2022*

I samband med handsaminga av FT-sak 31/18 Økonomiplan 2019-2022 tok fylkestinget stilling til eit eventuelt kjøp av nytt opplæringsfartøy, mellom anna på bakgrunn av rapporten Skulefartøy Måløy konsept og budsjettpris, utarbeidd av Maritime Engineering for selskapet. Fylkestinget vedtok å løye 100 mill. kroner til nytt opplæringsfartøy. Det er førebels føresett at fylkeskommunen kjøper/byggjer båten sjølv og vert eigar av denne. Ved å eige båten sjølv, vert det føresett at vi får kompensert meirverdiavgifta knytt til investeringa.

*FU-sak 6/18: Stiftinga Norsk Sjøfuglsenter – møte mellom styret og stiftarane*

Vedtak:

1. Fylkesutvalet peikar ut følgjande til å representera fylkeskommunen på møtet mellom styret og stiftarane og styret i Stiftinga Norsk Sjøfuglsenter 25. januar 2018: Fylkesordføraren.
2. Fylkesutvalet stiller seg positivt til at styret i Stiftinga Norsk Sjøfuglsenter vurderer endring av organisasjonsform for å betre den økonomiske situasjonen til senteret. Fylkesutvalet understrekar at det er viktig for fylkeskommunen at Sjøfuglsenteret - uansett organisasjonsform - arbeider i samsvar med Sjøfuglsenteret sitt føremål, og ber ovannemnde representant formidle dette i møtet.

*FU-sak 7/18: Skipingsmøte Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS*

Vedtak:

1. Fylkesutvalet godtek vedtekene til Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS, med følgjande merknad til § 6: Med dagens eigarforhold i selskapet skal styresamsetninga følgje reglane i aksjelova § 20 - 6, jf. kommunelova § 80 a.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune sin styremedlem i selskapet bør ikkje veljast som styreleiar.

*FU-sak 10/18: Eigarskapen i SFE AS – søksmål og vidare forhandlingar.*

Vedtak:

Som ledd i oppfølginga av fylkestinget sitt vedtak i sak 49/16 om å arbeide for å sikre at verdiane som ligg i den fylkeskommunale eigarskapen i SFE AS blir verande i dagens Sogn og Fjordane, gjer fylkesutvalet slikt vedtak:

1. Etter utløpet av fristen som er sett i utkastet til prosessvarsle, reiser Sogn og Fjordane fylkeskommune eventuelt fastsettjingssøksmål mot BKK AS for å få ei rettsleg avklaring av om fylkeskommunen sin eigarskap i Sogn og Fjordane Holding AS kan organiserast med aksjeklassar utan at dette utløyer forkjøpsrett til Sogn og Fjordane Holding AS sine aksjar i Sogn og Fjordane

Energi AS. Fylkeskommunen reiser det eventuelle søksmålet etter dei modellane for overdraging av aksjar som følgjer av pkt. 3.2 i vedlegg 2.

2. Fylkesutvalet ber samstundes fylkesrådmannen forhandle nærmare med BKK AS med sikte på at selskapet skal gå heilt ut av Sogn og Fjordane Energi AS.

3. Dette vedtaket, samt vedlegg 2, er offentleg etter at BKK AS har motteke prosessvarselet, jf. vedlegg 2.

#### *FU-sak 12/18: Etablering av sekretariat for Nordsjøkommisjonen på Vestlandet*

Vedtak:

1. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane meiner Vestlandsrådet på noverande tidspunkt bør trekke den ikkje-bindande søknaden om å vere vertskap for eit permanent sekretariat i Nordsjøkommisjonen for perioden 01.06.2018 – 31.12.2021.

2. Det er per i dag ikkje tilslutnad frå alle dei norske medlemsfylka om å medverke i eit spleiselag på finansieringssida. Meirkostnaden for Vestlandsrådet, eller den fylkeskommunen som eventuelt tek på seg ei slik rolle, vil difor vere stor.

3. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane meiner det nye vestlandsfylket, med dagens Sogn og Fjordane og Hordaland, bør vurdere å ta på seg sekretariatet for Nordsjøkommisjonen etter at sekretariatsperioden 01.06.2018 – 31.12.2021 er over.

#### *FU-sak 15/18: Skiping av Sinjarheim SA – SJH som medstiftar*

Vedtak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune vert medstiftar av Sinjarheim samvirkeføretak.

#### *FU-sak 27/18 Skriv og meldingar fylkesutvalet*

##### *17. Singerheimen – orientering til stiftar Sogn og Fjordane fylkeskommune*

Styret i stiftinga orienterte stiftar Sogn og Fjordane fylkeskommune ved brev om at Singerheimen er i ein vanskeleg økonomisk situasjon. Styret vil etablere dialog med Stiftelsestilsynet om kva moglegheiter Singerheimen har vedkomande avvikling av stiftinga eller sal av eigedomen.

Vedtak:

Fylkesutvalet støttar styret si tilnærming til saka, jf. pkt. 1 i styre vedtak datert 18.01.18.

#### *FU sak 44/18: Søknad om støtte til avvikling av Stiftinga Norsk Sjøfuglsenter*

Fylkesutvalet løyvde 15 000 kr til arbeidet med avvikling av Stiftinga Norsk Sjøfuglsenter.

#### **Eigarskapskontrollar, selskapskontrollar, mv.:**

##### *FT-sak 3/18: Forvaltningsrevisjon – Musea i Sogn og Fjordane – rapport*

Vedtak:

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon av «Musea i Sogn og Fjordane» ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Stille krav til rapportering frå MiSF i samband med tildeling av driftstilskot.

2. Vurdere å utarbeide rutinar som gjer det tydeleg korleis fylkeskommunen skal følgje opp tildelt driftstilskot, og dei forventningar som er formidla ved tildeling av tilskot til MiSF .

3 Utarbeide rutinar, årshjul eller liknande der faste møtepunkt mellom fylkeskommunen og MiSF er inkludert, og der det går fram både kven som er ansvarleg for å gjennomføre møta og kva som er føremålet.

4. I samarbeid med MiSF, gjere ei formell avklaring av roller og ansvar når det gjeld dei konkrete sakene det blir vist til i rapporten, og også meir generelt med tanke på eventuelle tilsvarende saker i tida framover.

5. Laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 06.08.2018 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon av «Musea i Sogn og Fjordane» oppmodar fylkestinget Stiftinga musea i Sogn og Fjordane å syta for å:

1. Sikre at det med utgangspunkt i stiftinga sitt føremål blir fastsett tydelege og oppdaterte mål og delmål for MiSF, og at det blir etablert system for jamleg evaluering av måloppnåing.

2. Sikre at ansvarsdeling og forventingar i organisasjonen blir tydeleggjort gjennom arbeidet med organisasjonsutvikling som no er sett i gang i MiSF.

3. Vurdere å utarbeide ein plan med tilhøyrande tiltak for å arbeide med felles kulturbygging på tvers av avdelingane

4. I samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune, gjere ei formell avklaring av roller og ansvar når det gjeld dei konkrete sakene det blir vist til i rapporten, og også meir generelt med tanke på eventuelle tilsvarende saker i tida framover.

5. Laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 06.08.2018 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

## **2. Rammer for oppfølging av eigarskapen – reglar og fylkeskommunale retningsliner**

### ***2.1 Interessekonflikt mellom eigarinteresser, selskapsinteresser og forvaltningsoppgåver – nokre problemstillingar***

Fylkeskommunen opptrer både som offentleg organ som handsamar forvaltningsoppgåver, og som privat eigar med eigarinteresser. Denne rolleblandinga kan føre til spørsmål om interessekonflikt.

For det første kan private eigarinteresser i ulike selskap skape interessekonflikt når fylkeskommunen skal fatte avgjerd i enkeltsaker. Då kan det hende at omsynet til at forvaltning av ressursar skal gagne samfunnet og dei som bur i fylket, vert utfordra av omsynet til eigarinteressene til fylkeskommunen. Her vil folkevalde og tilsette kunne oppleve lojalitetskonflikt ved utøvinga av dei ulike rollene.

For det andre kan den enkelte folkevalde eller tilsette i fylkeskommunen ha styreverv i eit selskap som fylkeskommunen har eigarskap i og/eller utøver forvaltningsmynde overfor. Dette kan skape interessekonflikta når den folkevalde/tilsette skal vere med å legge til rette for- eller fatte ei avgjerd. Utfordringa er at eit styreverv er personleg og skil seg frå rolla som folkevald/tilsett i offentleg organ. Det er i slike tilfelle viktig å ha ei medviten haldning til sine roller, kva omsyn som ligg til dei ulike rollene og til kva tid dei ulike omsyna kan tilleggjast vekt. Vurderinga må gjerast for å hindre at det oppstår tvil om ei fylkeskommunal forvaltningsavgjerd er fatta på sakleg grunnlag.

#### **Utanforliggande/usaklege omsyn i forvaltninga**

Fylkeskommunal forvaltning må bygge på omsyn som er saklege og relevante i saka<sup>4</sup>. Ein offentleg tenestemann- eller kvinne skal skilje mellom fellesinteresser og private interesser ved handsaming av forvaltningssaker<sup>5</sup>. Ein folkevald kan ikkje legge til grunn omsyn som spring ut frå private interesser, anten dette gjeld styrearbeid i eit selskap eller anna<sup>6</sup>. Dette vil vere å rekne som usaklege og/eller utanforliggande omsyn.

#### **2.1.1 Døme på tilfelle der interessekonflikt kan oppstå i forvaltninga når fylkeskommunen er eigar i selskap**

Fylkeskommunen sin eigarskap kan føre til utfordringar i utøvinga av forvaltningsmynde og folkestyre til dømes ved

- utforming av konsesjonsvilkår innan transport og energisektoren
- utøving av fylkeskommunalt reguleringsmynde på andre konkurranseutsette område, i tilfelle fylkeskommunen har eigarskap i selskap som driv verksemd innanfor dette området
- tildeling av konsesjonar innanfor sektorar der fylkeskommunen også utøver næringsverksemd
- anbodskonkurransar
- at fylkeskommunen gjer seg stadig meir økonomisk avhengig av inntekter frå slike selskap i høve utøving av primærverksemada knytt til folkestyre og utøving av forvaltningsmynde

## **2.2 Reglar om habilitet – folkevalde i ulike roller**

### **2.2.1 Generelt**

Fylkestinget si oppfatning er at både rolleforståing og habilitet må handterast på ein måte som ikkje er egna til å så tvil om at ei avgjerd er teken på sakleg grunnlag. Dette gjeld særleg i eigarsaker der styremedlemer og medlemer av generalforsamlingar, representantskap eller andre eigarorgan (eigarrepresentantane) er representerte i folkevalde organ.

<sup>4</sup> Eckhoff/Smith, Forvaltningsrett, 8. utgåve, s. 366.

<sup>5</sup> Eckhoff/Smith, Forvaltningsrett, 8. utgåve, s. 187.

<sup>6</sup> Eckhoff/Smith, Forvaltningsrett, 8. utgåve, s. 371.

## Dei to viktigaste omsyna i høve fylkeskommunal utøving er

1. at alle avgjerder blir tekne av uhilda personar
2. å hindre at habilitetsreglane blir utvida utover lovkrava, slik at folkevalde urettvist blir avskorne frå retten og plikta til å delta i saker organet får til handsaming

For å identifisere dei folkevalde sine ulike roller og synleggjere rollene for ålmenta, er det viktig at alle medlemer i fylkestinget registrerer sine interesser – både økonomiske og politiske – i styrevervregisteret. Dette vert gjort på [www.styrevervregisteret.no/](http://www.styrevervregisteret.no/).

Fylkestinget er av den oppfatning at slike økonomiske og politiske interesser på generelt grunnlag sjeldan vil utløyse inhabilitet med mindre det er særskilde høve som knyter seg til vedkomande person eller sak. Dersom omgrepet ugildskap vert strekt for langt, vil det medføre ei innsnevring av det politiske handlingsrommet. Dette kan til slutt ramme rekrutteringa til politisk verksemrd. Det er også eit poeng at denne type interesser og engasjement nettopp fører ein del menneske inn i politikken.

Habilitetsspørsmålet er relevant allereie på tidspunktet for utpeiking av styremedlem, sjå punkt 2.5.2 Retningsliner for fylkeskommunen si utpeiking av styremedlemer.

### **2.2.2 Reglane om habilitet**

#### **Habilitetsregelen i forvaltningslova**

Ein offentleg tenestemann/-kvinne er ugild til å legge til rette grunnlaget for, eller til å treffe avgjerd i ei forvaltingssak dersom eitt eller fleire av vilkåra i forvaltningslova (fvl.) § 6 er oppfylte. Habilitetsreglane gjeld der saka er venta å munne ut i «en avgjørelse». Folkevalde representantar i fylkeskommunale kollegiale organ er omfatta av reglane.

Omgrepet «avgjørelse» skal forståast vidt. Omgrepet er ikkje definert i forvaltningslova, men famnar vidare enn vedtaksomgrepet slik det er definert i forvaltningslova § 2 første avsnitt bokstav a. Avgjerder som ledd i alle typar forvaltningsverksemrd, også privatrettslege avgjersler som til dømes avgjerder i eigarsaker, er omfatta av omgrepet. Føresegna i fvl. § 6 første avsnitt viser høve som automatisk medfører ugildskap, og som dermed er uproblematisk å handtere.

Desse høva er når ein

- sjølv er part i saka
- er i slekt eller svogerskap med ein part i opp- eller nedstigande line eller i sideline så som søsken
- er gift med eller forlova med eller er fosterfar, fostermor eller fosterbarn til ein part
- er verje eller fullmektig for ein part i saka eller har vore det før saka byrja
- er **leiar eller har leiande stilling** i, eller er **medlem av styret eller bedriftsforsamling** for anten eit samvirkeføretak, foreining, sparebank eller **stifting** som er part i saka, eller eit **selskap** som er part i saka. For sistnemnde (selskap) gjeld det likevel ikkje for ein person som utfører tenester eller arbeid for selskap som er fullt ut offentleg eigd og dette selskapet, åleine eller saman med andre tilsvarande selskap eller det offentlege, fullt ut eig selskapet som er part i saka

Ein fylkestingmedlem vil vere ugild etter første avsnitt når fylkestinget skal handsame ei sak der selskapet er part og fylkestingmedlemen er medlem av styret, den daglege leiinga eller sit i bedriftsforsamlinga for dette selskapet, utan omsyn til om selskapet er privat eller offentleg eigd. Dette gjeld likevel ikkje i reine orienteringssaker som ikkje skal munne ut i ei avgjerd.

Eit selskap er som regel part i saka når ei avgjerd er «rettet mot eller ellers direkte gjelder» selskapet, jamfør fvl. § 6 første avsnitt. Det omfattar mellom anna tilfella der organet utover mynde retta mot selskapet, dersom det vert gjennomført kontrollhandlingar mot selskapet eller, saker som involverer eigarstyring av selskapet. Ved handsaming av fylkeskommunen si eigarmelding vil det avgjerande vere kor direkte dokumentet er retta mot det konkrete selskapet. Lista er ikkje uttømmande.

Rutinen ved handsaming av eigarmeldinga i fylkesutvalet og fylkestinget er at det vert stemt over kvar enkelt tilråding med tanke på fortsett eigarskap for kvart enkelt selskap, slik at folkevalde

som er ugilde ovanfor eitt selskap, har høve til å ta del i avgjerder som rettar seg mot andre selskap.

Denne regelen gjeld ikkje for valde utsendingar til eigarorgana i selskapa, her generalforsamlingane, representantskap og føretaksmøte, og omfattar heller ikkje medlemer av andre organ i selskapa enn styre og bedriftsforsamlingar.

Det følgjer av andre avsnitt i fvl. § 6 at "andre særegne forhold", som til dømes personlege fordeler og ulemper for den folkevalde eller nærståande, kan føre til at den folkevalde må avstå frå å legge grunnlaget for ei avgjerd eller til å treffe avgjerd i ei forvaltnings sak.

Ein vil ikkje utan vidare kunne nytte fvl. § 6 andre avsnitt til å fastslå ugildskap for tilfelle der lovgjevinga direkte har fastsett at reglar om automatisk ugildskap ikkje skal gjelde. I slike tilfelle må det krevjast noko «særlig» i tillegg.

Eit selskap som ikkje direkte er part i ei sak som er til handsaming i folkevalt organ, kan likevel kunne få fordeler eller ulemper av saksutfallet. Ein folkevald som er leiar eller styremedlem i selskapet vil i slike tilfelle ikkje automatisk bli ugild etter fvl. § 6 første avsnitt bokstav e. Han eller ho kan derimot etter ei konkret vurdering vere ugild etter fvl. § 6 andre avsnitt.

Vurderingstemaet blir om dei ytre høva i saka generelt og objektivt sett er eigna til å svekke tilliten til den folkevalde. Praktiseringa av andre ledd er basert på folkevald skjønn

Fylkeskommunen bør ha som hovudregel at tilhøve som gjeld konkurranse med private aktørar, t.d. konsesjonssaker, vil utløyse ugildskap for folkevald som sit i eigarorgan til selskap som avgjerala rettar seg mot.

Fylkestinget vurderer det slik at den folkevalde likevel må kunne vere med å diskutere og ta avgjelder i alminnelege politiske spørsmål, sjølv om det er saker som kan påverke verksemda sitt interessefelt.

### **Nærare om habilitet i kommunelova § 40**

Etter kommunelova. § 40 nr. 1 og 2, har folkevalde både rett og plikt til å delta i møta i det fylkeskommunalt folkevalde organet og til å delta i handsaminga av saker og røyste for vedtak. Ugildskap kan føre til at denne retten og plikta må vike. Regelen i § 40 nr. 4 seier at organet kan frita ein medlem frå å delta i handsaminga av ei sak når vedkommande ber om det og "vektige personlige grunner tilslår dette". Denne regelen er ikkje meint å skulle brukast som ein habilitetsregel, men gjer til at ein kan sleppe å gå inn i vanskelege grensespørsmål knytt til inhabilitet, viss ein medlem ikkje ønskjer å delta i handsaminga av ei sak<sup>7</sup>.

Det er òg særreglar om habilitet for fylkeskommunalt tilsette og folkevalde i kommunelova § 40 nr. 3, som gjeld i tillegg til reglane i fvl. § 6. Folkevalde og tilsette kan verte inhabile til dømes dersom dei har vore med å leggje til rette for ei avgjerd på eit tidlegare stadium i ei sak.

### **Nærare om habilitet i anbodssaker**

Fylkestinget er av den oppfatning at styremedlemer vil vere inhabile i all handsaming frå og med utarbeiding av anbodsgrunnlag og fram til endeleg avgjerd om kven som får tildelt kontrakt. Dette gjeld styremedlemer i selskap som driv si verksemd innanfor den marknaden anboden gjeld. Årsaka til dette er at ein ved utforming av anbodsgrunnlaget mellom anna fastset tekniske spesifikasjoner på materiell. Deltek til dømes styremedlemer i selskap innanfor sektoren i arbeidet, eller er med på å godkjenne anbodsgrunnlaget i konkurransen, kan dette utløyse grunngjevne skuldingar om at vedkomande har hatt høve til å medverke til gunstige spesifikasjoner for sitt selskap.

Fylkestinget er av den oppfatning at det vil vere urimeleg å la slike medlemer stå utanfor alminnelege politiske drøftingar om fylkeskommunal rutetrafikk.

For meir om vurdering av folkevalde sin habilitet viser fylkestinget til Kommunal- og regionaldepartementet sin rettleiar om temaet<sup>8</sup>.

<sup>7</sup> Jf. kommentarutgåva til kommunelova forfatta av professor i forvaltningsrett Jan Fridtjof Bernt.

<sup>8</sup> [http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd/dok/veiledninger\\_brosjyrer/2011/habilitet-i-kommuner-og-fylkeskommuner.html?id=653489](http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd/dok/veiledninger_brosjyrer/2011/habilitet-i-kommuner-og-fylkeskommuner.html?id=653489)

## **2.3 Reglar om det offentlege sin innsynsrett i eigarskapssaker**

Utgangspunktet etter offentleglova (offl.) er at ålmenta skal ha rett til innsyn i forvaltninga sine saksdokument. Innskrenkingar i denne innsynsretten må vere heimla i lov eller forskrift med heimel i lov.

I eigarskapssaker handsamar både administrasjonen og kollegiale organ saksdokument som fylkeskommunen har fått i eigenskap av å vere eigar. Slike dokument kan innehalde opplysningar som det *skal* gjerast unntak frå innsyn i. Lovheimel for dette følgjer av reglane i offl. § 13, jamfør fvl. § 13 om teiepliktige opplysningar. I andre tilfelle kan dokument innehalde opplysningar som *kan* unnatakas offentlegheit, mellom anna etter offl. § 23, 1. og 4. avsnitt. Sistnemnde lovheimel er den som vert nytta i dei fleste tilfelle der kollegiale organ får dokument til handsaming som eigar.

Det kan gjerast unnatak frå innsyn for dokument som gjeld selskap der fylkeskommunen har eigarinteresser, og som blir handsama av vedkomande organ som eigar, dersom selskapet ikkje er omfatta av verkeområdet til offentleglova, jf. offl. § 23, 4. avsnitt.

Denne unnataksregelen tek sikte på dokument som til dømes gjeld organiseringa av selskapet, føremål og målsetting for verksemda, økonomiske rammer og budsjett, eller meir konkrete spørsmål om strategi. Slike opplysningar må i alle høve vurderast opp mot reglane om det offentlege si teieplikt om forretningsmessige høve som det vil vere av konkurransemessing tyding å halde hemmeleg etter fvl. § 13.

Unntaket etter offl. § 23, 4. avsnitt kan ikkje nyttast når eigarorganet opptrer som forvalningsorgan – og ikkje som eigar – overfor selskapet.

Eit notat utarbeidd for fylkeskommunen si eiga saksførebuing, eller frå ekstern konsulent, kan innehalde informasjon om fylkeskommunen sin eigarskap. Slike notat kan i eigenskap av å vere interne og eksterne notat til den interne saksførebuinga verte unntaket offentlegheit etter offl. §§ 14 og 15.

Endeleg kan dokument som omhandlar fylkeskommunen sin forhandlingsposisjon når det kjem til privatøkonomiske interesser, som ved kjøp eller sal av eigardel, verte vurdert unntakne offentlegheit etter offl. § 23, 1. avsnitt.

## **2.4 Folkevalde som eigarrepresentant**

### **2.4.1 Kort om eigarorganet i eit selskap**

Eigarorganet er det øvste myndet i eit selskap. I aksjeselskap er dette generalforsamlinga, medan det i interkommunale selskap er representantskapet. Eigarorganet har ein alminneleg instruks- og omgjeringsrett overfor styret. Det er såleis gjennom eigarorganet at eigarane har moglegheit til å påverke styringa av selskapet.

Det er opent for at eigarorganet kan ta opp og fatte vedtak i ei kvar sak som gjeld selskapet. For aksjeselskap er det lovbestemt at det skal haldast ordinær generalforsamling kvart år. Generalforsamlinga i eit aksjeselskap vel styret, med mindre selskapet har bedriftsforsamling.

I tillegg til ordinære møte i eigarorganet, kan eigarorganet gjennomføre meir «uformelle» eigarmøte. På slike eigarmøte kan det ikkje gjerast vedtak som bind styret.

### **2.4.2 Krav til fylkeskommunen sin eigarrepresentant**

Fylkesutvalet har på vegner av fylkestinget peikt ut kven som skal sendast ut som aksjonær i eigarorgana til selskapet, og desse er i hovudsak medlemer av fylkestinget. For aksjeselskap og interkommunale selskap er dette den anbefalte løysinga. Fylkesutvalet sin praksis er at fylkesordførar og dernest fylkesvaraordførar vert vald som eigarutsending i selskap der fylkesutvalet meiner det er naudsynt at politisk leiar deltek. Elles er det praksis at andre folkevalde vert valde som eigarutsending.

Andre enn fylkestingsmedlemer kan også veljast som eigarutsendingar. I enkelte tilfelle vert tilsette frå fylkeskommunen sin administrasjon valde som eigarutsending. I andre tilfelle er andre kompetansepersonar med tilknyting til fylkeskommunen valde som utsending på vegner av

fylkestinget. Desse har såleis fått delegert ansvar og fått fullmakt til å møte på eigarmøte på vegner av fylkestinget.

Samhandling mellom fylkeskommunen sitt eigarorgan og eigarorganet i selskapet er ikkje regulert utover at eigarutøving skal skje på generalforsamlinga/i representantskapet. Det er difor viktig at retningslinene for kommunikasjon mellom eigarutsendingane og fylkesutvalet, som har delegert fullmakt som eigarorgan frå fylkestinget, vert følgde i forkant av generalforsamling/representantskapsmøte/føretaksmøte. Sjå punkt 3. Rutinar.

Eigarrepresentanten møter også på dei meir uformelle "eigarmøta". Eventuelt kan ein representant frå administrasjonen møte i tillegg.

Det er viktig at eigarrepresentanten kjenner til fylkeskommunen sine allmenne og spesielle eigarstrategiar, samt føremålet med eigarskapet i det aktuelle selskapet. Det er forventa at eigarrepresentanten utøver si rolle i tråd med dette, og det politiske fleirtal sine føringar. Sjå punkt 3.7 Eigarrepresentanten sitt ansvar overfor fylkeskommunen om rutinar for eigarrepresentanten.

### **2.4.3 Retningsliner for utpeiking av fylkeskommunen sine eigarutsendingar i dei ulike eigarorgana**

Eigarrepresentanten vil vere bunden av fylkesutvalet sin instruks. Fylkestinget ser det som hensiktsmessig å avgrense storleiken på representantskap og generalforsamlingar til det som er naudsynt og føremålstenleg. I spesielle saker og for enkelte selskap er det tilrådd at ein frå administrasjonen er med eigarutsendinga.

Val av representantar til eigarorgan i selskapa blir normalt gjort kvart fjerde år ved første konstituerande møte etter eit fylkestingaval.

Føresetnaden ved val av representantar til representantskapa i interkommunale selskap er at berre dei valde representantane kan møte, slik at andre ikkje vil ha hove til å møte med fullmakt. Det bør difor veljast vara for representantskapsmedlemene.

Sjå punkt 3.2.1 for informasjon om kva organ som har mynde til å peike ut eigarutsendingar.

## **2.5 Utpeiking av styrerepresentantar**

### **2.5.1 Fylkeskommunen sine krav til eigenskapar, kompetanse og styremedlemene si uavhengige stilling**

Fylkestinget har som eigar ansvar for at dei som sit i dei ulike styra har eigenskapar og kompetanse til å styre selskapet på ein god måte i samsvar med selskapet si verksemد, strategi og handlingsplan.

I eigarmeldinga for 2008 vert det synt til at det er lang praksis for at fylkestingsmedlemer vert peikt ut som kandidatar til styreverv i fylkeskommunalt eigde selskap.

Fylkestinget har fortsett praksisen med å ha folkevalde i ulike styreroller, og er samtidig oppteke av å medverke til at styret som kollegium skal representere god nok breidde og relevant kompetanse for selskapet. Det kan difor vere aktuelt å velje styremedlemer utan fylkeskommunal forankring.

Rolla som styremedlem er forskjellig frå rolla som folkevald sidan styrevervet er eit frivillig, personleg verv. Styremedlemen er personleg ansvarleg for å ivareta selskapet sine interesser til det beste for alle eigarane.

Sjå punkt 3.3 Opplæring av folkevalde som skal utøve eigarskap.

### **2.5.2 Prosedyrar for val av styremedlemer**

Styra i selskapa vert valde av dei operative eigarorgana, her generalforsamling/representantskap. Eigarane kan påverke valet av styret ved å gje føringar til sine representantar i eigarorganet. Nokre selskap har ein eigen valkomité som føreburer val av styre. I nokre selskap skal fylkeskommunen etter nærmare avtalar og vedtekter sjølv peike ut ein eller fleire representantar til styra. Elles kan vedtekten ha reglar om utpeiking av styremedlemene.

### **Avtalefesta prosedyre for val av styre**

Når fylkestinget eller fylkesutvalet vurderer om fylkeskommunen skal gå inn som ny eigar i aksjeselskap bør organet ta opp spørsmålet om å vedtekts- eller avtalefeste prosedyre for val av styre. Det vil vere ei god løysing at fleire av selskapa etablerer valnemnder som tek seg av arbeidet med å finne kandidatar til styret.

### **Styresamsetjing i konsernmodell**

Styret i morselskap bør ikkje sitte i styret til datterselskap fordi styret i morselskap er generalforsamling i datterselskap. Dette er viktig for å unngå rolleblanding i konsernforhold. Konserndirektøren kan vere representert i styra i datterselskapa. Fylkeskommunen er eigar i fleire selskap med konsernmodell og må vere bevisst denne problemstillinga.

### **Habilitetsvurdering og politisk representasjon i styra**

Fylkeskommunen bør ved utpeiking av styrerepresentantar vurdere om det kan oppstå ikkje-ynskjelege habilitetskonfliktar for den som vert utpeikt.

Når det er spørsmål om å velje folkevalde eller tilsette i fylkeskommunen til styrerepresentantar, bør organet som peikar ut vurdere kor ofte vedkommande kan verte ugild etter dei regler som er lista opp i kapittel 2.2.2 Reglane om habilitet. Dersom ugildskap ofte vil inntrefte, må organet vurdere om dette vil gjere det lite føremålstenleg å velje den aktuelle personen som styrerepresentant. Dette vil typisk gjelde sentrale folkevalde eller tilsette i leiarstillingar. Organet må sjølv vurdere om ulempene ved å velje slike personar som styrerepresentantar er større enn behovet for å ha den aktuelle personen i styret.

## **2.5.3 Reglar om kjønnsbalanse i styra**

### **Aksjeselskap der kommunar og fylkeskommunar har eigarmajoritet**

Stortinget vedtok våren 2009 krav om representasjon av begge kjønn i styra i kommunalt kontrollerte aksjeselskap. Kravet er lovfesta i kommunelova § 80 a som syner til aksjelova § 20-6 som regulerer kjønnsbalansen i statsaksjeselskap. For at eit aksjeselskap skal reknast for å vere eit kommunalt kontrollert aksjeselskap må kommunar og fylkeskommunar til saman eige minst to tredelar av aksjane i selskapet.

Aksjelova § 20-6, 1. avsnitt lyder slik:

«I styret i statsaksjeselskap skal begge kjønn være representert på følgende måte:

1. Har styret to eller tre medlemmer, skal hvert kjønn være representert.
2. Har styret fire eller fem medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst to.
3. Har styret seks til åtte medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst tre.
4. Har styret ni medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst fire, og har styret flere medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst 40 prosent.
5. Reglene i nr. 1 til 4 gjelder tilsvarende ved valg av varamedlemmer.»

### **Interkommunale selskap**

For interkommunale selskap er det krav om tilnærma 40 % kjønnsrepresentasjon i styra. Dette følgjer av IKS-lova § 10 jamfør aksjelova § 20-6.

### **Andre verksemder**

Fylkestinget anbefaler at eigarorganet uavhengig av organisasjonsform forsøker å oppnå balansert kjønnsrepresentasjon i styra for å betre utnytte eksisterande kompetanse i regionen.

## **2.5.4 Kort om styret sitt ansvar**

Forvaltninga av aksjeselskap og interkommunale selskap (IKS) ligg til styret. Dette er heimla i aksjelova og IKS-lova. Det betyr at det overordna myndet og ansvaret for forvaltninga av selskapet ligg til styret. Styret skal også føre tilsyn med den daglege leiinga og selskapet si verksemd elles. Generalforsamlinga i aksjeselskap og representantskapet i eit IKS er selskapet sitt øvste organ, men dei deltek ikkje i den daglege forvaltninga av selskapet.

Styret er ansvarleg for at selskapet vert forvalta lojalt i samsvar med føremålet med selskapet. Styret skal altså sørge for at selskapet realiserer målet som eigarane hadde ved etableringa av selskapet, og i kva lei selskapet skal styrast.

## **2.6 Retningsliner for eigarutøving overfor selskapet**

### **2.6.1 Rammer for eigarutøving**

Utgangspunktet i selskapslovgjevinga er at aksjonærar utøver eigarskap gjennom generalforsamlinga. Generalforsamlinga kan treffe vedtak i alle saker som gjeld selskapet, med mindre lova legg mynde til å fatte avgjerd til andre organ (t.d. bedriftsforsamlinga i selskap som har slik).

Som selskapet sitt øvste mynde, kan generalforsamlinga instruere andre selskapsorgan, gjere om deira avgjerder eller direkte treffe vedtak i sakene til andre selskapsorgan med mindre lova eksplisitt tek frå generalforsamlinga dette myndet.

Utøving av mynde skjer altså i generalforsamlinga. Som utgangpunkt må instruksjon av styret eller enkelte styremedlem skje gjennom fleirtalsvedtak i generalforsamlinga. Utover generalforsamlinga er aksjonærar si eigarutøving ikkje eksplisitt lovregulert.

Fylkeskommunen meiner samspelet mellom eigar, styre og leiing i eit selskap er viktig. Dersom desse ikkje er samde om retninga verksamda skal velje, og heller ikkje om kva forventningar partane har til måloppnåing, kan dette stille selskapet i ein uheldig posisjon.

Det er difor naturleg å ha dialog med selskapa også utanfor generalforsamlinga. I punktet nedanfor har fylkeskommunen sett opp eigne retningslinjer for korleis eigardialog skal gjennomførast. Retningslinene gjeld både i og utanfor generalforsamlinga. I eigardialogen utanfor generalforsamlinga, vert det særleg stilt krav til at prinsippa bak retningslinene vert følgde.

### **2.6.2 Eigardialogen**

Fylkeskommunen oppmodar selskap vi eig til å fastsette retningslinjer for kontakt selskapet har med aksjeeigarar utanfor generalforsamlinga, i samsvar med anbefalingane til NUES. Dersom eit styre har vedteke eigne retningslinjer for slik kommunikasjon, må fylkeskommunen som eigar ta omsyn til desse ved utøving av eigarrolla.

Eigarutøving skal skje på generalforsamlinga. Fylkeskommunen brukar kvartalsresultat og årsmeldingar, anna offentleg tilgjengeleg informasjon, generalforsamling og eigardialogen for å få relevant informasjon om selskapet. Fylkeskommunen kan utover dette, og innanfor selskapslovgjevinga, ha møte/kontakt med selskapet si leiing og styre som ein del av eigaroppfølginga. I desse møta kan fylkeskommunen, som andre aksjeeigarar, ta opp høve som selskapa bør vurdere i tilknyting til si verksemnd og utvikling. Kontakten kan dreie seg om problemstillingar knytt til samfunnsansvar, forventa utbyte, konkrete krav om tiltak for å betre lønsemnd, sosiale høve, kompetanse, konkurranse, kapitalbehov og selskapet sine eigne moglegheiter for å hente kapital, m.m. Her vil utgangspunktet naturleg vere måla til eigarane med eigarskapet og forventningar til selskapet. Eigar må vidare kunne følgje opp om leiinga i selskapet handlar i tråd med deira interesser. Eigar kan krevje at selskapet rapporterer på dei høve som er vorte teke opp med selskapet og om korleis selskapet vert styrt.

Det kan vere hensiktsmessig at eigar går i dialog med styret for å formulere eit tydeleg eigarmål for eigarskapen i selskapet. Her kan det stillast klare krav til selskapet, ut i frå selskapet sin eigenart, marknad og risiko. Behovet for slik dialog må avgjerast konkret for kvart enkelt selskap.

Eigardialogen må tilpassast kvart selskap, slik at den er mest mogleg relevant ut frå selskapet sin eigenart, risiko og verksemnd.

Fylkestinget legg til grunn at styret har ansvaret for korleis fylkeskommunen sine forventningar best kan følgjast opp og rapporterer på ein hensiktsmessig måte. Fylkeskommunen legg til grunn at selskapa rapporterer om vesentlege tilhøve. Dersom selskapa avviker frå fylkeskommunen sine forventningar, noko det kan vere gode grunnar for å gjere, forventar fylkestinget at selskapa forklarer dette («følg eller forklar»-prinsippet).

Regelen er at fylkeskommunen som eigar rettar seg mot leiari i saker som gjeld selskapet. Styreleiar avgjer kven som skal delta i dialogen frå selskapet si side, inkludert administrasjonen. Møte med leiinga må handterast innanfor dei rammene som følgjer av selskapslovgjevinga, og i tråd med omsynet til likehandsaming av aksjeeigarar.

For SFE AS inviterer fylkestinget til eit årleg møte med eigarrepresentanten og leiinga i selskapa. Dette møtet vert normalt gjennomført i byrjinga av juni. Representantar frå selskapet orienterer fylkestinget om årsrekneskap og aktuelle saker.

For selskap der eigarposisjonen til fylkeskommunen er betydeleg, og der situasjonen tilseier det, er det rutine at fylkestinget oppmodar om at styreprotokoll vert send til fylkeskommunen. Fylkesrådmannen har bede dei selskapa det gjeld innarbeide dette som fast rutine. Dette er likevel ikkje noko fylkeskommunen har heimel til å instruere selskapet til. Det må i så tilfelle skje gjennom eit vedtak i generalforsamlinga.

### **Særleg om omsynet til likehandsaming av aksjonærar**

Eigarutøvinga til fylkeskommunen skal utøvast i tråd med mot prinsippet om likehandsaming av aksjonærar. I selskap der fylkeskommunen er aksjonær saman med andre, bør fylkeskommunen søke å opptre med same rettar og plikter som kvar annan aksjonær. For private aksjonærar har det mykje å seie at fylkeskommunen, som i enkelte selskap er dominerande eigar, ikkje utøver eigarskapen sin slik at andre aksjonærar sine rettar eller økonomiske interesser vert påverka negativt.

Dette prinsippet bør likevel ikkje vere til hinder for at fylkeskommunen, som andre eigarar, kommuniserer sine synspunkt om utviklingsretning for selskapa. Dette er tvert i mot ei viktig eigaroppgåve; å vere ein tydeleg eigar som set selskapet si verdiskaping i fokus.

### **Dialog og rapportering om samfunnsansvar, inkludert miljø og klima**

I utgangspunktet skal selskapa rapportere om ikkje-finansielle tema som verksemda sin klima- og miljøpåverknad. Oppfølging av samfunnsansvar bør følgje retningslinene for eigardialog som er lista opp ovanfor. Fylkeskommunen kan i tillegg vurdere å be enkelte selskap rapportere om miljø og klima utover det som følgjer av reknesakslova på bakgrunn av verksemda sin eigenart og marknaden den operer i. Ei slik rapportering vil måtte ta utgangspunkt i forventningar om mål og strategiar for selskapet. Som eigar må fylkeskommunen kunne gjere kjent sine synspunkt om samfunnsansvaret til selskapet. Fylkeskommunen forventar at ei eventuell rapportering vil følge «følg, eller forklar»-prinsippet.

Fylkeskommunen er oppteken av at selskapa gjer greie for dei viktigaste tilhøva når det gjeld samfunnsansvar. Dette vil kunne variere ut frå verksemda til selskapet og forventningane til fylkeskommunen på området. Fylkeskommunen meiner det er selskapa som er nærest til å gjere desse vurderingane, men fylkeskommunen kan òg ta opp tilhøve ved behov.

## **3. Rutinar for fylkeskommunal eigaroppfølging**

For å få eigarutøvinga til å vere effektivt og i tråd med politiske vedtak, er det naudsynt med gode rutinar. Føremålet med rutinane er å sikre god informasjonsflyt og kontakt mellom partane.

### **3.1 Roller og ansvar**

Kommunelova regulerer kva funksjon, rolle og ansvar fylkestinget, som øvste mynde i fylkeskommunen, har.

Kva mynde som er delegert til fylkesutvalet eller andre organ går fram av delegeringsreglementet til fylkeskommunen.

Samhandlinga mellom fylkestinget og oppnemnd eigarorgan er ikkje regulert i selskapslovgjevinga.

### **3.2 Rollefordeling i den fylkeskommunale eigarutøvinga**

#### **3.2.1 Rolla til fylkestinget, fylkesutvalet og hovudutvala**

Fylkesutvalet utøver eigarskapen på vegner av fylkestinget i dei fleste sakene om fylkeskommunal eigarskap, slik det følgjer av delegeringsreglementet. Fylkesutvalet førebur dei ulike selskapa sine eigarmøte og instruerer samstundes eigarutsendingane. Når fylkesutvalet inviterer eigarrepresentanten i eit selskap til å møte for å drøfte konkrete høve knytt til selskapet, skal utvalet supplerast med representantar frå dei partia som ikkje er medlem der.

## **Utpeiking av styremedlemer**

Når det gjeld utpeiking av styremedlemer til selskap, er hovudregelen at dette er hovudutvala si oppgåve, sjå delegeringsreglementet punkt 4.1 fjerde avsnitt:

*«Fylkeskommunen sitt mynde til å nemne opp representantar til styre, årsmøte m.v. i selskap, stiftingar, statlege organ o.l. er delegert til det hovudutvalet som organet naturleg høyrer under. Myndet ligg elles til fylkesutvalet.»*

For styra i Sogn og Fjordane Holding AS og Sogn og Fjordane Teater L/L er det i vedtekter/eigaravtale lagt opp til at fylkestinget eller fylkesutvalet skal føreslå kandidatar til styra.

Det er lagt inn informasjon i Del II for dei selskapa der fylkeskommunen har peikt ut eigne representantar i styret.

### **Val av eigarrepresentant**

Fylkestinget sitt mynde til å peike ut representantar til generalforsamlingar i aksjeselskap er delegert til fylkesutvalet når eigaposten er minst 100 000 kr og som hovudregel til fylkesrådmannen når eigaposten er under 100 000 kr.

I FU-sak 101/12 vart det vedteke at det skal vere ei politisk vald utsending til generalforsamlinga i Sogn og Fjordane Teater, trass i at eigaposten er mindre enn 80 000 kroner. Sogn og Fjordane fylkeskommune eig 80 % av aksjane i Sogn og Fjordane Teater.

Det vart i FU-sak 32/07 vedteke at for selskap der eigarskapen er under 3 000 kr skal fylkeskommunen ikkje møte på generalforsamlinga. Dette gjeld per dags dato berre Kommunekraft AS.

Representantane til representantskapa i interkommunale selskap vert valde av fylkestinget i samsvar med kravet i IKS-lova.

### **Kjøp og sal av eigapost i selskap m.m.**

Fylkesutvalet har mynde til å vedta at fylkeskommunen skal vere med som opprettar ved opprettning av stiftingar, kjøpe aksjar i aksjeselskap eller lutar/medlemskap i andre selskap, sjå delegeringsreglementet punkt 4.5. På same måte kan fylkesutvalet vedta sal av aksjar og oppseiling av medlemskap i selskap.

Store og prinsipielle saker, og saker som treng ekstra budsjettloyming, skal fylkestinget avgjere.

## **3.2.2 Fylkesordføraren si rolle**

Fylkesordføraren har inga formell lovpålagd rolle i høve eigarskapen til fylkeskommunen, med mindre fylkestinget har gjort særskilde vedtak om obligatoriske oppgåver. Det er ikkje fatta slike vedtak i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Dette medfører at ordføraren ikkje har nokon annan funksjon når det gjeld fylkeskommunen sine eigarinteresser enn dei andre folkevalde, med mindre fylkesordføraren vert gjeve mynde av fylkestinget. Dersom fylkesordføraren deltek på eigarmøte som eigarutsending, representerer han eller ho det politiske fleirtal. Dersom fylkesordføraren sit i styret til eit av selskapa fylkeskommunen har eigarskap i, er dette eit personleg verv og han eller ho skal utføre dette vervet i samsvar med selskapet sine interesser.

## **3.2.3 Den folkevalde si rolle**

Den folkevalde har ei eigarrolle som medlem av fylkestinget. Den enkelte folkevalde har såleis inga eigarrolle som enkeltperson. Det same gjeld medlemene av fylkesutvalet eller andre politiske organ som er delegert mynde frå fylkestinget til å utøve ei eigarrolle.

## **3.2.4 Fylkesrådmannen si rolle**

Fylkesrådmannen har etter kommunelova ansvar for at alle saker som vert fremja til politisk handsaming skal vere forsvarleg utgreidde. Fylkesrådmannen sine utgreiingar er ein naturleg del av avgjerdsgrunnlaget for vedtak i eigarsaker. Fylkesrådmannen følgjer opp at fylkestinget sine uttrykte mål i eigarmeldinga vert realiserte.

Administrasjonen er med eigarrepresentanten i møte i dei største selskapa eller i spesielle situasjoner. Formålet er å sikre gode kommunikasjons- og informasjonsliner.

### **3.3 Opplæring av folkevalde**

Det er vedteke ein plan for opplæring av folkevalde om eigarrolla for å styrke den fylkeskommunale eigarskapen.

#### **Plan**

Innan seks månader etter fylkestingsvalet skal dei folkevalde få informasjon om selskapa sin status og opplæring i eigarrolla og rutinar for fylkeskommunal eigaroppfølging. Etter to år skal dei få eit oppfriskingsseminar.

#### **Innhald**

Det er viktig at dei folkevalde har kompetanse knytt til regelverket for eigarstyring og styringsrammer for selskapa. Dei folkevalde må få kunnskap om ulike roller som folkevald, styremedlem og representant i eigarorganet til selskapet. Det er behov for at dei folkevalde er merksame på dei ulike rollene, styringslinene og ansvarsfordelinga mellom dei ulike organa for å kunne utøve best mogleg aktiv eigarskap. Opplæringa vil klargjere korleis eigarkommunikasjon til eigarorganet i selskapet skal skje. Tidspunktet for opplæring vert bestemt av fylkesutvalet.

#### **Kurs for sentrale eigarrepresentantar**

Sentrale eigarrepresentantar vil få tilbod om å delta på KS-kurs i eigarrolla. Dette bør gjelde fylkesordføraren, fylkesvaraordføraren og fylkesrådmannen. Fylkesutvalet må ta stilling til om det er andre utover desse som skal få tilbod om slik opplæring, t.d. personar som er eigarrepresentantar for fleire selskap, og liknande.

#### **Kort om opplæring av styremedlemer**

Fylkestinget si oppfatning er at kvart enkelt selskap har sjølvstendig ansvar for opplæring av sine styremedlemar i rettslege rammer for selskapet og kunnskap om selskapets føremål, verksemd, vedtekter, organisasjon og historie. Som eigar gjev fylkeskommunen styrerrepresentantane naudsynt selskapsinformasjon i Del II – VERKSEMDSOVERSIKT, mellom anna om dei ulike selskapa sine føremål og fylkeskommunen sine føremål med eigarskapen. I enkelte tilfelle der fylkeskommunen direkte peikar ut representantar til styret, kan det etter ei nærmare vurdering vere føremålstenleg at fylkeskommunen gjennomfører ei eiga innføring eller opplæring for styrerrepresentanten.

### **3.4 Rutinar for utøving av fylkeskommunal eigarskap**

#### **Dialog mellom fylkesutvalet og eigarrepresentanten**

Det er fylkesutvalet som fortløpende utover eigarrolla på vegner av fylkestinget. Dette følger mellom anna av delegeringsreglementet punkt 4.1 og 4.5. Fylkeskommunen sin eigarskap i selskapet vert utøvd gjennom den valde representanten i det operative eigarorganet, eigarrepresentanten. Med eigarrepresentanten drøftar fylkesutvalet med jamne mellomrom eigarskapen til fylkeskommunen i dei ulike selskapa, og då særleg om den er i samsvar med eigarskapsføremålet, kva forventningar fylkeskommunen har til selskapet og om det er føremålstenleg å halde fram med eigarskapen. Rutinar for dette går fram av punkt 3.5 Rutinar for fylkestinget og fylkesutvalet si utøving av eigarstyring. God eigarskapsstyring er mellom anna å gje klære signal til eigarrepresentantane om fylkestingets mål og strategi med eigarskapen i det enkelte selskapet.

Eigarrepresentanten skal utøve fylkeskommunen sine interesser i selskapet, slik desse er kome til uttrykk hjå fleirtalet i fylkesutvalet. For aktiv eigarstyring er det difor viktig med dialog mellom fylkesutvalet og eigarrepresentanten før generalforsamlinga eller møte i representantskapet. Dette er nærmare omtala under kapittel 3.7 Eigarrepresentanten sitt ansvar overfor fylkeskommunen.

Ved eigarskapsutøving i aksjeselskap og interkommunale selskap skal fylkesutvalet særleg sikre at representantane i dei operative eigarorgana utover eigarinteressene til fylkeskommunen i samsvar med føringane til fylkestinget og i selskapslovgivinga.

Ei oversikt over kva forventningar fylkestinget har til dei ulike selskapa går fram av del II i eigarmeldinga. Rutinar for aktiv eigarskap går elles fram av 3.5 Rutinar for fylkestinget og fylkesutvalet si utøving av eigarstyring.

## **3.5 Rutinar for fylkestinget og fylkesutvalet si utøving av eigarstyring**

### **3.5.1 Generelt**

Eigarrepresentantane drøfter saker om, og eigarpolitikken, for kvart enkelt selskap med fylkestinget eller fylkesutvalet ved behov. Alle eigarrepresentantar har høve til å møte fylkesutvalet for å drøfte spesielle saker som omhandlar eigarskapen i selskapet. Slike saker skal meldast inn til fylkesordføraren før møtet. Fylkesutvalet kan også be ein eigarrepresentant om å møte i utvalet.

### **3.5.2 Rutinar ved innkalling til møte i eigarorgan**

Når eigarrepresentanten har motteke innkalling og sakliste til generalforsamling eller representantskapsmøte i selskapet, har ho eller han høve til å ta opp spesielle saker med fylkesutvalet. Gjeld saka utpeiking av styrerepresentantar, skal ho løftast til det hovudutvalet selskapet naturleg hører under. Mynde i slike valsaker ligg elles til fylkesutvalet. Eigarrepresentanten vil då få høve til å drøfte saka med det aktuelle utvalet, for å få styringssignal om eigarutøving for komande generalforsamling/representantskapsmøte.

Eigarrepresentantane eller vara møter på generalforsamling/representantskap. Her opptrer eigarrepresentanten i tråd med styringsinstruksane ho eller han har fått av det politiske fleirtalet i fylkesutvalet.

Etter ordinær generalforsamling/representantskapsmøte utarbeider eigarutsendinga ein skriftleg rapport til fylkesutvalet. Rapporteringsfristen er 31. juli. Rapporten skal omhandle hovudtrekka i årsrekneskapen, årsrapporten og andre viktige saker. Ein mal for denne rapporteringa er utarbeidd og ligg tilgjengeleg på fylkeskommunen sine nettsider<sup>9</sup>. Eigarrepresentanten skal ved innsending av rapporten legge ved innkalling til generalforsamlinga, årsmelding<sup>10</sup>, årsrekneskap, andre vedlegg til saklista og protokoll frå generalforsamlinga.

Rapportane frå utsendingane tener som grunnlag for den årlege eigarmeldinga del II.

Kvart år vert oppdatert eigarmelding lagt fram for fylkestinget i oktober. Her skal tinget ta stilling til om fylkeskommunen skal vidareføre eigarskapen i dei enkelte selskapa. I tillegg vert det teke stilling til om det er særskilde forventningar til dei einskilde selskapa framover. Dersom det er særskilde forventningar til selskapa, vert dette teke inn som eit eige punkt under presentasjonen av selskapet i eigarmeldinga del II.

### **3.5.3 Rutinar før møte i eigarorgan i selskapa**

Fylkeskommunen har ved melding oppmoda alle selskapa om å varsle både eigarutsending og fylkeskommunen om generalforsamling eller representantskapsmøte i god tid. Det er presisert at møtetidspunkt bør fastsettjast så tidleg som mogleg, medan saksliste og sakspapir kan sendast ut i samsvar med frist fastsett i lov eller vedtekter. I meldinga oppmodar fylkeskommunen om at selskapa sender innkalling til generalforsamling, årsrekneskap, årsmelding<sup>11</sup> og seinare protokoll frå møtet eller forsamlinga både til fylkeskommunen sitt postmottak og til eigarrepresentanten. Selskapa får tilsendt kontaktinformasjon om den enkelte eigarrepresentanten.

Dersom korkje den valde eigarrepresentanten eller vara kan møte på generalforsamlinga, er det i utgangspunktet ingen som møter for fylkeskommunen. Ei mogleg løysing i slike tilfelle er at den valde representanten gjev nokon annan fullmakt til å møte.

<sup>9</sup> <http://www.sj.no/verksemder-og-eigarskap.334847.nn.html>

<sup>10</sup> I 2017 vart rekneskapslova endra slik at plikta til å utarbeide årsmelding ikkje lenger gjeld for små føretak, sjå lov 15. desember 2017 nr. 105 om endringar i rekneskapslova mv. (forenklingar). Dersom det er usikkerheit om fortsett drift, må føretaka opplyse om dette i notane i rekneskapen.

<sup>11</sup> I 2017 vart rekneskapslova endra slik at plikta til å utarbeide årsmelding ikkje lenger gjeld for små føretak, sjå lov 15. desember 2017 nr. 105 om endringar i rekneskapslova mv. (forenklingar). Dersom det er usikkerheit om fortsett drift, må føretaka opplyse om dette i notane i rekneskapen.

## **3.6 Styrerepresentanten sitt ansvar overfor fylkeskommunen**

Det er ynskjeleg å sikre god kommunikasjon mellom eigar og selskapet. Fylkestinget ynskjer difor at styrerepresentanten syt for at styresaker som er av ein slik karakter at dei bør løftast opp til eigar, vert drøfta med eigarorganet gjennom fylkeskommunen sin eigarrepresentant.

## **3.7 Eigarrepresentanten sitt ansvar overfor fylkeskommunen**

Eigarrepresentanten er den som opptrer på fylkeskommunen sine vegner overfor selskapet.

Det er eigarrepresentantane i dei operative eigarorgana si oppgåve å utøve fylkeskommunen sine interesser i selskapa. Eigarstyringa skal gje uttrykk for fleirtalet i fylkestinget.

Eigarrepresentanten deltek på møte med fylkesutvalet, som fylkeskommunalt eigarorgan, når det er behov for det. Eigarrepresentanten rapporterer attende til fylkeskommunen etter generalforsamling/representantskapsmøte.

Fylkestinget ser det som føremålstenleg at eigarrepresentanten i det enkelte selskap ber om instruks frå fylkesutvalet i forkant av ordinært eigarmøte når dette er naturleg.

Denne rutinen skal gjennomførast for selskap der fylkeskommunen sin eigardel er minst 100 000 kr og dette utgjer minst 15 % av eigarskapen i selskapet, eller for selskap med lågare eigardel når det er viktig av strategiske omsyn.

## **3.8 Tilsyn og kontroll med fylkeskommunen sine interesser i selskapet**

Kontrollutvalet pliktar å sjå til at det vert gjennomført kontroll med forvaltninga av fylkeskommunen sine eigarinteresser, og med om eigarinteressene vert utøvde i samsvar med fylkestinget sine vedtak og føresetnader. Dette følgjer av kommunelova kapittel 12 og forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Eigarskapskontrollen handlar for det første om å kontrollere at organet som forvaltar fylkeskommunen sin eigarskap utøver dette myndet på den måten som er fastsett i gjeldande regelverk, til dømes aksjelova. Eigarskapskontrollen omfattar i tillegg ei vurdering av om den som utøver eigarinteressene gjer dette i samsvar med fylkeskommunen sine vedtak og føresetnader for forvaltninga av eigarinteressene. Dette er den obligatoriske delen av selskapskontrollen.

Dersom det vert avdekkta forhold i eigarskapskontrollen som tilseier at kontrollutvalet bør gjøre ytterlegare undersøkingar, kan utvalet få gjennomført forvaltningsrevisjon av selskapet. I selskap som er fullt ut eigde av fylkeskommunen åleine eller i lag med andre fylkeskommunar/kommunar kan det gjennomførast forvaltningsrevisjon.

I fylkestingsak 48/15 er det vedteke reglement for kontrollutvalet.

Kontrollutvalet skal innan utgangen av året, etter val av nytt utval er på plass, legge fram plan for selskapskontroll til fylkestinget. Fylkestinget vedtek plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll.

Fylkestinget vedtok i sak 42/16 ein plan for selskapskontroll for perioden 2016-2020. I punkt 3 i planen er metode for gjennomføring av selskapskontroll skildra.

Den gjeldande planen er teken inn i kapittel 10. Vedteke plan for selskapskontrollar for valperioden 2016-2020.

## Del II – VERKSEMDSOVERSIKT

### 4. Generelt om del II

Meldinga er skiven for det meste med grunnlag i verksemde sine årsrekneskap og årsmeldingar fra 2017, protokollar og utsendingane sine rapportar frå generalforsamling/representantskapsmøte i 2018, selskapsavtalar og vedtekter.

Meldinga omhandlar alle dei selskapa fylkeskommunen har eigarskap i. I tillegg kjem ein kort omtale om fylkeskommunen som selskapsmedlem i Kommunal Landspensjonskasse (KLP).

Verksemde er først delt inn i type selskapsform: interkommunale selskap, aksjeselskap inkl. særlovselskap, interkommunale samarbeid, gjensidige selskap og stiftingar.

Aksjeselskapa er lista opp etter type verksemd:

- Finansielle mål: SFE AS, Sogn og Fjordane Holding AS og F1 Holding AS.
- Næringsutvikling: til dømes Fjord Invest Såkorn AS .
- Fylkeskommunale-/kommunale fellestiltak: til dømes Kommunekraft AS.
- Fylkesomfattande kulturselskap: Sogn og Fjordane Teater LL og Norsk Fjordhestsenter AS.
- Arbeidsmarknad: dei fire arbeidsmarknadsbedriftene.

Det er i omtalen av kvart selskap gitt ei tilråding om fylkeskommunen bør halde fram som eigar, eller om eigarskapen bør avviklast. For selskapa der fylkestinget har vedteke å starte ein prosess for å avvikle eigarskapen er det gjeve ein status i omtalen av selskapet.

#### 4.1 Definisjon av nøkkeltal

I vurderinga av selskapet sin økonomiske utvikling har vi brukt fire nøkkeltal som seier noko om utvikling i a) lønsemd, b) likviditet, c) og d) soliditet.

Nedanfor følgjer definisjonen av nøkkeltala:

a) *Totalrentabilitet*: (resultat før skatt + finanskostnader) / gjennomsnittleg totalkapital  
Totalrentabiliteten syner avkastninga på totalkapitalen (lønsemda) i det enkelte selskap i det enkelte år. Kravet til avkastning bør reflektere normal forretningsmessig risiko. Avkastningskravet varierer mellom anna ut frå type bransje.

b) *Sjølvfinansiering i % av langsiktig gjeld*: (resultat før skatt + avskrivningar) / langsiktig gjeld  
Sjølvfinansieringsgraden viser selskapet si evne til å betene langsiktig gjeld gjennom eigeninntening. Eit absolutt minstekrav er at sjølvfinansieringsevna dekker avdrag på lån. Kravet vil avhenge av bransje, anleggs- og kapitalstruktur.

c) *Arbeidskapital i % av driftsinntekter*: (omloppsmidlar – kortsiktig gjeld) / driftsinntekter  
Arbeidskapital i % av driftsinntekter seier noko om selskapet sin likviditet. Ei normal sunn bedrift bør ha ein arbeidskapital som overstig 6-12% av omsetninga. Også her vil det vere bransjemessige skilnader med tanke på kva som er tilfredsstillande for den enkelte bedrift.

d) *Eigenkapitalprosent*: Eigenkapital / totalkapital  
Eigenkapitalprosenteren viser selskapet sin soliditet. Kravet til eigenkapitalprosent avheng av kor kapitalintensiv bedriffa og den forretningsmessige risikoene er.

## 5. Interkommunale selskap (IKS)

### 5.1 Deltaking er avgrensa, men ansvaret er uavgrensa

Interkommunale selskap (IKS) etter IKS-lova er sjølvstendige rettssubjekt som rettsleg og økonomisk er skilde frå deltagarkommunane. Det må vere fleire deltagarar i selskapet, og berre kommunar, fylkeskommunar eller andre interkommunale selskap kan delta. Kvar av deltagarane har eit uavgrensa ansvar for ein del av selskapet sine samla forpliktingar. Samla sett skal deltagarane sin ansvarsdel utgjere selskapet sine samla forpliktingar.

## **5.2 Eigarskapen vert utøvd gjennom representantskapet**

Det øvste organet i selskapet er representantskapet. Forvaltning av selskapet ligg til styret og dagleg leiing. Deltakarkommunane utøver eigarskap gjennom medlemer dei har valt inn i representantskapet. Etter IKS-lova § 6 ligg det til fylkestinget å velje representantar til representantskapet. Valretten kan ikkje delegerast. Med unntak av dei tilsettevalde styrerrepresentantane, blir styret valt av representantskapet. Styret har forvaltningsmyndet, og må utøve myndet innanfor ramma av selskapets føremål, selskapsavtalen og selskapet sitt årsbudsjett som blir vedteke av representantskapet.

## **5.3 Uttreden av Interkommunale selskap**

Eigarskap i interkommunale selskap kan ikkje overdragast til andre. For desse er ordninga at deltakarane kan seie opp deltakinga si med eitt års varsel. Når ein trer ut av selskapet, er hovudregelen at deltakaren får utbetalt ein utløysingssum som er lik nettoverdien av andelen.

## **5.4 Fylkeskommunale-/kommunale fellestiltak:**

### **Trivselshagen IKS**

<b>Føremål</b>	Selskapet sitt føremål er å planleggje, byggje, eige og drive felles bygningsanlegg til undervisningsareal for Firda vidaregåande skule, og å skaffe skulanlegg og lokalsamfunnet i Gloppen kultursal, symjehall, idrettshall med vidare i samsvar med vedteke funksjonsplan.
<b>Etablert</b>	07.03.2007.
<b>Deltakarar</b>	Sogn og Fjordane fylkeskommune og Gloppen kommune.
<b>Forretningskontor</b>	Gloppen kommune.
<b>Rettslege rammer</b>	Lov av 29.01.1999 nr. 6 om interkommunale selskap.
<b>Rammer</b>	Selskapsavtale av 07.03.2007, revidert 6.11.12 og 27.04.17.
<b>Etiske retningslinjer</b>	Ikkje omtala i årsmeldinga.
<b>Representantskap</b>	<p>Etter selskapsavtalen skal kvar eigar ha to representantar i representantskapet. Valet følgjer den kommunale valperioden. Representantskapet vel sjølv leiari og nestleiar.</p> <p>Medlem til representantskapet vart vald i FT-sak 50/15 for perioden 2015 til 2019: Ole Johnny Stubhaug, med Helen Hjertaas som vara, og Anders Kristian Sægrov med Rita Navarsete som vara.</p> <p>Ole Johnny Stubhaug (Sp) og Anders Kristian Sægrov (H) møtte på vegner av fylkeskommunen på vårmøtet 26.4.2018 og på ekstraordinært representantskapsmøte 8.6.2018. På haustmøtet 4.10.2017 møtte Ole Johnny Stubhaug via telefon og vara Rita Navarsete (Frp).</p>
<b>Val av styre</b>	<p>Representantskapet vel styremedlemmar, og leiari og nestleiar av styret, for to år av gongen. Styret skal ha fire medlemer. I ekstraordinært representantskapsmøte 8.6.2018, vart det vedteke at varamedlemane til styret skal vere personlege i staden for faste i rekke.</p> <p>Dagleg leiari eller representantskapsmedlemer kan ikkje vere medlemer i styret.</p> <p>For Trivselshagen IKS har det vore vanleg praksis at fylkesrådmannen peikar ut to representantar til styret og informerer eigarorganet til selskapet om dette.</p>

<b>Styresamansetning</b>	<p>Styret er i 2018 sett saman slik:</p> <p>Styreleiar: Trond Ueland. Personleg vara: Birte Kjørvik Fossheim.</p> <p>Nestleiar: Kjersti Rønningen. Personleg vara: Knut Roger Nesdal.</p> <p>Styremedlem: Sigurd Erlend Reksnes. Personleg vara: Trude Helen Flåten.</p> <p>Styremedlem: Charlotte Østebø Nilsen. Personleg vara: Hallgeir Hansen.</p>		
<b>Styregodtgjersle 2018 og dagleg leiars godtgjersle i 2017</b>	<p>Inga. Representantskapet bad i møte 8.6.2018 dagleg leiar om å greie ut behovet for styregodtgjersle.</p> <p>I 2017 fekk dagleg leiar kr 722 099 i løn, kr 13 604 i pensjonsutgifter og kr 16 207 i anna godtgjersle.</p>		
<b>Eigar- og ansvarsdel</b>	<p>Eigarprosent: 50.</p> <p>Eigardel: 47,1 millionar kroner, sjå FT-sak 31/08.</p> <p>Fylkeskommunen eig selskapet saman med Gloppen kommune og har eit innskott på 47,1 millionar kroner i selskapet.</p> <p>Kvar deltakar er ansvarleg for halvparten av selskapet si samla gjeld.</p>		
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Nei.		
<b>Revisor</b>	Accountor Gloppen (frå og med rekneskapsåret 2017 og til og med 2020). For rekneskapen i 2016: Kommunerevisjonen i Nordfjord.		
<b>Adresse</b>	Grandavegen 9 c/o Gloppen kommune, 6823 Sandane.		
<b>Telefon/faks</b>	57 88 38 00.		
<b>E-post</b>	<a href="mailto:trivselshagen@gloppen.kommune.no">trivselshagen@gloppen.kommune.no</a> <a href="mailto:anniken.rygg@gloppen.kommune.no">anniken.rygg@gloppen.kommune.no</a>		
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://www.trivselshagen.no/">http://www.trivselshagen.no/</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
Sum driftsinntekter	17 363	18 584	18 802
Driftsresultat	1 845	2 377	2 946
Resultat etter skatt	- 109	- 30	2 002
Totalkapitalrentabilitet	1 %	1 %	1 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	4 %	4 %	4 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	73 %	94 %	102 %
Eigenkapitalprosent:	47 %	50 %	51 %
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	<p>Selskapet har endra rekneskapsprinsipp frå føring etter kommunal standard til føring etter norsk standard for små føretak. Dette gir ingen konsekvens for tala i tabellen for tidlegare år, då dei er omarbeidd.</p> <p>Trivselshagen hadde eit mindreforbruk i høve budsjettet på 2 mill. kr i 2017. Mindreforbruket skuldast mellom anna mindre avskrivningar, mindre</p>		

	<p>renteutgifter og mindre lønnskostnad. Mindreforbruket er med å styrke eigenkapitalen som no utgjer 51 % av totalkapitalen. Lønnsemd og sjølvfinansiering i prosent av driftsinntekter ligg stabilt, medan arbeidskapitalen er styrka som følgje av redusert gjeld.</p>
<b>Viktige hendingar</b>	<p>I 2017 har selskapet arbeida vidare med reklamasjonssaka om bassenga, oppgradering av ventilasjonssystemet og sceneteknisk utstyr i skule- og kulturbygget, avklaring og betaling av festeavgift for arealet til bad- og idrettsanlegg, plan for opparbeiding av uteområdet ved inngangspartiet til bad- og idrettsanlegget, avklaring av garanti, reklamasjon og vidare drift for hovudenergikjelda i varmesentralen og endring av rekneskapsprinsipp.</p> <p>Bassenga var ute av drift heile 2016 i samband med at bassenga, der det i 2015 vart avdekka skader, vart utbetra. Bassenga opna dørene igjen i mars 2017.</p>
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	<p>I møte 12.2.2018 bad representantskapet styret om å få fortgang i arbeidet med revisjon av leigeavtalane og etablering av serviceavtalar med selskapet på det som for eigarane er føremålstenlege driftsområde.</p> <p>Ved vedtak i ekstraordinært representantskapsmøte 8.6.2018, sak 14/18, bad representantskapet styret om å utgreie organisasjonsform og struktur for selskapet.</p>
<b>Mål med eigarskapen</b>	Fylkeskommunale-/kommunale fellestiltak: Målet er at fylkeskommunen skal få dekka behovet for areal for Firda vidaregående skule.
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	Fylkeskommunen eig halvparten av selskapet saman med Gloppen kommune. Eigarskapen i selskapet er grunngjeven ut frå at tiltaket er naudsynt for at fylkeskommunen skal få dekka behovet for areal til Firda vidaregående skule. Samarbeidet mellom Gloppen kommune og fylkeskommunen vil framleis vere føremålstenleg for å nytte dei nye anlegga på ein god måte.
<b>Tilråding</b>	<b>Vidareføre eigarskapen.</b>

## Sogn og Fjordane Revisjon IKS

<b>Føremål</b>	Selskapet sitt føremål er å dekkje deltakarane sine behov innan finansiell revisjon og selskapskontroll, jf. kommunelova § 77 punkt 4 og 5, samt attestasjonsoppdrag. Slike tenester skal i tillegg kunne leverast til kommunale føretak, interkommunalt samarbeid og interkommunale selskap tilhøyrande deltakarane. I tillegg kan selskapet yte forvalningsrevisjon til deltakarane basert på særskilde avtalar eller rammeavtalar.
<b>Etablert</b>	01.01.2005
<b>Deltakarar</b>	<p>Sogn og Fjordane fylkeskommune (44,45 %), Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Sogndal, Vik og Årdal kommune.</p> <p>Uttreden: kan berre skje pr. 31.12. Utløysingssummen skal vere andelen sin nettoverdi ved oppseiingsfristen sitt utløp. Summen skal likevel ikkje overstige verdien av deltakaren sitt innskot. Krav om uttreden må varslast eitt år og tre månadar før dato for uttreden.</p>
<b>Forretningskontor</b>	Leikanger kommune
<b>Rettslege rammer</b>	IKS-lova av 29. januar 1999 nr. 6.
<b>Rammer</b>	Ny selskapsavtale frå 1.1.2015 (eldre versjon av 25.09.2008)

<b>Etiske retningslinjer</b>	Har utarbeidd «Våre verdiar» som ligg på nettsidene.
<b>Representantskap</b>	<p>Ifølgje selskapsavtalen skal kvar eigar ha éin representant i representantskapet. Kvart medlem har røysterett i forhold til den eigardelen i selskapet vedkomande representerer. Medlemene vert peika ut av dei respektive kommunestyra/fylkestinget for kommunevalperioden.</p> <p>Representantskapet vel leiar og nestleiar. Desse vert valde for to år av gongen.</p> <p>Fylkesordføraren er fylkeskommunen sin representant i representantskapet, og møtte på representantskapsmøte hausten 2017 og våren 2018.</p>
<b>Val av styre</b>	Styret skal ha fem medlemer med tre vara i rekkje. Funksjonstida er to år. Same funksjonstid gjeld for leiar og nestleiar. Dagleg leiar, representantskapsmedlem eller medlem i kontrollutvala i eigarkommunane kan ikkje vere medlem i styret.
<b>Styresamsetning</b>	<p>Etter representantskapsmøtet i 2016 er styret sett saman slik:</p> <p>Arne Hovland (styreleiar, attval)      Per A. Kjøllesdal (nestleiar, attval)      Inger Johanne Fjøsne (attval)      Ivar Slinde (attval)      Britt Dagrunn Brugrand (attval)</p> <p>1.vara i styret: Morten Midlang (attval)      2.vara i styret: Senea Sabanovic</p> <p>Neste styreval vert våren 2019.</p>
<b>Styregodtgjersle og dagleg leiars godtgjersle i 2017</b>	<p>Den 10.11.15 vedtok representantskapet at godtgjersle til leiaren av representantskapet fall bort frå 2015.</p> <p>Godtgjersle til styret skal regulerast kvart år i samsvar med Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt reglement for godtgjersle til dei folkevalde (1380 kr per møte i 2017). Styreleiar skal ha ei fast godtgjersle som utgjer 10 % av grunnsummen, gjeldande frå 2015. Styreleiar si godtgjersle i 2017 var 75 528 kr.</p> <p>Løn til dagleg leiar i selskapet: kr 947 276. Dagleg leiar har vanlege pensjonsvilkår.</p>
<b>Eigar- og ansvarsdel</b>	<p>Eigarprosent: 44,45      Eigardel/innskot: kr 480 000</p> <p>Utgifter til dekking av finansiell revisjon og attestasjonsoppdrag samt administrasjonsoppgåver til kommunane vert dekka av eigarane etter fast fordelingsnøkkel der eigardel utgjer 10 % og medgått tid 90 %. Det vert fakturert a-konto to gonger årleg. Oppdrag til eigarane som gjeld andre tenester og selskapskontroll vert fakturert i samsvar med særskilde avtalar eller rammeavtalar.</p>
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Nei.
<b>Revisor</b>	Søreide revisjon AS.
<b>Adresse</b>	Askedalen 2, 6863 Leikanger.
<b>Telefon/faks</b>	415 30 961.
<b>E-post</b>	<a href="mailto:post@sf-revisjon.no">post@sf-revisjon.no</a>

<b>Nettadresse</b>	<a href="http://www.sf-revisjon.no">www.sf-revisjon.no</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
Sum driftsinntekter	5 317	5 584	4 803
Driftsresultat	650	357	-120
Resultat etter skatt	665	362	-356
Totalkapitalrentabilitet	15 %	8 %	-3 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	62 %	65 %	67 %
Eigenkapitalprosent:	80 %	83 %	78 %
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	<p>Rekneskapen syner eit underskot på 0,356 mill. kr i 2017. Underskotet skuldast at representantskapet vedtok å tilbakebetale 0,8 mill. kr til eigarane fordi selskapet sin eigenkapital er større enn selskapet har behov for. Tilbakebetalinga framkjem som redusert ordinær inntekt. Utan tilbakebetalinga ville resultatet for 2017 vist eit overskot på om lag 0,4 mill. kr.</p> <p>Eigenkapitalen er no 3,5 mill. kr. Selskapet har ingen langsiktig gjeld, men ei kortsiktig gjeld på 1 mill. kr. Omløpsmidlar tilsvara 4,2 mill. kr. Selskapet har god likviditet og soliditet.</p>		
<b>Viktige hendingar</b>	<p>I 2017 har selskapet mellom anna revidert årsrekneskapen i alle kommunane og fylkeskommunen, lagt fram revisjonsmelding for kommunale føretak, stiftingar m.m., og attestert momskompensasjon og sær-attestasjonar for kommunane og fylkeskommunen.</p> <p>I 2017 har selskapet for første gong på fleire år levert fleire timar enn budsjettert til kommunane.</p> <p>I 2017 overførte selskapet sin aksjedel i selskapet Vestlandsrevisjon AS til Indre Hordaland Revisjondistrikt.</p>		
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	<p>I FT-sak 45/17 stilte fylkestinget seg positivt til ei samanslåing av dei tre revisionseiningane Kryss revisjon, Kommunerevisjonen i Nordfjord og SF revisjon IKS, slik dette vart tilrådd av representantskapet i møte 20.10.2017, sak 9/17. Rapporten om samanslåing av dei tre einingane av 15.9.2017 skal leggast til grunn for samanslåinga.</p> <p>Alle kommunane i fylket har også handsama rapporten. Det er full semje i alle kommunestyra og fylkestinget om å gjennomføre samanslåinga. Selskapet vil bli etablert som eit interkommunalt samarbeid med heimel i kommunelova § 27. Oppgåva med å legge til rette for den nye revisionseininga skal utførast av eit interimstyre. Styret arbeider med vedtekten for det nye samarbeidet, og har som mål å få det nye samarbeidet på plass innan 01.01.2019.</p>		
<b>Mål med eigarskapen</b>	<p>Fylkeskommunale-/kommunale fellestiltak: Eigarane sitt føremål med etablering av SF revisjon IKS er å ha eit selskap som leverer tenester innafor området kommunal revisjon. Fylkeskommunen sitt mål er å få dekka sitt naudsynte behov for revisionstenester mv. på best mogleg måte.</p>		

<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	I FT-sak 44/17 vedtok fylkestinget å gå inn for å halde fram med finansiell revisjon og selskapskontroll i eigenregi i det nye samanslegne selskapet i perioden fram til 31.12.2019, med etterhald om at kostnadsnivået ikkje overstig det ein har i dag i SF revisjon IKS.  I FT-sak 11/18 slutta fylkestinget seg til kontrollutvalet si innstilling til fellesnemnda om at Vestland fylkeskommune vel å nytte interkommunal rekneskapsrevisjon, og å konkurranseutsette forvaltningsrevision og selskapskontroll. I fall fellesnemnda kjem til ein annan konklusjon, vert avtalen med SF Revisjon IKS sagt opp med verknad frå 1.1.2020. Saka skal etter planen handsamast av fellesnemnda i møte 21. september 2018, jf. vedtak i fellesnemnda si sak 24/18.
<b>Tilråding</b>	<b>Fylkestinget viser til sine vedtak i sak 44/17 og sak 11/18, og til fellesnemnda sitt vedtak i sak om val av revisjonsordning for Vestland fylkeskommune i møte 21. september 2018.</b>

## VIGO IKS

<b>Føremål</b>	Selskapet sitt føremål er å utvikle/vidareutvikle, eige og/eller drifta, alt etter bestilling og i nært samarbeid med deltakarane, fylkeskommunane sitt felles inntaks- og forvaltingssystem for elevar/lærlingar i Vigo og alt som elles står i naturleg samanheng med dette – til dømes skuleadministrative system. Selskapet skal vidare levere, eller formidle levert, naudsynt faglege kurs eller rettleining til deltakarane på systema ein har rettar/driftsoppgåver knytt til.
<b>Etablert</b>	01.01.2012.
<b>Deltakarar</b>	Østfold, Akershus, Aust-Agder, Buskerud, Finnmark, Hedmark, Møre og Romsdal, Nord-Trøndelag, Nordland, Oppland, Sogn og Fjordane, Vestfold, Troms, Telemark, Sør-Trøndelag, Hordaland, Rogaland og Vest-Agder fylkeskommunar og Oslo kommune.  Uttreden: Den enkelte deltakar kan tre ut av selskapet. Det må varslast eitt år på førehand, og i samsvar med IKS-lova § 30. Det vert ikkje utbetalt utløysingssum.
<b>Forretningskontor</b>	Skien kommune.
<b>Rettslege rammer</b>	Lov om interkommunale selskap. Offentleglova.
<b>Rammer</b>	Ny selskapsavtale vedteken i representantskapsmøte 12.04.18. Samarbeidsavtalar med Utdanningsdirektoratet og Lånekassen. Strategi vedteken av representantskapet for 2017-2025.
<b>Etiske retningslinjer</b>	Etiske retningslinjer for tilsette i Vigo IKS.
<b>Representantskap</b>	Representantskapet består av ein representant frå kvar deltakar med to varamedlemer. Leiar i hovudutvalet for opplæring er fylkeskommunen sin representant, og møtte på representantskapsmøte 14. september 2017 og 12. april 2018.
<b>Val av styre</b>	Representantskapet vel styret, styreleiar og nestleiar. Styret skal bestå av fem medlemer med vara. Styremedlemene har ei funksjonstid på to år, likevel slik at ved fyrstegongs val har tre av styremedlemene ei funksjonstid på tre år. Ved valet må det sikrast at alle opplæringsregionar er representert i styret.
<b>Styresamsetning</b>	Etter representantskapsmøtet i april 2018 er styret sett saman slik:

	<p>Styreleiar: Arly Hauge      Nestleiar: Bjørn Marthinsen      Styremedlem: Rune Haugsdal      Styremedlem: Anne Elisabeth Djupvik      Styremedlem: Ane Tonette Lognseth</p> <p>Varamedlem: Per Magne Aadnøy      Varamedlem: Nina Ellingsen Aadnøy</p> <p>Valkomit�: Trond Bamrud, Anders Bj�ru og Karianne Torvanger.</p>		
<b>Styregodtgjersle</b>	G�r ikkje fram av �rsrekneskapen.  I selskapsavtalen § 5 st�r det at representantskapet vedtek satsar og reglement for godtgjersle til medlemer av representantskap og styre.		
<b>Eigar- og ansvarsdel</b>	Dei 18 deltarane har kvar ein eigardel p� 1/18 i selskapet, og er ansvarleg for 1/18 av selskapet sin samla gjeld.		
<b>Fylkeskommunalt l�n</b>	Nei.		
<b>Revisor</b>	Telemark kommunerevisjon IKS.		
<b>Adresse</b>	Fylkesbakken 6, 3715 Skien.		
<b>E-post</b>	<a href="mailto:post@vigodrift.no">post@vigodrift.no</a>		
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://www.vigoiks.no">www.vigoiks.no</a>		
<b>�konomisk utvikling for selskapet dei to siste �ra:</b>			
(1000 kr)	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
Sum driftsinntekter	73 513	93 759	71 283
Driftsresultat	3 691	18 464	8 213
Resultat etter skatt	4 564	19 742	9 107
Totalkapitalrentabilitet	14 %	39 %	14 %
Sj�lvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	587 %	1 511 %	443 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	26 %	41 %	67 %
Eigenkapitalprosent:	54 %	57 %	78 %
<b>�konomisk utvikling i tekst</b>	<p>Rekneskapen er avglagt etter kommunale rekneskapsprinsipp, men omarbeidd i tabellen ovanfor.</p> <p>Etter det kommunale rekneskapsprinsipp syner rekneskapen til Vigo IKS eit rekneskapsmessig mindreforbruk p� om lag 11 mill. (26,6 mill. kr i 2016). Det ordin�re resultatet, f�r interne finantransaksjonar, syner eit overskot p� om lag 9 mill. kr. Mindreforbruket skuldast forseinkingar i Visma-prosjektet.</p> <p>Vigo IKS har ei langsiktig gjeld p� om lag 2 mill. kr og alt er knytt til pensjonsforpliktingar. Kortsiktig gjeld er p� om lag 11,6 mill. kr og oml�psmidlar er om lag 59,6 mill. kr. Overskotet p� 11 mill. kr er med � styrke eigenkapitalen som no utgjer 78 % av totalkapitalen.</p>		

<b>Viktige hendingar</b>	<p><b>VIGO-BAS</b> I 2017 har Vigo IKS arbeida mykje med utviklinga av VIGO-BAS (identitetsforvaltningsystem). Formålet med prosjektet er å få på plass prosessar og rutinar som gjer at fylkeskommunane kan styre identitetar til alle sine brukartypar på ein hensiktsmessig måte. Løysinga er klar til bruk for alle fylkeskommunane.</p> <p><b>Prosjekt PAS lokal</b> PAS lokal er eit samarbeidsprosjekt mellom Utdanningsdirektoratet og Vigo IKS om utvikling av administrasjonsverktøyet PAS og tilhøyrande system for lokalgitt eksamen. Samarbeidsprosjektet er ferdig og i forvalting, men det står framleis att noko arbeid med utvikling og tilpassing knytt til m.a. oppgåveproduksjon og utveksling av dokument. Det er gjennomført vår- og hausteksamen i det nye systemet i 2017 med svært gode tilbakemeldingar frå brukarane.</p> <p><b>E-signaturprosjektet</b> E-signaturprosjektet inneber at lærekontraktar, prøvekontrollar m.m. skal signerast elektronisk. E-signatur prosjektet blei sett til pilotering i desember 2017, og blir tilgjengeleg for alle fylkeskommunane i 2018. Løysinga kan gje gevinstar som mindre saksbehandlingstid, mindre utgifter til porto m.m.</p> <p><b>vilbli.no</b> Vigo IKS eig nettstaden <a href="http://www.vilbli.no">www.vilbli.no</a>, som er fylkeskommunane si informasjonsteneste for søkerar til vidaregåande opplæring. Nettstaden presenterer informasjon om tilgjengelege vidaregåande utdanningsprogram, programområde og kva skular som tilbyr desse, samt oversikt over yrker/kompetanse, fagkombinasjonar, utdanningsløp med meir. Faggruppa for Vilbli har i 2017 arbeida med oppdatering av innhald på bokmål, nynorsk, samisk og engelsk. Nettstaden er også tilpassa nettbrett og mobil.</p> <p><b>Ny selskapsavtale</b> Representantskapet i Vigo IKS vedtok ny selskapsavtale på møtet 12. april 2018. Avtalen er utarbeida saman med KS Advokatane, og inneholder ny kostnadsdeling og eigarstruktur. Kostnadsdelinga samsvarar med fylkestinget sitt vedtak i sak 02/16. Grunna samanslåinga til Trøndelag fylkeskommune er tal deltarar i selskapet endra. Tal varamedlemer til representantskapet er endra til to per representant. I tillegg er det gjort nokre mindre justeringar som samsvarar betre med IKS-lova. Selskapsavtalen kan berre endrast ved at deltararane gjer likelydande vedtak om dette. Den nye selskapsavtalen vart lagt fram for fylkestinget i oktober 2018.</p>
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	<p>Vigo IKS vil framleis fokusere på å auke samarbeidet innan IKT på tvers av fylkesgrenser, og å fremme kvaliteten på elev- og lærerdata. Vidare har Vigo IKS stort fokus på forbetring eller utvikling av IT-system, der dei eksisterande ikkje fungerer tilfredsstillande.</p> <p><b>Visma In School (tidl. Visma Flyt Skole)</b> Forseinkringar hjå leverandøren har ført til utfordringar både når det gjeld utvikling og utrulling av nytt skuleadministrativt system (Visma In School). Den nye framdriftsplanen for utviklinga av Visma In School legg opp til at løysinga skal ferdigstillast i løpet av 2018 slik at full utrulling kan setjast i verk i 2019. Vigo IKS vil følgje opp framdrifta og sikre god løysingskvalitet gjennom tett samhandling med leverandøren. I tillegg vil ei sentral oppgåve vere å førebu fylkeskommunane på innføring av løysinga lokalt.</p> <p><b>Sentralbaseprosjekt</b> I 2016 blei arbeidet med Sentralbaseprosjektet starta opp. Målet med prosjektet er å lage éin sentral database for alle fylkeskommunane i</p>

	staden for lokale databasar. Dette samlar drift og oppgraderingar på ein stad. Framdriftsplanen initierer overgang til éin sentraldatabase i 2018.
<b>Mål med eigarskapen</b>	Fylkeskommunale-/kommunale fellestiltak. Oppnå stordriftsfordelar ved å samarbeide om skuleadministrative system med andre fylkeskommunar og kommunar.
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	Fylkeskommunen har framleis behov for tenestene som Vigo IKS driftar. Det er difor tenleg at fylkeskommunen held fram i samarbeidet.
<b>Tilråding</b>	<b>Vidareføre eigarskapen.</b>

## 6. Aksjeselskap (AS)

### 6.1 Avgrensa ansvar for deltagarane

Eit aksjeselskap skal ha ein minste aksjekapital på 30 000 kroner og må til ei kvar tid ha eigenkapital og likviditet som er forsvarleg ut frå risikoen ved og omfanget av verksemda i selskapet. Eit særtrekk ved denne selskapsforma er at deltagarane ikkje er ansvarleg for selskapet sine forpliktingar, med mindre dette er særskilt avtala. På den andre sida rår ikkje eigarane fritt over selskapet si inntekt og formue. Ønskjer aksjeeigarane å trekke ut midlar av selskapet, må dette skje etter nærmere reglar i aksjelova for utdeling av utbyte, nedsetting av aksjekapitalen eller oppløysning av selskapet.

### 6.2 Eigarskapen vert utøvd gjennom generalforsamlinga

Gjennom generalforsamlinga utøver eigarane det øvste myndet i selskapet. Eigarane kan gjennom vedtekter, instruksar og andre generalforsamlingsvedtak sette rammer og gi nærmere reglar for styret og dagleg leiar si leiing av selskapet. Det er generalforsamlinga som vel styret i selskapet.

#### Styret er øvste forvaltingsorgan, og dagleg drift vert ivaretaken av dagleg leiar

Selskapet vert leia av eit styre og en dagleg leiar. Styret har det overordna ansvaret for forvaltninga av selskapet, og for at det vert drive i samsvar med selskapet sitt føremål og innanfor ramma av lovgevinga, samt selskapet sine vedtekter og instruksar fastsett av aksjonærane gjennom generalforsamling. Dagleg leiar står for den daglege leiinga av selskapet si verksemd, og skal i denne samanheng følgje retningslinjer og pålegg som styret har gitt.

### 6.3 Utreden av aksjeselskap

Dersom fylkeskommunen vurderer at det rette er å selje aksjane sine i eit aksjeselskap, vil aksjelova, saman med selskapet sine vedtekter og eventuell aksjonæravtale regulere nærmare korleis salet kan gjennomførast.

## 6.4 Finansielle mål

### F1 Holding AS

<b>Føremål</b>	Selskapet si verksemeld er investeringsverksemeld, under dette kjøp og sal av aksjar i transportselskap og anna verksemeld som står i samband med føremålet.
<b>Etablert</b>	23.09.2010. Sjå fylkestingsak 16/11.
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	Eigarprosent: 100. Aksjeposten sin pålydande verdi: 147 250 000 kr, fordelt på 1 472 500 aksjar, kvar pålydande 100 kr.  I 2011 overførte fylkeskommunen heile aksjeposten sin i Fjord1 AS (59 %) til F1 Holding AS. Fylkestinget vedtok i august 2016, i FT-sak 30/16, å selje F1 Holding AS sine aksjar i Fjord1 AS til Havilafjord AS. Salet skjedde trinnvis med sal av 26 % av Fjord1 aksjane i august og dei siste 33 % i mai 2017.
<b>Forretningskontor</b>	Leikanger kommune
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova
<b>Rammer</b>	Vedtekten, revidert 2. mars 2015.
<b>Etiske retningsliner</b>	Selskapet har vedteke etiske retningsliner i styremøte dagsett 18.05.15.
<b>Generalforsamling</b>	Generalforsamlinga består av eigarrepresentanten frå fylkeskommunen til selskapet. I sak 86/16 valde fylkesutvalet fylkesordføraren som eigarrepresentant til selskapet for resten av fylkesvalperioden 2015-2019.  Fylkesordføraren møtte på ordinær generalforsamling i 2018.
<b>Val av styre</b>	Styret består av éin medlem. Vedtekten regulerer ikkje kor lenge styret sit, slik at aksjelova sine reglar gjeld.
<b>Styresamansetning</b>	Etter ekstraordinær generalforsamling 1. mars 2017 var Aleksander Øren Heen styre og styreleiar.  Etter vedtaket om avvikling av selskapet utgjer Aleksander Øren Heen og Jan Øhlckers avviklingsstyret.
<b>Styret og dagleg leiar si godtgjersle</b>	Generalforsamlinga vedtok 26.06.17 at honoraret til styreleiar skal sidestillast med styreleiar i Sogn og Fjordane Teater AS (SoFT) når det gjeld basishonorar. Sjå også notat om styrehonorar lagt fram i FU-møte 3. april 2017. På ordinær generalforsamling 2017 auka SoFT storleiken på det årlege honoraret til 50 000 kr.  Jan Øhlckers er etter avtale mellom F1 Holding AS og Vidsyn Rådgivning AS dagleg leiar i selskapet. I 2017 utbetalte F1 Holding AS 155 000 kr i honorar til Øhlckers.

<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Nei.			
<b>Revisor</b>	Ernst & Young AS.			
<b>Adresse</b>	Askedalen 2, 6863 Leikanger.			
<b>Telefon</b>	415 30 963			
<b>E-post</b>	<a href="mailto:jan@vidsyn.as">jan@vidsyn.as</a>			
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>				
(1000 kr)	<b>2015 (konsern)</b>	<b>2016<sup>12</sup></b>	<b>2017</b>	
Sum driftsinntekter	2 242 479	0	0	
Driftsresultat	282 630	-1 527	-877	
Årsresultat	181 933	313 656	185 268	
Totalkapitalrentabilitet	7,6 %	79 %	65 %	
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	17,9 %	-	-	
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	-9,3 %	-	-	
Eigenkapitalprosent:	29,7 %	37 %	99 %	
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	<p>Tidlegare har F1 Holding eigd 59 % av aksjane i Fjord1 AS. Ved utgangen av 2016 eig selskapet 33% av aksjane og er såleis ikkje lengre morselskap til Fjord1 AS. Det er difor ikkje uarbeidd konsernrekneskap, og meldinga frå styret omfattar no berre aktiviteten og økonomien i holdingselskapet. Den økonomiske utviklinga for selskapet i tabellen er difor ikkje samanliknbar.</p> <p>F1 Holding AS har ingen inntekter utanom utbytte frå Fjord1, rente på bankinnskot og salsgevinsten. Normalt vil eit års forskyving av utbytte gje renteinntekter som dekker utgiftene som i hovudsak er rekneskapsføring, revisjon og dagleg leiing. Pga. salsprosessen har utgiftene til juridisk hjelpe og dagleg leiing i 2016 og 2017 vore unormalt høge. Dette gjev eit negativt driftsresultat på 0,877 mill. kr.</p> <p>Årsresultatet er på 185 mill. kr og skuldast høge finansinntekter.</p> <p>248,9 mill. kr blei sett av til utbytte i 2016, og utbetalt til fylkeskommunen i 2017. Dette har redusert totalkapitalen og gir ein auke i eigenkapitalprosenten som no er på 99 %. Vidare har selskapet betalt ekstraordinært utbytte til fylkeskommunen på 155 mill. kr i 2017 då selskapet er under avvikling.</p>			
<b>Viktige hendingar</b>	<p><b>Sal av Fjord1-aksjane</b></p> <p>I møte 26.08.16, sak 30/16, gjorde fylkestinget vedtak om sal av Fjord1-aksjane til Havilafjord AS, den andre aksjonæren i Fjord1 AS. Vedtaket innebar eit trinnvis sal av aksjane ved at F1 Holding AS først selde 26 % av aksjane i august 2016. Ved brev av 04.05.17 gjorde Havilafjord AS gjeldande kjøpsopsjonen på dei resterande 33 prosenta.</p>			

<sup>12</sup> Fjord1 AS er ikkje lenger konsolidert i F1 Holding AS som konsern.

	<p><b>Avvikling av F1 Holding AS</b>  Fylkestinget vurderte eigarskapen i F1 Holding AS i sak 47/17.</p> <p>I samband med sal av aksjane og opsjonsaksjane avtalte partane ein salskredit på totalt 367,5 mill. kr som forfell til betaling 30. juni 2020.</p> <p>Ved avvikling av selskapet før 2020 vil fylkeskommunen spare arbeid og utgifter m.a. til rekneskapsførar, revisor, dagleg leiar og styreleiar. Fylkestinget bad i sak 47/17 generalforsamlinga i F1 Holding AS om å avvikle selskapet. Alle rettar og pliktar skal overførast frå selskapet til fylkeskommunen. Selskapet følgde opp fylkestingssaka med vedtak om avvikling i ekstraordinær generalforsamling 30. desember 2017.</p> <p>Generalforsamlinga valde Jan Øhlckers og Aleksander Øren Heen som avviklingsstyre.</p>
<b>Viktige planar for dei komande åra</b>	Avviklinga har blitt noko forseinka då Skatteetaten har utfordra F1 Holding AS sitt krav på skattefrådrag for juridisk bistand utført i 2016 i samband med sak om forkjøpsrett til aksjar i Fjord1 AS. Etter skattekontoret sitt vedtak må det truleg føretakast nytt skatteoppgjer for F1 Holding AS for 2016. Etter at skattesaka er avgjort vil F1 Holding AS ta opp att avviklingssaka. Revisor har starta arbeidet med førehandslikning og avviklingsrekneskap.
<b>Mål med eigarskapen</b>	Finansielle mål: F1 Holding AS vart etablert for å forvalte aksjane i Fjord1 AS.
<b>Er eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	Sjå FT-sak 47/17.
<b>Status</b>	<b>Fylkestinget vedtok å avvikle selskapet i sak 47/17.</b>

## Firda Billag AS

<b>Føremål</b>	Selskapet sitt formål er å drive transportverksemeld og tenesteyting i samband med person- og godstransport, samt reisebyrå. Selskapet skal i tillegg eige og forvalte fast eigedom. Selskapet kan også eige eller delta i andre selskap som har liknande verksemeld.
<b>Etablert</b>	20.05.2011.
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	Fylkeskommunal eigarprosent: 5. Aksjane sin pålydande verdi er 500 000 kr.  Selskapet sin aksjekapital er på 10 000 000 kr fordelt på 10 000 aksjar à 1 000 kr.
<b>Forretningskontor</b>	Førde kommune
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova
<b>Rammer</b>	Vedtekter, sist endra på ordinær generalforsamling 22.05.17.
<b>Etiske retningslinjer</b>	Omtalar likestilling og miljø i årsmeldinga. Firda Billag Buss AS er miljøsertifisert etter ISO 14001:2004.
<b>Generalforsamling</b>	Aksjonærane utgjer generalforsamlinga.  Fylkesordføraren er fylkeskommunen sin eigarutsending i selskapet. Fylkesvaraordførar Åshild Kjelsnes deltok på ordinær generalforsamling i 2018.

<b>Val av styre</b>	<p>Styret har fem medlemer med to vara. I tillegg kjem tre tilsetterepresentantar og eventuelt tre vara så langt dei tilsette har peika ut slike i samsvar med aksjelova sine reglar.</p> <p>Tenestetida for styremedlemene er to år. Alle aksjonærvalde styremedlemer skal ikkje vere på val samstundes. Suppleringsval kan verte gjort i valperioden.</p> <p>Selskapet har ei valnemnd på fem medlemer. Dei tre største aksjonærane i selskapet har rett til å velje minst to av medlemene i valnemnda, og ein av desse medlemene skal vere nemdleiar. Dei tre andre medlemmene i valnemnda skal veljast av generalforsamling med vanleg fleirtal.</p> <p>Valnemnda har tenestetid på eitt år om gongen.</p>		
<b>Styresamansetning</b>	<p>Følgjande styremedlemer vart valde på generalforsamling i 2016 for to år:</p> <p>Agnar Strømsnes (leiar)      Christina Kvamme      Petter Sortland      Inger Johanne Osland      Mariel Eikeset Koren      Oddmund Klakegg (vara)      Ole Andre Klausen (vara)</p> <p>Etter generalforsamlinga i 2018 er valnemnda sett saman slik:</p> <p>Ordførar i Flora (leiar)      Ordførar i Førde      Ordførar i Gloppe      Ordførar i Askvoll      Ordførar i Fjaler</p>		
<b>Styregodtgjersle for 2018 og dagleg leiar godtgjersle i 2017</b>	<p>Styreleiar: 121 800 kr pr. år.      Styremedlemer: 30 400 kr pr. år      Varamedlemer: 2 200 kr pr. møte.      Dagleg leiar: kr 1 091 149 kr i løn, samt 6 756 kr i anna godtgjersle.</p>		
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Nei.		
<b>Revisor</b>	Deloitte AS		
<b>Adresse</b>	Pb. 204, 6802 Førde		
<b>Telefon</b>	57 72 50 00		
<b>E-post</b>	<a href="mailto:post@firda-billag.no">post@firda-billag.no</a>		
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://www.firda-billag.no">www.firda-billag.no</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra: (Konsernrekneskap)</b>			
(1000 kr)	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
Sum driftsinntekter	395 306	296 487	302 150
Driftsresultat	-1 655	2 715	9 988

Resultat etter skatt	545	5 316	7 770
Totalkapitalrentabilitet	1 %	4 %	5 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	22 %	23 %	31 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	9 %	10 %	11 %
Eigenkapitalprosent:	39 %	45 %	45 %
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	<p>Driftsresultatet for 2017 er betra i høve 2016, og skuldast i hovudsak meir godsinntekter.</p> <p>Konsernet hadde eit årsresultat på om lag 7,8 mill. kr, medan morselskapet, Firda Billag AS, har eit overskot på omlag 2,6 mill. kr. Konsernet syner ei betring i høve 2016, medan morsselskapet sitt resultat er om lag som fjaråret.</p> <p>Selskapet har ein eigenkapital på om lag 107 mill. kr, noko som er ein auke i høve 2016. Eigenkapitalprosenten er framleis 45 %.</p>		
<b>Viktige hendingar</b>	<p>Norgesbuss AS eig no 50 % av aksjane i Firda Billag Buss AS, og sistnemnde selskap er ikkje lenger ein del av konsernet. Selskapet vert likevel drifta som før med forretningsstad i Førde, og integrert driftsmessig med Firda Billag AS. Firda Billag Buss AS leverte eit svakare resultat i 2017 enn året før. 2017 var første heile året med anbodet for Sunnfjord. Styret forventar ei betre utvikling i 2018.</p> <p>Fjordane Reisebyrå AS satsar på eigenproduserte turar og skreddarsyr reiseopplegg til bedrifter og organisasjonar. Selskapet har eit godt nettverk og god kompetanse innan dette området, noko som bør gi grunnlag for ei god utvikling. Selskapet har også ansvaret for bakkehandteringa på flyplassen på Bringeland.</p> <p>Fjordane Bilutleie AS driv utleige av bilar under AVIS og Europcar. Aktiviteten er høg, marginane brukbare og utsiktene ser ifølgje styret lovande ut.</p> <p>I Trucknor Firda AS er det brukt mykje ressursar på kompetanseheving, og selskapet har hatt ei god utvikling.</p> <p>Både godsselskapet Transferd AS og SRB Anleggstransport AS har hatt kraftig auke i aktivitet/drift i 2017, og styret forventar positive marginar også i 2018.</p> <p>Firda Billag AS driv eigedomsforvalting og sal av tenester til dei andre selskapene i gruppa. Selskapet er også morselskap i konsernet.</p>		
<b>Utsikter for dei komande åra</b>	<p>FBB har sikra seg ein god posisjon i bussmarknaden i fylket, m.a. rute- og skulebusskjøringa i Nordfjord og Sunnfjord, samt delar av Sogn. Anbodskjøringa i Nordfjord gjeld for perioden 2014–2022 med opsjon på 1 + 1 år. Anbodet i Sunnfjord gjeld for perioden 2016–2024 med opsjon på 1 + 1 år.</p> <p>Innan gods er det mange aktørar og små marginar. Selskapet konentrerer seg om dei marknadsområda som har best betalingsvilje og der kravet til kvalitet og regularitet er avgjerande for å kome i posisjon. Det er ein krevjande marknad.</p> <p>Styret vurderer utsiktene for Firda Billag AS og datterselskapene som positive.</p>		

<b>Mål med eigarskapen</b>	Selskapet var opphavleg skipa som eit IKS for å sikre infrastrukturen i Sunnfjord. Fylkeskommunen kom inn som eigar saman med 13 kommunar ved at fylkeskommunen i 1997 overtok FSF (Fylkesbåtane i Sogn og Fjordane) sin eigardel i det opphavlege latalaget. Selskapet vart endra til eit aksjeselskap grunna nye rammevilkår. Dette var eit naudsynt tiltak for å sikre selskapet konkurranseskraft. Sjå sak handsama i fylkestinget, FT-sak 09/10.  I seinare tid har målet med fylkeskommunalt eigarskap vore av meir finansiell karakter.
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	Under handsaming av Eigarmelding 2014 vedtok fylkestinget å starte ein prosess med å avvikle eigarskapen i selskapet. Fylkeskommunen er i dialog med nokre av dei andre eigarkommunane om eit ev. samla sal av ein større aksjepost, og har mellom anna fått gjort ei verdivurdering av selskapet.
<b>Status</b>	<b>Fylkestinget vedtok i sak 33/14 å starte ein prosess for avvikling av eigarskapen.</b>

## Sogn og Fjordane Energi AS

<b>Føremål</b>	Selskapet sitt føremål er produksjon, omsetting og overføring av elektrisk energi, samt anna verksemd knytt til desse områda. Selskapet kan bygge ut anlegg, drive, kjøpe og selje anlegg og selskap i samband med dette.  Verksemda kan drivast i samarbeid med, eller ved deltaking i, andre selskap med tilsvarende formål.  Selskapet kan også engasjere seg i andre forretningsområde og selskap når dette er eigna til å styrke hovudføremålet eller fører til meir rasjonell utnytting av selskapet sine ressursar.  Selskapet skal drivast på forretningsmessig basis med vekt på langsiktig verdiskaping for eigarane.
<b>Etablert</b>	16.09.2002.
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	Selskapet sin aksjekapital er totalt kr 773 838 700 fordelt på 5 158 923 A-aksjar pålydande kr 100 og 2 579 464 B-aksjar pålydande kr 100.  Sogn og Fjordane fylkeskommune har overført sin del av aksjane til sitt heileigde holdingselskap Sogn og Fjordane Holding AS. Aksjane sin pålydande verdi er 383 490 400 kroner. Dette utgjer 49,56 prosent av aksjane i SFE.  Andre eigarar er BKK (36,8 prosent), og kommunane Flora, Gloppen kommune/Gloppen Energi AS, Bremanger, Askvoll, Selje kommune, Eid og Naustdal.  To tredjedeler av aksjane skal vere A-aksjar, resten skal vere B-aksjar. A-aksjane kan berre eiga av, og vere omsettelege til, aktørar som kan defineraast som offentlege etter industrikonsesjonslova.  Styret i selskapet skal godkjenne overdraging av aksjar. Samtykke kan berre nektast når det ligg føre sakleg grunn. Ved overdraging av aksjar har dei andre aksjonærane forkjøpsrett.
<b>Forretningskontor</b>	Gloppen kommune.

<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova. Industrikonsesjonslova. EU sitt vassdirektiv. Energilova.
<b>Rammer</b>	Vedtekter av 12.06.2009, endra 6.10.2017. Dokument 1154347-v6 om eigarstyring og selskapsleiing utarbeidd av Norsk utval for eigarstyring og selskapsleiing (NUES).
<b>Etiske retningslinjer</b>	I følgje årsmeldinga for 2017 følgjer selskapet opp sitt samfunnsansvar gjennom verdiskaping for offentlege eigarar og lokalsamfunn, produksjon av kraft frå fornybare kjelder, utvikling og drift av ein kritisk infrastruktur for samfunnet, ein berekraftig- og mest mogleg skånsam bruk av naturen, og omfattande samarbeid med frivillige lag og organisasjonar. SFE har etiske retningslinjer for kva haldningiar og åtferd selskapet ventar av den enkelte tilsette når det gjeld antikorруpsjon og etikk.
<b>Generalforsamling</b>	Generalforsamlinga består av aksjonærane.  I 2018 møtte Åshild Kjelsnes med fullmakt for Sogn og Fjordane Holding AS. Fylkesrådmann Tore Eriksen møtte også på generalforsamlinga.
<b>Val av styre</b>	Generalforsamlinga vel for to år om gongen tre medlemer til ein valkomité som skal vere representantar for aksjeeigarane. Generalforsamlinga vel leiar i valkomiteen. Det er utarbeidd eigne instruksar for arbeidet til komiteen.  Styret i selskapet skal ha frå åtte til ni medlemer med like mange personlege vara. Inntil seks medlemer skal veljast av generalforsamlinga og inntil tre skal veljast av og mellom dei tilsette. Alle val gjeld for to år. Styremedlemene kan ta attval.  Generalforsamlinga vel leiar og nestleiar til styret.  Val av styremedlemer er regulert i aksjonæravtale med bakgrunn i storleiken på eigardelen, og skal sikre brei representasjon frå aksjeeigarane mellom dei aksjonærvalde medlemene i styret.
<b>Styresamansetning</b>	Etter generalforsamlinga i 2018 er styret sett saman slik:  Styreleiar: Per A. Kjøllesdal frå SFFK (vara: Sigurd Reksnes). Nestleiar: Ketil Konglevoll (vara: Arne Andreas Riisnes). Styremedlem: Arvid Lillehaugen frå SFFK (vara: Henrik Oppen). Styremedlem: Olin Johanne Henden frå SFFK (vara: Hogne Bleie). Styremedlem: Anne Marit Steen (vara: Birthe Iren Grotle). Styremedlem: Jan Helge Dahle (vara: Leidulf Gloppestad).  Valnemnda: Jenny Følling, Jannicke Hilland og Leidulf Gloppestad.
<b>Styregodtgjersle i 2018 og dagleg leiarars godtgjersle i 2017</b>	Styreleiar: 170 000 kroner per år. Nestleiar: 94 000 kroner per år. Styremedlemer: 81 700 kroner per år. Varamedlemer: 4 750 kroner per møte.  Det vert utbetalt tapt arbeidsforteneste for arbeid utover vanleg deltaking i styremøter etter fastsett styreplan. Dei satsar som er nytta for dette i Sogn og Fjordane fylkeskommune vert lagt til grunn.  Løn konsernsjef 2016: 2 227 000 kroner; pensjonsutgifter: 332 000 kroner; anna godtgjersle: 198 000 kroner. Til saman: 2 409 000 kroner. 2 757 000
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Nei.

<b>Revisor</b>	Deloitte AS.		
<b>Adresse</b>	Sørstrandsvegen 227, 6823 Sandane.		
<b>Telefon/faks</b>	57 88 47 00		
<b>E-post</b>	<a href="mailto:post@sfe.no">post@sfe.no</a>		
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://www.sfe.no">www.sfe.no</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra: (Konsernrekneskap)</b>			
(1000 kr)	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
Sum driftsinntekter	1 041 588	1 228 573	1 287 229
Driftsresultat	268 020	392 296	378 913
Årsresultat	112 756	189 297	193 363
Totalkapitalrentabilitet	5 %	7 %	7 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	13 %	18 %	17 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	- 41 %	-36 %	-12 %
Eigenkapitalprosent:	39 %	40 %	42 %
Økonomisk utvikling i tekst	<p>Konsernet fekk eit overskat etter skatt på 193 mill. kr i 2017. Dette er av dei beste resultata i SFE-konsernet si historie. Resultatet for 2017 er 4 mill. kr betre enn resultatet for 2016. Lægre netto finanskostnad og høgare kraftprisar har bidrige til eit betre resultat.</p> <p>Forbetringa gir styrka nøkkeltal og eigenkapitalen pr. 31.12.17 er på om lag 2,7 mrd. kr.</p> <p>SFE har i 2017 gjennomført investeringar på til saman 319 mill. kr i fysiske driftsmiddel. Av dette er investering i nettanlegg 149 mill. kr og 155 mill. kr er investering i vasskraftproduksjon.</p> <p>På grunn av SFE sitt investeringsnivå reduserer styret utbyttenivået for 2017, slik som i 2016, frå 70 % utbytte av morselskapet sitt årsresultat etter skatt til 50 %. SFE har fått tilført 211 mill. kr i eigenkapital gjennom ein emisjon i 2017. Emisjonen og redusert utbytte vil styrke SFE sine nøkkeltal, noko som vil vere positiv for kva vilkår SFE får i obligasjonsmarknaden ved opptak av lån.</p> <p>Utbytte til Fylkeskommunen i 2017 er 31 mill. kr. Ettersom fylkeskommunen sine aksjar i SFE AS er overført til Sogn og Fjordane Holding vert utbyttet utbetailt til holdingselskapet i 2018 og fylkeskommunen får desse midlane først i 2019.</p> <p>Utbytte til fylkeskommunen tidlegare:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>2011: 19,2 mill. kr</li> <li>2012: 27,8 mill. kr</li> <li>2013: 48,4 mill. kr</li> <li>2014: 37,3 mill. kr</li> <li>2015: 29,0 mill. kr</li> <li>2016: 37,1 mill. kr</li> </ul>		

<b>Viktige hendingar</b>	<p>SFE-konsernet produserte 2 005 GWh i 2017. Dette er 112 GWh mindre enn i 2016. Året 2017 gav ein høgare kraftpris enn i 2016. Kraft-forbruket i eige forsyningssområde var på 680 GWh i 2017, ein auke på 7 GWh frå 2016. Sal til sluttkundar var i 2017 783 GWh, ein reduksjon frå 908 GWh føregående år.</p> <p>I desember vart det gjort vedtak om fusjon av kraftsalsverksemda til Sunnfjord Energi og SFE. Etter utløpet av kreditorfrist og melding i føretaksregisteret er såleis SFE sitt datterselskap SFE Kraft eigd 34 % av Sunnfjord Energi og 66 % av SFE.</p> <p>SFE har ei rekke prosjekt for å få fram ny produksjonskapasitet innan vasskraft. Østerbø kraftverk (165 GWh – Høyanger kommune) er under utbygging med ferdigstilling i 2020. Selskapet har konsesjon for bygging av Littlevatnet småkraftverk (19 GWh – Flora kommune), Ommeland kraftverk (19 GWh – Gloppen kommune) og Bredvatn kraftverk i Åskårvassdraget (ca. 65 GWh netto ny kraft – Bremanger kommune) samt løyve til å bygge Insteelvane kraftverk i Øksenelvane (13 GWh ny kraft – Bremanger). Konsesjonssøknad for utbyggingar i Gjengedalsvassdraget, (ca. 150 GWh i Gjengedal kraftverk – Gloppen kommune) er under handsaming. I samarbeid med Stranda Energi AS har ein konsesjon for Hauge kraftverk (ca. 15 GWh-Stranda kommune).</p> <p><b>Utvikling av nett</b>      Etter sluttføring av nytt 420 kV sentralnett på strekninga Ørskog/Sognadal i desember 2016 har ein eit robust sentralnett gjennom fylket. Kapasiteten kan derimot ikkje nyttast fullt ut, og ein vil få flaskehalsar grunna større mengder ny produksjon under realisering enn den installerte transformérskapasiteten mellom 132 og 420 kV.</p> <p>Det har vore investert og er framleis behov for store investeringar i regionalnettet, og også distribusjonsnettet, dei komande åra. Den viktigaste grunnen til dette er mykje ny vasskraft og vindkraft som er under planlegging og realisering. Men også eit aldrande regionalnett og industriell vekst krev auka nettinvesteringar.</p> <p><b>FOU</b>      Prosjektet «intelligente driftssystem for smarte nett», som SFE har hatt saman med selskapet eSmart systems og fleire andre selskap, vart avslutta i 2016, men får ein oppfølgjar gjennom prosjektet «ASTRUM». «ASTRUM» vidareutviklar plattforma frå det første prosjektet innanfor utvikling av smarte løysingar basert på AMS, BigData, maskinlære og IoT-teknologi. SFE har nyleg engasjert seg i den nystarta FME CINELDI som skal utarbeide smarte energisystem for framtida.</p> <p>Selskapet har samarbeid med forskingsprogrammet Fornybar Energi ved Vestlandsforsking og Høgskulen på Vestlandet, og deltek som partner i forskingsprosjektet RELEASE om lokale miljøverknader ved utvikling av berekraftig fornybar energi. SFE deltek som partner i Norsk Vannkraft-senter som vart etablert i 2014, og gjennom direkte bidrag til bransjefinansiert, miljøretta energiforsking organisert gjennom Energi Norge og REN (Rasjonell Elektrisk Nettvirksomhet). SFE skal vidare bidra med deltaking i styringsgruppe og referansegruppe i prosjektet teknoløftet som er initiert av forskingsrådet, for å auke kapasitet og kompetanse innan digitalisering i kunnskapsmiljøa og næringslivet i fylket.</p> <p>I 2015 etablerte SFE prosjektet «Smart Valley» i Hyen i Nordfjord. Formålet er å utvikle «smarte» løysingar for elektrisitetsbruk ved hjelp av «Big Data» og moderne teknologi som skal redusere investeringsbehovet i kraftnettet, forbetre elektrisitetsbrukaren si</p>
--------------------------	---

	<p>oppleving og gje meir presise data frå produksjonsanlegg. Prosjektet involverer både kraftnettet, elektrisitetsproduksjonen og elektrisitetsforbruket i området.</p> <p><b>Emisjon</b></p> <p>Selskapet gjorde i mars 2017 vedtak om å bygge ut Østerbø kraftverk. Dette er eit samarbeidsprosjekt med BKK, der SFE eig 58 prosent og BKK eig 42 prosent av prosjektet. SFE sin lut av produksjonen er 96 GWh og investeringskostnaden er på 412 millionar kroner.</p> <p>BKK har rett til å trekke seg ut av prosjektet i tida fram til kraftverket er kome i drift, og SFE har då rett og plikt til å overta BKK sin del.</p> <p>For å sikre tilstrekkeleg kapitaltilførsel, har selskapet gjennomført ein aksjeemisjon. Emisjonen vil vere ein viktig del av arbeidet med å sikre selskapet tilstrekkeleg kapitaltilførsel til å gjennomføre vedteken investering i Østerbø kraftverk, og samstundes oppretthalde selskapet sin soliditet og gode vilkår i lånemarknaden. Storleiken på emisjonen vil avgjere om den i tillegg gjev naudsynt finansiell styrke til å kunne gjennomføre andre planlagde investeringar.</p> <p>Viss BKK nyttar opsjonen og trekk seg ut av prosjektet vil det særleg vere behov for ekstra kapital, sidan dette vil auke SFE sine investeringar og finansieringsbehov med ca. 300 millionar kroner. Emisjonen vil vere ein viktig del av arbeidet med å sikre tilstrekkeleg kapitaltilførsel dersom dette skulle skje.</p> <p>På generalforsamling 26. juni 2017 teikna Sogn og Fjordane Holding AS seg for 91 334 teikningsrettar. BKK teikna seg for 73 111 rettar medan kommunane Flora, Gloppen, Bremanger, Askvoll, Selje, Eid og Naustdal teikna seg for til saman 25 264 teikningsrettar.</p> <p>Prisen på teikningsrettane er 1 845,57 kroner for dei som teikna seg i år. Det vil seie at prisen på SF Holding AS sine nydda teikningsrettar er 168 563 290,38 kroner. Eigarane i SFE har i 2017 til saman tilført selskapet 211 mill. kroner i eigenkapital.</p> <p>Det er framleis mogleg å teikne seg årleg, i samband med generalforsamlinga. Nokre eigarar har framleis teikningsrettar til aksjar som kan styrke selskapet sin eigenkapital med ytterlegare 138-168 mill. kroner ved bruk av desse. For å oppmode eigarar til å teikne seg tidleg stig prisen årleg slik; 2018: 1 990,80 kroner, 2019: 2 120,07 kroner og 2020: 2 251,50 kroner per teikningsrett. Teikningsrettane er omsettelege mellom eksisterande eigarar.</p>
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	<p>Sogn og Fjordane fylkeskommune og BKK er, som dei største eigarane av SFE, samde om å greie ut framtidig organisering av den eksisterande og framtidige produksjonsverksemda i SFE. Det vert mellom anna sett på å omorganisere kraftselskapet frå dei to selskapene til eit felles produksjonsselskap organisert som eit ansvarleg selskap med delt ansvar (DA). I ettertid har Hydro kome inn i prosessen med deira anlegg i Røldal-Suldal. Utgreiinga skal ta omsyn til vedtaket i fylkestinget om at verdiane av fylkeskommunen sin eigarskap i SFE-konsernet kan bli verande i Sogn og Fjordane. For fylkeskommunen er det avgjerande at ei eventuell etablering av eit nyt produksjonsselskap sikrar lokale omsyn, og kontroll med dei lokale naturressursane. Fylkesutvalet fekk rapporten framlagd i FU-møte 23. august 2017. Fylkesutvalet var positivt til arbeidet, men streka under at det avgjerande er å sikre at dagens SFE-verdiar blir verande i Sogn og Fjordane, og bad om at det parallelt vert utgreidd alternative modellar som vil kunne sikre dette.</p> <p>SFE er i drøftingar med Sunnfjord Energi AS om ei samanslåing av verksemndene. Ei slik samanslåing vil styrke begge verksemndene og</p>

	<p>gje grunnlag for å hente ut synergieffektar og auke aksjonærverdiar. Det er venta avgjerd i dette spørsmålet i løpet av 2018.</p> <p>Marknaden for elsertifikat i Noreg og Sverige gjev framleis grunnlag for utvikling av ny fornybar energi, men tidsvindaugen er i ferd med å lukke seg for dei norske prosjekta. Prisen på sertifikata er også lågare enn dei lenge var venta å bli. Likevel er deltaking i sertifikatmarknaden eit viktig mål for fleire av prosjekta i SFE si portefølje. Eit Europa med stadig meir uregulerbar produksjon kan gje gode moglegheiter for verdiskaping for norsk vasskraft med god reguleringsevne. For SFE er vurderinga at utviklinga medfører moglegheiter for utbygging av meir fornybar kraft.</p> <p>Med dei store investeringane som SFE og regionen står ovanfor, både med tanke på reinvestering og nettinvesteringar utløyst av ny fornybar energi, er det viktig å sikre at investeringsutfordringane er tekne omsyn til i nettreguleringa. Dette gjeld allment, men spesielt for investeringar i regionalnettet. Fornybarinvesteringar er ei nasjonal satsing og SFE arbeider stadig med at fornybarinvesteringar ikkje skal gå utover kundane i fornybarområda.</p> <p>I samband med ei endring av energilova har SFE Nett søkt NVE om omklassifisering av dagens 132 kV sentralnett frå Høyanger/Mel i sør til Haugen (Ørsta) i nord, frå transmisjon til overordna distribusjon i samband med overgang til to nettnivå. Dersom NVE/OED ikkje gjer omklassifiseringsvedtak, vil ei stor anleggsmasse, og ein vesentleg del av SFE Nett sine overordna anlegg, måtte seljast til Statnett. Salssum vil ved dette utfallet vere ei forhandlingssak mellom partane, der SFE vil hevde at salsverdi må vere vesentleg over bokført verdi grunna teknisk tilstand, restlevetid samt følgjetap i ein overgangsperiode etter eventuelt sal av anlegga.</p> <p>SFE sin prognose for 2018 viser eit resultat som om lag er på nivå med resultatet i 2017. Ettersom SFE si hovudinntening er basert på vasskraftproduksjon er konsernet utsett for stor risiko for variasjon i årsresultatet grunna varierande kraftpris og produksjonsvolum/tilsig.</p> <p>SFE forventar store investeringar dei neste åra i nødvendig nettutbygging og investering i vasskraftanlegg. Selskapet sine planar viser at ein vesentleg del av investeringane kan eigen-kapitalfinansierast sett samla over ein 10-årsperiode.</p>
<b>Mål med eigarskapen</b>	<p>Finansielle mål: SFE AS vart i si tid etablert ut frå eit ønskje om å skilje forvaltninga av SFE ut frå fylkeskommunen. SFE tidlegare var ein del av den fylkeskommunale forvaltninga og ein ønskte å skilje dette ut frå den fylkeskommunale verksemda.</p> <p>Eit viktig mål for fylkeskommunen var å bidra til å utvikle SFE AS som ein konkurransedyktig og lønnsam aktør i den nasjonale/internasjonale energibransjen. Basert på dette skal selskapet gje fylkeskommunen god avkastning på investert kapital kvart år gjennom utbytte.</p> <p>Fylkeskommunen som eigar må sørge for at styret i selskapet til ei kvar tid har naudsynt kompetanse til å utvikle selskapet som ein lønnsam og sterk aktør i bransjen.</p> <p>Mål om å sikre næringsutvikling: Fylket har eit stort potensiale innan fornybar satsing, og SFE spelar ei viktig rolle i å bygge opp naudsynt kapasitet i nettet for ei slik satsing. SFE sin kompetanse er viktig for å realisere fylket sitt potensiale på dette område.</p>
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstøyleg?</b>	<p>Investeringa gir fylkeskommunen god avkastning på investert kapital. Selskapet er eit viktig instrument for auka satsing innan fornybar</p>

	energi i fylket.
<b>Tilråding</b>	<b>Vidareføre eigarskapen gjennom Sogn og Fjordane Holding AS.</b>

## Sogn og Fjordane Holding AS

<b>Føremål</b>	Sogn og Fjordane Holding AS vart etablert av fylkeskommunen som eneeigar for eventuell forvaltning av aksjane i SFE AS. Selskapet sitt føremål er investeringsverksem; under dette kjøp og sal av aksjar, andelar, konsesjonskraftrettar og fast eigedom, og anna verksemd som står i samband med dette.
<b>Etablert</b>	29.11.2005
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	Eigarprosent: 100. Aksjane sin pålydande verdi: 3 834 904 kr  Aksjekapitalen er 3 834 904 kr, fordelt på 3 834 904 aksjar, kvar pålydande kr 1.
<b>Forretningskontor</b>	Leikanger kommune
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova
<b>Rammer</b>	Vedtekten, sist endra etter generalforsamling 21.06.17.
<b>Etiske retningslinjer</b>	Fylkeskommunen sine etiske retningsliner gjeld for selskapet.
<b>Generalforsamling</b>	Generalforsamlinga består av fylkeskommunen sin eigarutsending. Fylkesordføraren er eigarutsending, og deltok på ordinær generalforsamling i 2018.
<b>Val av styre</b>	Selskapet skal ha eit styre med éin medlem. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane peikar ut kandidatar til selskapet sitt styre.
<b>Styresamansetning</b>	På ekstraordinær generalforsamling i 2016 vart Hilmar Høl vald som styre (og styreleiar) for resten av valperioden 2015 – 2019.
<b>Styregodtgjersle og dagleg leiars godtgjersle</b>	Generalforsamlinga vedtok 21.06.17 at honoraret til styreleiar skal sidestillast med styreleiar i Sogn og Fjordane teater (SoFt) når det gjeld basishonorar. Sjå også notat om styrehonorar lagt fram i FU-møte 3. april 2017. På ordinær generalforsamling 2017 auka SoFt storleiken på det årlege honoraret til 50 000 kr. Styreleiar i Sogn og Fjordane Holding AS fekk utbetalt 50 000 kr i styrehonorar i 2017.  Selskapet har ein avtale med Vidsyn Rådgivning AS, som stiller Jan Øhlckers til rådvelde som dagleg leiar i Sogn og Fjordane Holding AS.  Elles er administrative oppgåver lagt til administrasjonen i fylkeskommunen.
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Nei.
<b>Revisor</b>	Ernst & Young

<b>Adresse</b>	Askedalen 2, 6863 Leikanger
<b>Telefon</b>	57 63 80 00
<b>E-post</b>	<a href="mailto:post@sfj.no">post@sfj.no</a>
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://www.sfj.no">www.sfj.no</a>

**Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:**

(1000 kr)	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
Sum driftsinntekter	0	0	0
Driftsresultat	-4	-7	-272
Resultat etter skatt	-4	-7	36 833
Totalkapitalrentabilitet	-6 %	- 11 %	13 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	-	-	-
Eigenkapitalprosent:	100 %	98 %	63 %

<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	<p>Selskapet sine inntekter kjem frå siste års utbytte frå Sogn og Fjordane Energi AS og renter på bankinnskot.</p> <p>Normalt vil eitt års forskyving av utbytte gje renteinntekter som dekker utgiftene (rekneskapsføring, revisor og dagleg leiing). På grunn av skifte av styre og revisor, emisjon i samband med Østerbø kraftverk, regionreforma og planane om Vestlandskraft DA, har utgiftene til dagleg leiing i 2017 vore unormalt høge.</p> <p>Sogn og Fjordane Holding AS mottok utbytte på 37 mill. kr frå Sogn og Fjordane Energi AS i 2017.</p> <p>Etter at Sogn og Fjordane Holding AS overtok aksjane i Sogn og Fjordane Energi AS ved kapitalauke med tingsinnskot frå Sogn og Fjordane fylkeskommune i mars 2017 er eigenkapitalen på 356 mill. kr. Vidare har selskapet 206 mill. kr i kortsiktig gjeld. Av dette er 37 mill. kr sett av til utbytte og 169 mill. kr er gjeld til Sogn og Fjordane fylkeskommune. Gjelda skriv seg frå innbetalt beløp til bruk i kontantemisjon i SFE, og vart konvertert til aksjekapital ved kapitalauke i 2018.</p>
------------------------------------	---

<b>Viktige hendingar</b>	<p><b>Overføring av SFE-aksjane</b>  I samband med regionreforma bad fylkestinget fylkesrådmannen om å arbeide vidare med å sikre at dei verdiar som ligg i den fylkeskommunale eigarskapen i SFE-konsernet kan bli verande i Sogn og Fjordane, jf. FT-sak 49/16. Fylkesrådmannen fekk fullmakt til å overføre aksjane i Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) til Sogn og Fjordane Holding AS (SFH). 3. april 2017 signerte SFH og fylkesrådmannen ein avtale om overdraging av fylkeskommunen sine aksjar i SFE til SFH.</p> <p><b>SFE-emisjon og kapitalauke</b>  I sak 13/17 gjorde fylkestinget vedtak om at fylkeskommunen - gjennom Sogn og Fjordane Holding AS - skulle teikne seg for 274 002</p>
--------------------------	---

	<p>aksjar i SFE. I samanheng med ovannemnde vart aksjekapitalen i Sogn og Fjordane Holding AS auka frå 3 560 902 kr til 3 834 904 pålydande 1 kr per aksje. Teikningskurs per aksje utgjorde 615,19 kr. Samla teikningsbeløp var 168 563 290 kr. Overkurs 168 289 288 kr vart lagt til overkursfondet. Føresetnaden for fylkestinget sitt vedtak var at heile beløpet vert nytta til å styrke eigenkapitalen i Sogn og Fjordane Energi AS.</p> <p>Etter emisjonen eig Sogn og Fjordane Holding AS 49,56 % av aksjane i SFE.</p>
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	<p>Fylkeskommunen, BKK og Hydro har greia ut moglegheitene for eit felles produksjonsselskap; Vestlandskraft DA. Styringsgruppa leverte ein rapport i juni 2017. Sjå meir om utgreiinga under omtalen av SFE ovanfor. Av sak 78/17 går det fram at fylkesutvalet er positivt til at arbeidet med å utgreie eit felleseidt produksjonsselskap vert vidareført. Fylkesutvalet bad likevel om at det parallelt med føreståande utgreiing vert vurdert alternative modellar som vil kunne sikre at dagens SFE-verdiar blir verande i Sogn og Fjordane.</p> <p>I sak 10/18 handsama fylkesutvalet ei sak om eigarskapen i SFE. Fylkesutvalet gjorde slikt vedtak:</p> <p class="list-item-l1">1. <i>Etter utløpet av fristen som er sett i utkastet til prosessvarsle, reiser Sogn og Fjordane fylkeskommune eventuelt fastsetjingssøksmål mot BKK AS for å få ei rettsleg avklaring av om fylkeskommunen sin eigarskap i Sogn og Fjordane Holding AS kan organiserast med aksjeklassar utan at dette utløysar forkjøpsrett til Sogn og Fjordane Holding AS sine aksjar i Sogn og Fjordane Energi AS. Fylkeskommunen reiser det eventuelle søksmålet etter dei modellane for overdraging av aksjar som følgjer av pkt. 3.2 i vedlegg 2.</i></p> <p class="list-item-l1">2. <i>Fylkesutvalet ber samstundes fylkesrådmannen forhandle nærmare med BKK AS med sikte på at selskapet skal gå heilt ut av Sogn og Fjordane Energi AS. [...]</i></p> <p>Saka var oppe i tingretten 3.- 4. september 2018. Det var ikkje avgjort dom i saka før ferdigstilling av eigarmeldinga.</p>
<b>Mål med eigarskapen</b>	Finansielle mål, samt sikre lokalt eigarskap i SFE.
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	<p>Selskapet vart oppretta som ein beredskap i høve forvalningsreforma for å sikre lokalt eigarskap i dei to store selskapa; SFE AS og Fjord1 AS. Forvalningsreforma vart gjennomført utan at det vart naudsynt å nytte dette beredskapsinstrumentet for SFE AS.</p> <p>I samband med regionreforma bad fylkestinget fylkesrådmannen om å arbeide med å sikre at dei verdiar som ligg i den fylkeskommunale eigarskapen i SFE-konsernet kan bli verande i Sogn og Fjordane. Fylkeskommunen har overført aksjane sine i SFE til SFH, og selskapet vert såleis nytta i samsvar med målet med eigarskapen.</p>
<b>Tilråding</b>	<b>Vidareføre eigarskapen.</b>

## 6.5 Næringsutvikling

### Fjord Invest Såkorn AS

<b>Føremål</b>	Selskapet sitt føremål er å investere i konkurransedyktige såkornbedrifter og små- og mellomstore bedrifter i Sogn og Fjordane. Selskapet skal arbeide etter forretningsmessige prinsipp med sikte på å oppnå tilfredsstillende avkastning for eigarane.
<b>Etablert</b>	28.06.2004
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	Fylkeskommunal eigarprosent: 55,9  Aksjeposten sin pålydande verdi er 19 000 000 kr. Andre eigarar er REKOMP (29,41 %) og Fjord Invest AS (14,7 %)  Selskapet sin aksjekapital er på 34 000 000 kr fordelt på 34 000 aksjar, pålydande 1 000 kr.
<b>Forretningskontor</b>	Førde kommune
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova
<b>Rammer</b>	Vedtekter, opphavleg frå 18. mars 2011, sist endra i generalforsamling 19. juni 2015.  Aksjonæravtale, godkjent av fylkesutvalet i sak 17/11.
<b>Etiske retningslinjer</b>	Styret i Fjord Invest Såkorn AS vedtok i sak 07/08 regelverk for corporate governance og internkontroll for selskapet. Har eigne rutinar for etiske retningslinjer (rutine 01).
<b>Generalforsamling</b>	Generalforsamlinga består av aksjeeigarane.  Fylkesordføraren er eigarutsending. Fylkesvaraordføraren, Åshild Kjelsnes, møtte på generalforsamling i 2018.
<b>Val av styre</b>	Etter vedtektsendringa i 2015 er det ikkje talfesta kor mange medlemer styret skal ha. Det er heller ikkje vedtektsbestemt valperiode, men praksis er at medlemene er valde for to år og følgjer aksjelova sine reglar. Generalforsamlinga vel valkomité for to år av gongen.
<b>Styresamsetning</b>	Etter generalforsamlinga i 2018 er styret sett saman slik:  Vidar Grønnevik (leiar) (eitt år att av valperioden) Eli-Grete Høyvik (to år att av valperioden) Ingar Valvik (to år att av valperioden)  Valkomité: Karen Marie Hjelmeseter (leiar, to år att av valperioden) Bente Nesse (eitt år att av valperioden)
<b>Styregodtgjersle for 2018 og dagleg leiar godtgjersle i 2017</b>	Styreleiar: 30 000 kr pr. år.  Styremedlem: 15 000 kr pr. år.  I tillegg vert det betalt 4000 kr pr. møte.  Selskapet har ingen tilsette, men leiger administrative tenester av Fjord Invest Management AS. Forvalningshonoraret til Fjord Invest Management AS var 1 188 900 kr i 2017, mot 1 308 426 kr i 2016.

<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Nei.
<b>Revisor</b>	Deloitte AS.
<b>Adresse</b>	Hafstadvegen 21, 6800 Førde
<b>Telefon/faks</b>	95 00 01 20/ 947 74 175
<b>E-post</b>	<a href="mailto:post@fjordinvest.no">post@fjordinvest.no</a>
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://www.fjordinvest.no/">www.fjordinvest.no/</a>

**Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:**

(1000 kr)	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
Sum driftsinntekter	0	0	0
Driftsresultat	- 2 059	- 1 527	- 1 416
Resultat etter skatt	- 1 866	- 1 112	- 985
Totalkapitalrentabilitet	- 8 %	-5 %	4 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	-	-	-
Eigenkapitalprosent:	99,7 %	99,6 %	98,9 %

<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	<p>Rekneskapen syner eit underskot på om lag 1 mill. kr i 2017. Selskapet har ingen driftsinntekter og driftsresultatet er såleis eit resultat av driftsutgiftene som er noko lægre i 2017. Mesteparten av utgiftene er forvalningshonorar. Forvaltinga av fondet sine investeringar er utkontraktert til Fjord Invest Management AS.</p> <p>I 2017 vart ikkje porteføljeselskapa nedskrive. Balanseført verdi av porteføljen ved årsskiftet er om lag 16,3 mill. kr, noko som tilsvrar kostpris.</p> <p>Selskapet har god likviditet og soliditet. Samla eigenkapital er på om lag 25 mill. kr og svarar til ein eigenkapitalprosent på 98,9 %. Mandatet til Fjord Invest Såkorn AS inneberer høg risiko og det er difor viktig med god eigenkapitalprosent for å kunne bere eventuelle tap. I 2017 gjekk Sogn og Fjordane fylkeskommune inn med 5 mill. kr i ny aksjekapital i selskapet.</p> <p>Likvide midlar (bankinnskot) utgjer 8,7 mill. kr mot ei kortsiktig gjeld på 0,270 mill. kr.</p>
------------------------------------	--

<b>Viktige hendingar</b>	<p>Det er gjennomført realisering av eitt av porteføljeselskapa, ei ny investering og to oppfølgingsinvesteringar i eksisterande portefølje i selskapet i 2017.</p> <p>På ekstraordinær generalforsamling 3. februar 2017 gav generalforsamlinga styret fullmakt til å auke aksjekapitalen med inntil NOK 15 175 000 ved utferding av inntil 15 175 nye aksjar lydande NOK</p>
--------------------------	--

	1 000. Selskapet var inne i ein krevjande økonomisk situasjon. Mesteparten av eigenkapitalen var bunden opp i investeringar. Ein mangla såleis midlar til nyinvesteringar og til å gjere oppfølgingsinvesteringar i dei selskapa ein allereie har investert i, samt driftsmidlar. I sak 1/17 løyvde fylkestinget 5 mill. kr til ny aksjekapital i Fjord Invest Såkorn AS, og fylkeskommunen utvida med dette sin eigardel i selskapet. Fylkeskommunen teikna seg for 3 650 aksjar, pålydande NOK 1 000 per aksje, teikningskurs NOK 1 353.
<b>Viktige planar dei komande åra</b>	Styret har fokus på arbeidet med å vidareutvikle selskapa i porteføljen. Fleire av selskapa er i ein tidleg utviklingsfase, og Fjord Invest Såkorn AS har ein variert portefølje når det kjem til fordeling av investert kapital på ulike bransjar. Dette kan bidra til at fondet vert mindre sårbart i høve utfordringar i enkelte bransjar, men styret understrekar likevel at investeringsmandatet til fondet medfører høg risiko.  Det følgjer av vedtaket i FT-sak 1/17 at fylkeskommunen går ut frå at Fjord Invest Såkorn AS får etablert ein breiare eigarstruktur, og at fylkeskommunen ønskjer å redusere sin eigardel som følgje av at nye eigarar kjem inn. Selskapet har framleis som mål å auke aksje-kapitalen gjennom emisjonar retta mot både nye investorar og eksisterande aksjonærar.
<b>Mål med eigarskapen</b>	Næringsutvikling: Målet med eigarskapen er å vidareutvikle Fjord Invest Såkorn AS som eit viktig regionalt investeringsselskap for nyetablerte bedrifter. Gjennom eigarskapen i selskapet bidreg fylkeskommunen indirekte med kapital for å skape ny verksamhet i fylket. Dette er ei langsiktig investering for fylkeskommunen.
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	Investeringa i selskapet er grunngjeven i selskapet si rolle som regionalt investeringsselskap for bedrifter i ein tidleg fase. Det er mangel på investorkapital i fylket og selskapet har ei sentral rolle med omsyn til etablering og utvikling av nye selskap. Fylkeskommunen si investering var viktig for å få selskapet etablert. Det er viktig at fylkeskommunen her opptrer som langsiktig eigar.
<b>Tilråding</b>	<b>Vidareføre eigarskapen.</b>

## Fjord Norge AS

<b>Føremål</b>	Internasjonal marknadsføring og tilrettelegging for sal for reiselivet i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Selskapet har også anledning til å drive internasjonal marknadsføring. Det skal særskilt arbeidast for å utvikle eit heilårleg reiseliv (endra på ordinær generalforsamling 31.05.16).
<b>Etablert</b>	01.02.1993.
<b>Aksjekapital/</b>	Eigarprosent: 8,9.
<b>Fylkeskommunal eigardel</b>	Dette utgjer 74 aksjar til ein verdi av 5000 kroner, totalt 370 000 kroner.  Aksjekapitalen i selskapet er på 4. 150 mill. kroner.
<b>Forretningskontor</b>	Bergen.
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova.
<b>Rammer</b>	Vedtekter, sist endra på generalforsamling 31.05.16.

<b>Etiske retningsliner</b>	Årsmeldinga seier ikkje noko om dette.		
<b>Generalforsamling</b>	Aksjonærane utgjer generalforsamlinga.  Fylkesordføraren er eigarutsending.		
<b>Val av styre</b>	Styret består av ni medlemer som blir valde for to år av gongen. Fylkeskommunane peikar ut éin medlem kvar. Generalforsamlinga vel styreleiar.  Selskapet har ein valkomité sett saman av fire medlemer, ein frå kvart fylke.		
<b>Styresamansetning</b>	Etter generalforsamling i 2018 er styret sett saman slik:  Styreleiar: Terje Devold. Styremedlem: Anders Nyland. Styremedlem: Elisabeth Saupstad. Styremedlem: Erik Berg. Styremedlem: Elisabeth Bakken. Styremedlem: Elisabeth Faret. Styremedlem: Eivind Vartdal Ryste. Styremedlem: Steinar Aase. Styremedlem: Endre Høgalmen.  Valkomitéen for 2018: Kjetil Smørås, Roar Harsvik, Janne Johnsen og Sigurd Kvikne.  Valkomitéen for 2019: Kjetil Smørås, Pål Farstad, Eva Melgren og Sigurd Kvikne.		
<b>Styregodtgjersle for 2018 og dagleg leiarars godtgjersle i 2017</b>	Styreleiar: 66 040 kroner per år.  Styremedlem: 5 080 kroner per møte.  Reisekostnader vert dekka etter rekning, diettgodtgjersle for reise til og frå styremøtene vert dekka etter satsane til staten. Det vert ikkje gjeve godtgjersle for tapt arbeidsforteneste eller andre dokumenterte utlegg.  Godtgjersler utbetalt til styret i 2017: 213 164,5.  Løn og godtgjersler dagleg leiar: 1 212 462 kroner.		
<b>Fylkeskommunalt lån/garanti</b>	Nei.		
<b>Revisor</b>	Bjørgvin revisjon AS.		
<b>Adresse</b>	Torggaten 3, 5014 Bergen		
<b>Telefon/faks</b>	55 30 26 40.		
<b>E-post</b>	<a href="mailto:info@fjordnorway.com">info@fjordnorway.com</a>		
<b>Nettstad</b>	<a href="http://www.fjordnorway.com">www.fjordnorway.com</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
Sum driftsinntekter	42 830	38 460	36 893

Driftsresultat	145	51	1
Resultat etter skatt	37	5	5
Totalkapitalrentabilitet	2 %	1 %	1 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	11 393 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	12 %	13 %	14 %
Eigenkapitalprosent:	47 %	47 %	44 %
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	<p>Selskapet fekk eit tilnærma nullresultat(4 947 kr) i 2017. Selskapet har ikkje mål om profitmaksimering og resultatet tilseier difor eit normalt rekneskapssår.</p> <p>Dei fire fylkeskommunane på Vestlandet bidrog i 2017 med tilskot på 12,2 mill. kr.</p> <p>Sjølvfinansieringsgrad i prosent av langsiktig gjeld er stor då selskapet sin langsiktige gjeld er berre 1 148 kr. Likviditeten og soliditeten er tilfredsstillande.</p>		
<b>Viktige hendingar</b>	<p>Året 2017 var, som 2016, eit svært godt internasjonalt reiselivsår i Fjord Noreg-regionen. Aldri før har landsdelen hatt så mange internasjonale gjestedøgn og turistar. Veksten i 2017 var på 4,4 % (samla vekst i prosent sidan 2013 er på 32 %), og den nye internasjonale gjestedøgnsrekorden er på 3,12 millionar overnattingar.</p> <p>Veksten skuldast mellom anna auka global vekst for ferie og fritid, mange år med målretta marknadsføring, fleire og betre direkteruter til Noreg og Fjord Norge-regionen, svak norsk krone, og at Noreg opplevast som eit trygt reisemål.</p> <p>Dei siste åra har Fjord Norge intensivert arbeidet med å inngå samarbeidsavtalar med fleire kommersielle aktørar i Fjord Noreg-regionen, og store internasjonale turoperatørar i Fjord Norge sine hovudmarknadar.</p> <p>Selskapet har sett i gang eit større arbeid med å utvikle ein strategi for å bygge heilårsturisme i deler av landsdelen.</p> <p>Selskapet har hovudansvaret for NCE Tourism – Fjord Norway prosjektet.</p>		
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	<p>Ein prognose frå FNs reiselivsorganisasjon, UNWTO, tilseier at ein kan vente seg ein global vekst på 60 % for det internasjonale reiselivet fram mot 2030, i snitt 4 % per år. Fjord Norge AS ventar at Fjord Noreg-regionen vil kunne ha ein høgre vekst enn dette, som ligg på mellom 60 og 100 %. Dersom denne veksten kjem i perioden mai til september vil landsdelen utan tvil få store utfordringar.</p> <p>Dei to viktigaste oppgåvene framover vert å spreie trafikken frå område med press til område med kapasitet. Det er også viktig å utvikle eit reiseliv for heile året. Marknadsføring vert viktig for å få dei rette kundane til dei rette årstidene.</p> <p>I samråd med Vestlandsrådet er det sett i gang eit scenarioprosjekt som skal sei noko om korleis vi skal sikre ei berekraftig utvikling av</p>		

	reiselivet på Vestlandet fram mot 2030.
<b>Mål med eigarskapen</b>	Næringsutvikling og fylkeskommunale fellestiltak.
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	Selskapet er eit fellestiltak mellom fylkeskommunar på Vestlandet. Selskapet driv internasjonal marknadsføring og tilrettelegging for sal for reiselivet til Sogn og Fjordane. Som eit ledd i å vere regional utviklingsaktør er det føremålstenleg å vere eigar i selskapet saman med dei andre fjord-fylkeskommunane på Vestlandet.
<b>Tilråding</b>	<b>Vidareføre eigarskapen.</b>

## Framtidsfylket AS<sup>13</sup>

<b>Føremål</b>	Selskapet sitt føremål er drift og utvikling av ei felles trainee-ordning for alle private og offentlege verksemder i Sogn og Fjordane som arbeider for å fremje næringslivet i fylket, drift av nettportalen famtidsfylket.no og anna rekrutteringsarbeid som i vid forstand skal vere i verksemder si interesse.
<b>Etablert</b>	01.02.2008
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	<p>Eigarprosent: 2,8. Aksjane sin pålydande verdi: 17 000 kroner.</p> <p>Andre eigarar er privat næringsliv i fylket, tre sparebankar i fylket, Stiftinga Vestlandsforsking, NHO Sogn og Fjordane og Sunnfjord Næringsråd. Framtidsfylket har også eigne aksjar.</p> <p>Selskapet sin aksjekapital er 612 000 kroner fordelt på 612 aksjar, kvar pålydande 1 000 kroner.</p>
<b>Forretningskontor</b>	Førde kommune
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova
<b>Rammer</b>	Vedtekten av 19.07.2009.
<b>Etiske retningsliner</b>	Selskapet omtalar ikkje etiske retningsliner i årsmeldinga.
<b>Generalforsamling</b>	<p>Generalforsamlinga består av aksjonærane. Her gjev kvar aksje ei røyst.</p> <p>Aksjeeigarane har rett til å møte med fullmektig.</p> <p>Endre Høgalmen møtte på generalforsamling i 2018.</p>
<b>Val av styre</b>	Generalforsamlinga vel valkomité. Styret skal bestå av 5-7 medlemmar. Styreleiar blir vald på generalforsamlinga. Aksjeeigarar i form av private bedrifter, organisasjonar som spring ut frå private bedrifter eller organisasjonar som private bedrifter eig, skal ha fleirtal i styret.
<b>Styresamansetning</b>	<p>Etter generalforsamlinga i 2018 er styret sett saman slik:</p> <p>Styreleiar: Leon Bakkebø      Styremedlem: Nandor Helgheim      Styremedlem: Kjetil Kvåle      Styremedlem: Inger Johanne Osland      Styremedlem: Johanne Viken Sandnes</p>

<sup>13</sup>Fylkeskommunen fekk ikkje signert generalforsamlingsprotokoll frå selskapet før utarbeiding av Eigarmelding 2018. Informasjonen om selskapet er difor basert på usignert protokoll.

	Møtande vara: Trude Ramstad  Valkomitéen: Rolf Domstein, Trine Lerum Hjellhaug og Tore Dvergsdal.		
<b>Styregodtgjersle for 2017 og dagleg leiars godtgjersle i 2017</b>	På generalforsamling vart det vedteke at det ikkje vert utbetalt styrehonorar for siste år. Honorar for arbeid med prosjekt og oppgåver utover vanleg styrearbeid kan avtalast etter avtale med dagleg leiar.  Løn dagleg leiar: 738 758 kr, anna godtgjersle: 35 152 kr.		
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Nei.		
<b>Revisor</b>	Deloitte AS.		
<b>Adresse</b>	Naustdalsvegen 1B, 6800 Førde.		
<b>Telefon/faks</b>	990 17 852		
<b>E-post</b>	<a href="mailto:linda@framtidfsfylket.no">linda@framtidfsfylket.no</a>		
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://www.framtidfsfylket.no">www.framtidfsfylket.no</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
Sum driftsinntekter	4 838	4 638	5 097
Driftsresultat	73	61	80
Resultat etter skatt	74	62	81
Totalkapitalrentabilitet	5 %	3 %	4 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	26 %	28 %	27 %
Eigenkapitalprosent:	73 %	59 %	63 %
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	<p>Rekneskapen for 2017 syner eit overskot på 81 443 kr.</p> <p>Ifølgje årsmeldinga har selskapet som målsetjing å vere eit non-profit selskap. I 2017 er ein del av aktivitetane støtta av prosjektmidlar, i tillegg til ei stigande inntekt frå traineeprogrammet grunna fleire stillingar. «Framtidfsfylket karrieremesser» er eit separat prosjekt som blir finansiert av Sogn og Fjordane fylkeskommune, regionråda i fylket og standsal. Grunnfinansieringa av aktivitetane utanom messene kjem frå Stiftinga REKOMP. Selskapet valde å bruke litt mindre av støtta frå stiftinga i 2017, slik at løvinga kan vare heilt til 2020 i staden for 2019.</p> <p>Selskapet har ingen langsiktig gjeld, og ei kortsliktig gjeld på om lag 0,8 mill. kr. Med ein eigenkapital på 1,4 mill. kr utgjer den 63% av totalkapitalen og syner god soliditet. Omløpsmidlar er på omlag 2,2 mill. kr. Dette gir ein arbeidskapital på 27 %, noko som syner at selskapet har god likviditet.</p>		
<b>Viktige hendingar</b>	Aktivitetane i 2017 har i hovudsak vore i tråd med tidlegare år. Selskapet arrangerte karrieremesser i Trondheim, Oslo og Bergen, med bra oppslutning frå både bedrifter og publikum i Trondheim og Bergen. I Oslo var tal besökande og bedrifter så lågt at styret og administrasjonen		

	<p>vedtok at det ikkje skulle arrangerast ei slik messe i Oslo i 2018. Styret meiner likevel at Oslomarknaden er interessant, og vil tilbake i ei ny form i framtida.</p> <p>I august 2017 starta 27 traineear i traineeprogrammet «Framtidsfylket Trainee», noko som er det største trainekullet i programmet si historie. Med det posisjonerte Framtidsfylket Trainee seg som Noreg sitt største regionale traineeprogram.</p> <p>Portalen framtidsfylket.no er ein digital møteplass mellom bedrifter og arbeidssøkjande, og selskapet sitt viktigaste kommunikasjonsverktøy. I 2017 vart det registrert 1055 nye CVar i portalen.</p> <p>Utgåve nr. 2 av magasinet #utanfilter var klart til karrieremessene, og er tilgjengeleg digitalt på <a href="http://www.utanfilter.no">www.utanfilter.no</a></p>
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	Framtidsfylket AS har sidan oppstart hatt ei grunnfinansiering frå Stiftinga REKOMP. Denne støtta har vore avgjerande for drifta. Selskapet har denne støtta fram til og med 2020. Ifølgje årsmeldinga ser styret det som avgjerande for framtidig drift at selskapet klarer å finne ein driftsform og ei anna finansieringsstøtte som gjer det mogleg å halde fram med høg aktivitet på vegner av næringslivet i Sogn og Fjordane også etter 2020.
<b>Mål med eigarskapen</b>	Næringsutvikling: Fylkeskommunen vart aksjonær hausten 2009 etter ein retta emisjon i selskapet. Grunngjevinga for å gå inn på eigarsida var at selskapet allereie var ein viktig samarbeidspartner for fylkeskommunen, samt at selskapet oppfyller dei kriteria som fylkeskommunen har for eigarskap i selskap. Selskapet bidrar til å skaffe kompetent arbeidskraft til næringslivet og offentlege etatar i fylket.
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	Sidan selskapet arbeider for å løyse ei av dei større utfordringane til fylket - rekruttering av høgt utdanna arbeidskraft - er eigarskapen vurdert som føremålstenleg.
<b>Tilråding</b>	<b>Vidareføre eigarskapen.</b>

## Gulen og Masfjorden Utvikling AS

<b>Føremål</b>	Selskapet har som føremål å legge til rette for auka næringsverksem i kommunane Gulen og Masfjorden. Selskapet skal ved å vere ein pådrivar og koordinator for private aktørar medverke til etablering av lønsame arbeidsplassar i distriktet. Selskapet skal vidare vere ein koordinator for offentlege midlar til næringsarbeid, og vere ein pådrivar for at næringslivet skal få ei god kunnskaps- og teknologisk utvikling. Selskapet kan drive kjøp/sal og ha anna verksem i samband med dette. Selskapet kan delta i andre selskap med liknande verksemd. Selskapet skal ha eit nært samarbeid med Gulen/Masfjorden Næringsråd.
<b>Etablert</b>	27.06.2008
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	<p>Eigarprosent: 22,4. Aksjane sin pålydande verdi: 1 156 250 kroner.</p> <p>Andre eigarar er Gulen kommune, Masfjorden kommune, Hordaland fylkeskommune og SIVA.</p> <p>Selskapet sin aksjekapital er på 5 156 250 kroner fordelt på 20 625 aksjar à 250 kroner.</p>
<b>Forretningskontor</b>	Gulen kommune.

<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova.		
<b>Rammer</b>	Vedtekten, sist revidert 09.06.2016.		
<b>Etiske retningslinjer</b>	Ikkje rapportert om.		
<b>Generalforsamling</b>	Eigarane utgjer generalforsamlinga. Innkalling til ordinær generalforsamling skal vere sendt ut seinast 14 dagar før.  Fylkesordføraren er utsending til selskapet. Audhild B. Schaathun representerte fylkeskommunen på generalforsamling i 2018.		
<b>Val av styre</b>	Styret skal bestå av tre til ni personar som vert valde for to år om gangen. Halvparten av medlemane skal vere på val kvart år. I tillegg kan det veljast ein til tre vara. Minst 50 prosent av styremedlemene skal veljast frå næringslivet i Gulen og Masfjorden kommunar. Generalforsamlinga vel styreleiar og nestleiar.  I 2016 vart vedtekten endra slik at selskapet skal ha ei valnemnd som gir tilråding i samband med val av styremedlemer. Valnemnda skal bestå av tre eller fleire medlemer som vert valde av generalforsamlinga med ei tenestetid på to år. Generalforsamlinga vel leiar i valnemnda. Generalforsamlinga vedtek instruks for valnemnda.		
<b>Styresamansetning</b>	Etter generalforsamlinga i 2018 er styret sett saman slik:  Styreleiar: Halvard Oppedal (Gulen kommune). Nestleiar: Karstein Totland (Masfjorden kommune). Styremedlem: Audhild B. Schaathun (SSFK). Styremedlem: Steinar Østerbø. Styremedlem Solveig D. Kristiansen. Styremedlem: Njål Wilberg. Styremedlem: Frode Kversøy.		
<b>Styregodtgjersle for 2018 og dagleg leiars godtgjersle i 2017</b>	Styreleiar: 20 000 kroner.  Styremedlemer: 15 000 kroner.  Styrerepresentantane frå Gulen og Masfjorden kommunar avstår frå å få styrehonorar.  Godtgjersle til valnemnda: 2000 kroner.  Løn dagleg leiar: 574 820 kroner; andre godtgjersler: 4895 kroner. Til saman: 579 715 kroner.		
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Nei.		
<b>Revisor</b>	Bjørgvin Revisjon AS.		
<b>Adresse</b>	Sløvåg, 5960 Dalsøyra.		
<b>Telefon/faks</b>	90 14 20 25		
<b>E-post</b>	<a href="mailto:ragnhild@gmu.no">ragnhild@gmu.no</a>		
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://www.gmu.no">www.gmu.no</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kroner)	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>

Sum driftsinntekter	865	889	843
Driftsresultat	-160	-148	-360
Resultat etter skatt	169	112	-48
Totalkapitalrentabilitet	1,3 %	0,9 %	-0,3 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	1 515 %	1 486 %	1 561 %
Eigenkapitalprosent:	99 %	99 %	99 %
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	I 2017 hadde selskapet eit negativt driftsresultat på 0,360 mill. kr. Renteinntekter utgjer om lag 0,291 mill. kr og resultat etter skatt vert - 0,048 mill. kr.  Av driftsinntektene på 0,843 mill. kr har selskapet motteke driftstilskot frå Gulen kommune på 0,557 mill. kr og frå Masfjorden kommune på 0,250 mill. kr.  Selskapet har ikkje langsiktig gjeld. Kortsiktig gjeld er berre 0,151 mill. kr og omløpsmidlar er om lag 13 mill. kr. Dette gir ein svært god arbeidskapital. Eigenkapitalen er på 16,6 mill. kr, og utgjer 99% av totalkapitalen. Selskapet syner difor ein svært god soliditet.		
<b>Viktige hendingar</b>	Næringsutvikling og profilering av regionen har vore viktige område også i 2017. Starthjelp til etablerarar, og støtte til søknad om offentlege midlar har blitt eit etablert tilbod frå Gulen og Masfjorden Utvikling (GMU). GMU har i 2017 delteke på næringslivsmesser, konferansar og andre fora for å profilere regionen og få ut relevant informasjon. Dette er ein del av arbeidet med å tiltrekke nye og større næringsaktørar til regionen.  GMU og NAV arrangerte jobb- og bustadmessa Spydspiss i Vidsyn i november med 12 bedrifter og 120 deltagarar til stades.  I 2017 har GMU jobba mykje med nye næringar innan havbruk og prosjekt for området Oppedal-Brekke. GMU har òg utført administrativt arbeid for Gulen og Masfjorden Næringsråd som før.  Selskapet har hatt eit noko redusert aktivitetsnivå i andre halvdel av 2017 i samband med tilsetjing av ny dagleg leiar i selskapet den 1.7.2017. Ferdigstillinga av arbeidsplanen for 2016, om å legge større vekt på nordaustlege delar av kommunane, vart utsett til sommaren 2018.  På ordinær generalforsamling 30. mai 2018 vedtok generalforsamlinga å endre vedtekten til at styremedlemene vert valde for to år, og slik at berre halvparten av medlemene er på val kvart år. Formålet med endringa er å sikre kontinuitet i styret.  SIVA ønskjer å selje sine aksjar i selskapet, men etter diskusjon på eigarmøte våren 2018 gav dei uttrykk for at dei vil bruke noko tid på prosessen.  GMU er lokalisert i Sløvåg industrihamn, men har gjennom 2017 også		

	<p>hatt kontordagar på Matre.</p> <p>I siste halvdel av 2017 byrja GMU på arbeidet med å lage ein forvalningsstrategi for likvide midlar. GMU har også utforma retningsliner for kva prosjekt GMU kan investere i av lokale prosjekt.</p>
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	Stor aktivitet i næringslivet i regionen betyr at jobbskapinga er solid. GMU ser det som ei større utfordring å skaffe nok arbeidskraft til regionen.
<b>Mål med eigarskapen</b>	Næringsutvikling: Eigarskapen i selskapet er i samsvar med fylkeskommunen sitt mål om å bidra til regional næringsutvikling. Selskapet bidrar til styrking av næringsgrunnlaget i Gulen/Masfjorden.
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstøylenleg?</b>	Selskapet arbeider med næringsutvikling og samsvarer i utgangspunktet med eitt av kriteria for fylkeskommunal eigarskap.
<b>Tilråding</b>	<b>Vidareføre eigarskapen.</b>

## Innovasjon Norge

<b>Føremål</b>	<p>Selskapet er eit særlovselskap, der selskapets styre har eit sjølvstendig ansvar for verksemda og selskapet sine resultat.</p> <p>Selskapet sitt føremål er å vere staten og fylkeskommunane sitt verkemiddel for å realisere verdiskapande næringsutvikling i heile landet, og bidra til å utvikle ulike distrikt og regionar sine næringsmessige moglegheiter gjennom å bidra til innovasjon, internasjonalisering og profilering. Innovasjon Norge skal samarbeide med Sametinget om næringsutvikling i samiske område.</p> <p>Hovudmålet er at selskapet skal utløyse bedrifts- og samfunnsøkonomisk lønsam utvikling og dei næringsmessige moglegheitene til dei ulike regionane. Selskapet skal utarbeide dokumentasjon om verksemda si evne til å oppfylle føremålet.</p>
<b>Etablert</b>	19.12.2003.
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	<p>Eigarprosent: 2,58. Innskoten kapital frå fylkeskommunen: 505 474 kroner.</p> <p>Selskapet er eigmeld av staten med 51 prosent og av fylkeskommunane med ein eigardel på til saman 49 prosent. Kvar fylkeskommune har like stor eigardel.</p> <p>Den totale innskotskapitalen i selskapet er 19,6 mill. kroner. Staten sin innskotskapital er 10 mill. kroner. Fylkeskommunane sin innskotskapital er til saman og likt fordelt 9,6 mill. kroner.</p>
<b>Forretningskontor</b>	Oslo kommune.
<b>Rettslege rammer</b>	Lov om av 19.12.03 nr. 130 om Innovasjon Norge.
<b>Rammer</b>	<p>Vedtekten datert 19.12.03, revidert 21.06.05, 17.12.09, 18.06.13, 18.06.14, 05.07.16 og 19.06.17.</p> <p>Strategiplan 2016-2020.</p>
<b>Etiske retningsliner</b>	Selskapet er tilknytt FNs Global Compact og følgjer GC sine ti prinsipp for godt samfunnsansvar. Prinsippnotat om samfunnsansvar vedteke i 2011. Selskapet har etiske retningsliner og varslingsrutinar.

	I 2015 vedtok styret til selskapet ny Bærekraftstrategi for 2016-2020. Denne set rammene for alt arbeid i Innovasjon Norge. Leiargruppa vedtok egne prinsipp for «God Forretningskikk – Innovasjon Norges forventninger til kunder og samarbeidspartnere» - i april 2016.
<b>Føretaksmøte</b>	<p>Eigarane møter på føretaksmøte. Styret i selskapet førebud saker til møtet.</p> <p>Det er krav til simpelt fleirtal av innskotskapitalen som er representert i føretaksmøtet, dersom ikkje eit anna fleirtalskrav følgjer av vedtekten.</p> <p>Fylkesordføraren er eigarutsending, og møtte på føretaksmøtet i 2018.</p>
<b>Val av styre</b>	<p>Selskapet skal ha eit styre på minst ni medlemer. Ved handsaming av administrative saker supplerast styret med ytterlegare to styremedlemer eller varamedlemer som vert vald av og blant dei tilsette. Medlemene vert valde for to år, og det er høve til å forlenga funksjonstida.</p> <p>Val vert førebudde av ein valkomité.</p> <p>Aksjelova sine føresegner om representasjon av begge kjønn i styre skal føljast.</p>
<b>Styresamansetning</b>	<p>Styret vart vald ved føretaksmøte i 2018, og har funksjonstid fram til avslutta føretaksmøte i 2020. Styret er sett saman slik:</p> <p>Styreleiar: Gunnar Bovim.      Nestleiar: Jørand Ødegård Lunde.      Styremedlem: Sigbjørn Johnsen.      Styremedlem: Merethe Nygaard Kristiansen.      Styremedlem Eirik Wærness.      Styremedlem: Jan Løkling.      Styremedlem: Arvid Andenæs.      Styremedlem: Helene Falck Fladmark.      Styremedlem: Kristin Misund.      Tilsettvald styremedlem: Gaute Hagerup.      Tilsettvald styremedlem: Leela Borring Låstad.</p> <p>Varamedlem: Britt Haraldsen      Varamedlem: Morten Brugård      Varamedlem: Tore Alfheim</p> <p>Valkomitéen: Ingelise Arntsen (leiar), Gunn-Marit Helgesen og Cathrine Meland.</p>
<b>Styregodtgjersle 2018 og dagleg leiarers godtgjersle i 2017</b>	<p>Styreleiar: 309 000 kroner per år.</p> <p>Nestleiar: 185 000 kroner per år.</p> <p>Styremedlemer: 154 000 kroner per år.</p> <p>Tilsettrepresentantar: 99 300 kroner per år.</p> <p>Tilsette sine vararepresentantar: 5 000 kroner per møte.</p> <p>Medlemer av valkomitéen: 3 800 kroner per møte.</p> <p>Løn administrerande direktør: 2 732 000 kroner, andre godtgjersler: 12 000. Til saman: 2 744 000 kroner.</p>
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Nei.

<b>Revisor</b>	Deloitte AS.
<b>Adresse</b>	Postboks 448 Sentrum, 0104 Oslo.
<b>Telefon/faks</b>	22 00 25 00.
<b>E-post</b>	<a href="mailto:post@innovasjonnorge.no">post@innovasjonnorge.no</a>
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://www.innovasjonnorge.no">www.innovasjonnorge.no</a>

**Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:**

(mill. kr)	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
Sum driftsinntekter	1 231	1 217	1 214
Driftsresultat	-156	-161	-160
Resultat etter skatt	263	211	301
Totalkapitalrentabilitet	2 %	2 %	2 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	2 %	2 %	2 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	81 %	82 %	76 %
Eigenkapitalprosent	15 %	16 %	15 %

<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	Driftsinntektene i 2017 er på 1 214 mill. kr. Rekneskapen viser eit overskot på 0,3 mill. kr.  Frå fond for risikolån og garantiar vert det overført om lag 15,7 mill. kr til eigarane, av dette får Sogn og Fjordane fylkeskommune 1,4 mill. kr.  Eigenkapitalprosenten er på 15 %. Arbeidskapitalen i prosent av driftsinntekter er svekka, men syner likevel god likviditet, medan lønnsemd og sjølvfinansiering i prosent av driftsinntekter ligg stabilt.
------------------------------------	--

<b>Viktige hendingar</b>	I 2017 har selskapet arbeidd for å følgje opp eigarar og oppdragsgjevarar sitt ønskje om å bidra til eit Noreg i omstilling. Selskapet sitt hovudfokus har vore å auke tilgangen på risikokapital til norsk næringsliv, bidra til auka eksport og internasjonalisering gjennom risikoavlasting og eksportbistand, og å gje oppdragsgjevarane innovasjonspolitiske råd.  Innovasjon Norge bidrog med 7,3 milliardar kroner til næringslivet i 2017. Midlane utløyste investeringar på til saman 20,8 milliardar kroner. Tal fra SSB for 2017 indikerer at effekten av stønad frå Innovasjon Norge held seg på eit stabilt høgt nivå.  I fase 1 av Innovasjon Noregs omstillingsreise har selskapet arbeidd med forbetring og utvikling av arbeidsprosessar, organisering og digitale flater. I 2017 innførte Innovasjon Norge første fase av ein ny og enklare tenestemodell, der kompetanse, rådgjeving og finansielle tenester vert kopla meir direkte mot kundanes overordna ambisjonar og behov.  For 2017 har Innovasjon Norge styrka kunnskapsgrunnlaget for å kunne utøve rolla si regionalt, og har for første gong effekttal på fylkesnivå.  I januar 2017 fekk Innovasjon Norge i oppdrag å styrke Noregs grøne
--------------------------	--

	<p>offensive profil, for å sikre auka eksport, gje fleire samhandlingsarenaer og gjere Noreg til eit meir attraktivt land å investere i. For å synleggjere tilbodet til norske aktørar frå eit samla verkemiddelapparat, har Innovasjon Norge, saman med andre aktørar, etablert eit felles eksportteam.</p> <p>I 2017 har Innovasjon Norge samarbeida med andre verkemiddelaktørar på strategisk og operativt nivå om det norske klyngeprogrammet, innspeil til «industrimeldingen», utvikling av samarbeidet med fylkeskommunane og etableringa av SIVAs katapultprogram.</p> <p>Endringar i lov om Innovasjon Norge tok til å gjelde 1. januar 2017. Endringane medfører mellom anna opphør av den tidlegare altomfattande eigargarantien for forpliktingane til selskapet. Dette inneber at selskapet i større grad vil vere ansvarleg for eigne skyldnader – særleg skyldnader knytt til drifta av selskapet. Lovendringa har ført til ei revidering av vedtekten til selskapet, sjå mellom anna vedtaket til Fylkestinget i FT-sak 7/17.</p> <p>I FT-sak 20/18 vedtok fylkestinget å støtte forslaget til endringar i eigaravtala for Innovasjon Norge. Fylkestinget gav samstundes den fylkeskommunale eigargruppa i oppdrag å utarbeide forslag til avtale om ivaretaking av den fylkeskommunale eigarskapen i selskapet.</p> <p>I justert eigaravtale mellom staten, ved NFD, og fylkeskommunane står det at eigarane skal utarbeide felles eigarstrategi. Eigarstrategien skal regulere samarbeidsforholdet mellom staten og fylkeskommunane eller -regionane som eigrarar. Strategien skal også vise satsingsområde og styringssignal som det er semje om, slik at eigarane i fellesskap kan drive eit aktivt og dynamisk eigarskap. I FT-sak 21/18 vedtok fylkestinget å godkjenne framlagt eigarstrategi som grunnlag for oppfølging av det administrative arbeidet med Innovasjon Norge.</p> <p>Fra og med november 2017 vart det etablert felles leiing for Innovasjon Norge sine kontor i Hordaland og Sogn og Fjordane.</p>
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	<p>Innovasjon Norge skal i 2018 bidra til «eit Noreg i omstilling» gjennom å styrke tilgangen på risikokapital, bidra til auka eksport av berekraftige løysingar og gi innovasjonspolitiske råd.</p> <p>Selskapet rettar no blikket framover i fase 2 av omstillingsreisa (2018-2020) ved å sjå på korleis erfaringar og ny kunnskap vert trekt inn i omstillingsprosessen, og på kva løysingar som best får fram eit enda meir målretta og effektivt Innovasjon Norge for framtida.</p> <p>I 2017 vart samarbeidsmodellen, med rammeverk for å styrke den strategiske dialogen med fylkeskommunen og verkemiddelapparatet regionalt, ferdig. Planen vert sett i verk i 2018.</p>
<b>Mål med eigarskapen</b>	Innovasjon Norge er ein viktig reiskap i næringsutviklinga i Noreg og i Sogn og Fjordane.
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	Det har ikkje skjedd endringar per dags dato som tilseier at det skal skje endring i eigarskapen. Fylkeskommunalt eigarskap er framleis føremålstenleg.
<b>Tilråding</b>	<b>Vidareføre eigarskapen.</b>

## Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS

<b>Føremål</b>	<p>Selskapet skal medverke til auka verdiskaping og nyetablering innanfor kunnskapsintensive verksemder lokalt og regionalt, og å få nasjonalt kunnskapsbaserte arbeidsplassar til fylket.</p> <p>Selskapet skal vere ein pådrivar overfor næringslivet og forskings- og høgskulemiljøet i fylket og på den måten stimulere til kommersialisering av FoU-resultat og forretningsidear med stort potensiale.</p> <p>Selskapet skal gjennom det nasjonale SIVA-nettverket for innovasjon og nyskaping fungere som eit nav med næringshagane i det lokale nettverket, for å oppnå meirverdi av den etablerte kunnskapen i fylket.</p> <p>Selskapet skal ha ein desentralisert oppbygnad, og gjennom formidling av idear og kompetanse initiere og medverke til nyskaping og omstilling i næringslivet i fylket.</p> <p>Selskapet kan eige aksjar i andre selskap og gå inn med kapital i nyetablerte verksemder og verksemder som er i ein utviklingsfase, og skal gjennom slike investeringar og fortløpende prosjektoppdrag, også oppnå lønsemd for selskapet. Selskapet skal ha ein innløysingsavtale for aksjeinvesteringane.</p>
<b>Etablert</b>	06.07.2001.
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	<p>Eigarprosent: 38,17. Aksjane sin pålydande verdi: 2 500 000 kroner.</p> <p>Andre eigarar: Fjord Invest Såkorn AS, SIVA, Sogndal kommune, Stryn Næringshage, Helse Førde og Sparebanken Sogn og Fjordane.</p> <p>Aksjekapitalen er på 6 550 000 kroner fordelt på 6 550 aksjar à 1000 kroner.</p>
<b>Forretningskontor</b>	Sogndal kommune.
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova.
<b>Rammer</b>	Vedtekter av 10.09.2004. Strategiplan 2013-2015, sist oppdatert 7. mai 2013.
<b>Etiske retningslinjer</b>	Verdigrunnlaget for selskapet er omtala i strategiplanen.
<b>Generalforsamling</b>	Ikkje noko særskilt regulert.  Karen Marie Hjelmeseter er eigarutsending. Endre Høgalmen møtte på generalforsamlinga i 2018.
<b>Val av styre</b>	Styret skal vere sett saman av fem til sju medlemer.  Selskapet har valkomité. Komiteen skal i tillegg til innstilling av styre, også ta stilling til honoraret til styret.
<b>Styresamansetning</b>	<p>Etter generalforsamlinga i 2018 er styret sett saman slik:</p> <p>Styreleiar: Vidar Grønnevik.      Styremedlem Hjørdis Vik.      Styremedlem: Bjørg Kristin Selvik.      Styremedlem: Terje Laberg.      Styremedlem: Endre Høgalmen.      Styremedlem: Ragnar Waalen.</p>

	Varamedlem: Astrid Hove.  Valkomiteen: Karen Marie Hjelmeseter (leiar), Aud Ingrid Espeland og Jarle Aarvoll.		
<b>Styregodtgjersle 2017 og dagleg leiars godtgjersle 2017</b>	Styreleiar: 35 000 kroner per år, pluss 3 000 kroner per møte.  Styremedlemer: 7 000 kroner per år, pluss 3 000 per møte.  Ved deltaking på møte per video/telefon frå heim eller arbeidsplass vert møtegodtgjersla utbetalt med 50 prosent.  Dagleg leiar si løn: 850 000 kroner; anna godtgjersle: 34 399 kroner; pensjonskostnader: 32 400 kroner. Til saman: 916 799 kroner.		
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Nei.		
<b>Revisor</b>	PricewaterhouseCoopers AS.		
<b>Adresse</b>	Fosshaugane Campus, Trolladalen 30, 6856 Sogndal.		
<b>Telefon/faks</b>	95 20 65 74		
<b>E-post</b>	<a href="mailto:kjetil@kpsf.no">kjetil@kpsf.no</a>		
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://www.kpsf.no">www.kpsf.no</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
Sum driftsinntekter	6 652	6 995	6 994
Driftsresultat	- 64	2	-216
Resultat etter skatt	4	35	1 516
Totalkapitalrentabilitet	0,1 %	0,4 %	18 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	97 %	93 %	101 %
Eigenkapitalprosent:	89 %	88 %	89 %
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	Selskapet har eit negativt driftsresultat i 2017 på 0,216 mill. kr, før finansinntekter. Årets resultat etter finans er på 1,5 mill. kr.  Med ein eigenkapital på om lag 8,3 mill. kr ved utgangen av 2017 er selskapet sin likviditet og soliditet god.		
<b>Viktige hendingar</b>	Kunnskapsparken har ei aktiv rolle i SIVA sitt innovasjonsnettverk i Sogn og Fjordane. I den rolla er selskapet i tett dialog med det kommunale nærings- og arbeidslivet, mellom anna for å kunne avdekke moglege spin-offs i eksisterande arbeidsliv. Representantar fra Kunnskapsparken har gjennom året vore aktive i kontakt med arbeidslivet, og i deltagninga på lokale, regionale og nasjonale workshops, seminar og konferansar.  Kunnskapsparken er ein del av inkubatornettverket til SIVA, med Sogn		

	<p>og Fjordane som arbeidsområde. I 2016 styrka SIVA det nasjonale inkubasjonsprogrammet og utvikla ein ny modell for differensiering av tilskot til inkubatorane. Kunnskapsparken er plassert på nivå to av fire. Frå 1.7.2018 auka SIVA tilskotsnivået frå 2 mill. kr til 3 mill. kr. Status og måloppnåing for selskapet som inkubator i 2017, målt i tal, er på over 100 %.</p> <p>Selskapet engasjerer seg i Foreininga for Innovasjonsselskap i Norge (FIN), som er interesseorganisasjon for bedriftsklynger. Kunnskapsparken har også samarbeid med Connect Vest (CV) og Bergen Teknologioverføring (BTO), og er medeigar/styrerrepresentant i Sogn og Fjordane næringsråd og Framtidsfylket AS. Kunnskapsparken er også medlem av representantskapet i IT-forum Sogn og Fjordane.</p> <p>I byrjinga av 2017 tilbaud Fjord Invest Såkorn AS inntil 2500 av sine aksjar i Kunnskapsparken AS for sal. Eksisterande aksjonærar vart informerte om forkjøpsrett på aksjane. I 2017 kjøpte Sparebanken Sogn og Fjordane 100 og Helse Førde 50 aksjar i selskapet. Salsprisen per aksje var 1000 kroner.</p>
<b>Viktige planar for dei komande åra</b>	<p>Kunnskapsparken er framleis involvert i ulike oppdrag og prosjekt, mellom anna NYBROT, SPV-fondet, Release (til og med våren 2018), Grønt Skifte, Techub Stryn, Teknologicampus Førde, Peak Sunnfjord, Innovasjonsbygg Fosshaugane Campus, Prosjektstilling om kultur for innovasjon, Fjordomics, som kommersialiseringssaktør for HVL og HF, Framtidsblokk, Accel og i BAN (Business Angel Network) Sogn og Fjordane. I 2018 startar selskapet opp fleire store prosjekt.</p> <p>Selskapet vil fram mot hausten arbeide med sikte på å kunne søke om fleire midlar som inkubator i haust.</p>
<b>Mål med eigarskapen</b>	Føremålet med eigarskapen er næringsutvikling. Gjennom eigarskap i selskapet og Fjord Invest Såkorn AS har fylkeskommunen vore utløysande for å etablere ein reiskap for nyskaping og utvikling i regionen. Saman med investering i Fjord Invest Såkorn AS er investeringa i Kunnskapsparken viktig med omsyn til å skape nye verksemder i fylket.
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	Eigarskapen i selskapet er framleis føremålstenleg. Selskapet har etablert seg som ein god aktør i FoU-miljøet. Vidare har fylkeskommunen som eigar ei viktig rolle i den partnarskapen som finansierer selskapet.
<b>Tilråding</b>	<b>Vidareføre eigarskapen.</b>

## Lutelandet Utvikling AS

<b>Føremål</b>	Selskapet sitt føremål er å arbeide for utnytting av Lutelandet til næringsføremål, samt arbeide for næringsutvikling i regionen rundt Lutelandet.
<b>Etablert</b>	26.05.2005.
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	<p>Eigarprosent: 48. Aksjane sin pålydande verdi: 768 000.</p> <p>Andre eigarar er Fjaler kommune (34 %), Askvoll kommune (6 %), Hyllestad kommune (6 %) og Solund kommune (6 %).</p> <p>Selskapet sin aksjekapital er kr 1 600 000,- fordelt på 1 600 aksjar à kr 1 000,-, fullt innbetalt og lydande på namn.</p> <p>Etter § 11 i vedtektena er det avgrensingar i omsetning av aksjane.</p>

<b>Forretningskontor</b>	Fjaler kommune.		
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova.		
<b>Rammer</b>	Vedtekten av 4.11.2010.		
<b>Etiske retningsliner</b>	Er ikkje omtalt.		
<b>Generalforsamling</b>	Følgjer reglane om generalforsamling i aksjelova.  Fylkesordføraren er eigarutsending til selskapet, og møtte på ordinær generalforsamling i 2018.		
<b>Val av styre</b>	Etter vedtektsendring i 2016 skal styret bestå av tre til fem medlemer. Fylkeskommunen peikar ut minst ein representant.  Selskapet har valkomité.		
<b>Styresamansetning</b>	Etter generalforsamlinga i 2018 er styret sett saman slik:  Styreleiar Arve Helle (attval) Audun Erik Sunde (SFFK) (attval) Ingunn Sognnes (attval) Leonora Laukeland Kleiven (attval) Geir Opseth  Valnemnd: Ole André Klausen (leiar), Marita Solhiem, Hilmar Høl.		
<b>Styregodtgjersle for 2018 og dagleg leiars godtgjersle i 2017</b>	Styreleiar: 60 000 kr.  Andre styremedlemmar: 3 000 kr per møte og 1 000 kr per telefonomøte.  Selskapet har i 2017 sysselsett 0,2 årsverk. Arve Helle fungerer både som styreleiar og dagleg leiar i ei avgrensa stilling.		
<b>Fylkeskommunalt lån/garanti</b>	Nei. Selskapet innfridde i 2017 eit lån hjå fylkeskommunen på kr 400 000.		
<b>Revisor</b>	Deloitte AS.		
<b>Adresse</b>	v/Accountor HAFS, Postboks 13, 6961 DALE I SUNNFJORD		
<b>Telefon/faks</b>	57 73 63 22.		
<b>E-post</b>	<a href="mailto:arve@lutelandet.no">arve@lutelandet.no</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
Sum driftsinntekter	1 374	252	300
Driftsresultat	-991	-1 998	-1 666
Resultat etter skatt	-313	230	-14 094
Totalkapitalrentabilitet	-1 %	1 %	2 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-39 %	10 %	745 %

Arbeidskapital i % av driftsinntekter	-152 %	-142 %	- 60 %
Eigenkapitalprosent:	93 %	94 %	93 %
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	<p>Lutelandet Utvikling AS leverer eit negativt driftsresultat på om lag 1,7 mill. kr. Mykje av årsaka til dette er eit administrativt bidrag på 1,2 mill. kr til HAFS Utvikling AS.</p> <p>Vidare har Lutelandet utvikling AS eit negativt årsresultat på om lag 14 mill. kr i 2017, og skuldast at det er føreteke ei ekstraordinær nedskriving med om lag 14,7 mill. kr av eigarposten i Lutelandet Eigedom (LE). Nedskrivinga skuldast at eigenkapitalen i LE er ein del lågare enn balanseført, og det er ikkje venta å vere forbigåande. Det negative resultatet reduserer eigenkapitalen, og Lutelandet Utvikling har no ein eigenkapitalprosent på 93 %. Den sterke eigenkapitalen i selskapet kjem i hovudsak frå verdien på aksjane i Lutelandet Eigedom AS, som etter nedskrivinga er bokført til om lag 34,8 mill. kr. I tillegg har Lutelandet Utvikling AS ført opp ein aksjekapital i HAFS Utvikling AS på 50 000 kr.</p>		
<b>Viktige hendingar</b>	<p>Drifta av Lutelandet Utvikling AS er hovudsakleg finansiert gjennom prosjektarbeid og utbyte, i all hovudsak for/frå datterselskapet Lutelandet Eigedom AS, som vart skipa i 2008. Lutelandet Eigedom AS eig eit industriareal regulert til industriformål. Industriarealet er utleigd- og festa bort til LLOF Site &amp; Dry Dock AS.</p> <p>Det britiske selskapet Veolia demonterer YME-plattforma ved industriområdet på Lutelandet. Dette er det første konkrete oppdraget for ei industrisatsing på Lutelandet. Arbeidet starta i august 2016.</p> <p>Etter å ha gjennomført ulike kartleggingar og undersøkingar vart eigarkommunane i 2017 samde om avvikling av datterselskapet HAFS Utvikling AS.</p>		
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	<p>I samband med avvikling av HAFS Utvikling AS er eigarane av Lutelandet Utvikling AS innstilte på at selskapet skal drive aktiv utvikling på området. Styret er gjeve fullmakt til å finne best mogleg organisasjonsform. Styret melder tilbake til eigarane i samband med generalforsamling, eller på eit tidlegare tidspunkt dersom styret vurderer det som naudsynt.</p> <p>Selskapet sin likviditet er sikra gjennom avtalefesta inntekter, og styret vurderer situasjonen slik at det ligg til rette for framleis drift.</p> <p>I samsvar med føremålet vil selskapet fortsette arbeidet for å sikre aktivitet på Lutelandet.</p>		
<b>Mål med eigarskapen</b>	<p>Selskapet er eit reint utviklingsselskap som skal verke for utnytting av Lutelandet i Fjaler som industriområde. Selskapet vart skipa i 2005 med fylkeskommunen som hovudaksjonær.</p>		
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	<p>Selskapet arbeider med næringsutvikling og samsvarer i utgangspunktet med eitt av kriteria for fylkeskommunalt eigarskap.</p>		
<b>Tilråding</b>	<p><b>Vidareføre eigarskapen.</b></p>		

## Njøs Næringsutvikling AS

<b>Føremål</b>	Selskapet sitt føremål er å drive med rådgjeving og produkt-/marknadsutvikling. Selskapet skal leie utviklingsprosjekt primært retta mot frukt og bær og andre prioriterte landbruksprodukt. Vidare skal selskapet kunne investere i andre selskap i same bransje.
<b>Etablert</b>	29.08.2007.
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	<p>Eigarprosent: 22,2. Aksjeposten sin pålydande verdi: 100 000 kr.</p> <p>Andre eigarar: Graminor AS, Gartnerhallen, Lerum AS, Innvik Fruktlager, Sognefrukt, Lærdal Grønt, Vangsnæs Grønt, Luster Grønt, Sognabær og Gloppen Produsentlag.</p> <p>Selskapet sin aksjekapital er på 450 000 kr fordelt på 45 aksjar á 10 000 kr fullt innbetalt og lydande på namn.</p>
<b>Forretningskontor</b>	Leikanger kommune.
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova.
<b>Rammer</b>	Vedtektene av 29.08.2007.
<b>Etiske retningslinjer</b>	Vert ikkje omtala i årsmeldinga.
<b>Generalforsamling</b>	<p>Innkalling til generalforsamling skjer med minimum 14 dagars varsel.</p> <p>Fylkesrådmannen er eigarutsending frå fylkeskommunen. Paal Fosdal møtte med fullmakt på generalforsamlinga i 2018.</p>
<b>Val av styre</b>	Styret består av tre til seks medlemer etter generalforsamlinga si nærmere avgjerd. Generalforsamlinga vel styret sin leiar ved særskilt val for eit år om gongen. Selskapet har valnemnd.
<b>Styresamansetning</b>	<p>Etter generalforsamlinga i 2018 er styret sett saman slik:</p> <p>Idun Christie (styreleiar)  Jens Terje Hammervoll  Eyvind Reme  Gro Lerum Bondevik  Anders Voll Eltun  Ivar A. Slinde</p> <p>Valnemnd:  Grethe Kristin Lerum (leiar)  Mathias Hestenes</p>
<b>Styregodtgjersle for 2017 og dagleg leiars godtgjersle i 2017</b>	<p>Styregodtgjersla er uendra frå året før.</p> <p>Styreleiar: 10 000 kr.</p> <p>Styremedlem: 5 000 kr.</p> <p>Møtegodtgjersle for alle: 1 700 kr pr. styremøte.</p> <p>Telefonmøte: 500 kr pr. møte.</p> <p>Reiser skal refunderast etter staten sitt regulativ.</p> <p>Dagleg leiar: 467 477 kr i løn, og 9 356 kr i pensjonsytingar.</p>

<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Nei.
<b>Revisor</b>	Deloitte AS.
<b>Adresse</b>	Njøsavegen 5, 6863 Leikanger.
<b>Telefon/faks</b>	957 34 576.
<b>E-post</b>	<a href="mailto:post@njos.no">post@njos.no</a>
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://www.njos.no/">www.njos.no/</a>

**Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:**

(1000 kr)	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
Sum driftsinntekter	5 486	5 925	5 137
Driftsresultat	203	113	39
Resultat etter skatt	182	81	30
Totalkapitalrentabilitet	8 %	3 %	1 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	28 %	28 %	32 %
Eigenkapitalprosent:	55 %	53 %	60 %

<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	Rekneskapen syner eit årsresultatet på 0,030 mill. kr. Overskotet vert tilført eigenkapitalen. Eigenkapitalen utgjer no 60 % av totalkapitalen. Selskapet har ingen langsiktig gjeld, men har ein kortsiktig gjeld på om lag 1,3 mill. kr og omløpsmidlar på om lag 3 mill. kr. Arbeidskapitalen er difor god.
<b>Viktige hendingar</b>	Selskapet har i alt 17 prosjekt i gang, og 25 prosjekt som er avslutta.
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	Selskapet har 17 prosjekt i gang. Prioriterte område er nye vekstar, nye produkt, økologisk dyrking, genetiske ressursar, kvalitetssystem og teknologiutvikling/- overføring for å auka verdiskapinga innan frukt- og grøntsektoren i Sogn og Fjordane.
<b>Mål med eigarskapen</b>	Næringsutvikling: Fylkeskommunen etablerte selskapet saman med Graminor AS, Gartnerhallen, Lerum AS og frukt-/bærmottaka i fylket i 2007. Føremålet var å sikre vidareføring av det viktige FoU-miljøet på Njøs etter at Graminor trekte seg ut. Det var naudsynt med ei langsiktig satsing på kompetansebygging for å bidra til vekst/lønsemid i frukt- og bærnæringa i fylket. I FT-sak 54/06 vart det lagt opp til at fylkeskommunen skulle vere aktiv eigar i 5-10 år, for å sikre at selskapet fekk eit godt fagleg og økonomisk fundament.
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	Under handsaming av Eigarmelding 2014 vedtok fylkestinget å starte ein prosess med å avvikle eigarskapen. Fylkeskommunen har forsøkt å selje aksjane, men har ikkje funne aktuelle kjøparar.  Ved brev av 6. november 2017 oppmoda styreleiar og dagleg leiar i selskapet fylkeskommunen om å revurdere standpunktet om sal. I brevet vart det opplyst at styret i Graminor AS vurderte å samle all frukt- og bærforedling på Njøs i Leikanger kommune. Njøs

	Næringsutvikling AS ønskte difor at Sogn og Fjordane fylkeskommune held fram som eigar for å signalisere at fylkeskommunen framleis står bak selskapet. I FT-sak 46/17 vedtok fylkestinget å vidareføre eigarskapen i Njøs utvikling inntil vidare. Vidare vedtok fylkestinget at dei skal vurdere eigarskapen på nytt ved handsaminga av Eigarmelding 2018. Av e-post av 5. september 2018 går det fram at styret framleis vurderer kva som skal og kan gjerast med satsing, struktur og lokalisering av frukt- og bærforedlinga. Leiinga i selskapet er tydelege på at fylkeskommunal eigarskap i selskapet vil sende eit viktig signal i den pågående prosessen. Etter invitasjon frå styret skal fylkeskommunen delta på styremøte 12. september 2018.
<b>Tilråding</b>	<b>Vidareføre eigarskapen inntil vidare.</b>

## Opplæringsfartøy AS

<b>Føremål</b>	Selskapet sitt føremål er å eige og drive fiskefartøy på ideell basis etter aksjelova § 2-2 (2), hovudsakleg ved å stille fartøyet til disposisjon for Måløy vgs. til bruk i opplæring. Avtalen med skulen gjeld for eitt år av gongen.
<b>Etablert</b>	05.03.2002
<b>Aksjekapital/</b>	Eigarprosent: 76,5. Aksjane sin pålydande verdi: 600 000 kr.
<b>Fylkeskommunal eigardel</b>	Aksjekapitalen er 784 000 kr fordelt på 784 aksjar kvar lydande på 1 000 kr.
<b>Forretningskontor</b>	Vågsøy kommune
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova
<b>Rammer</b>	Vedtekten av 05.03.02, sist endra 17.11.16.
<b>Etiske retningslinjer</b>	Årsmeldinga omtalar arbeidsmiljøet.
<b>Generalforsamling</b>	Selskapet følgjer reglane i aksjelova, og har ikkje særskilde rammer for generalforsamlinga nedfelt i vedtekten.  Karianne Torvanger er eigarutsending frå fylkeskommunen. Alfred Bjørlo møtte med fullmakt på ordinær generalforsamling i 2018.
<b>Val av styre</b>	Selskapet sitt styre skal ha fire medlemer. To av styremedlemene skal veljast av personar som er foreslegne frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, éin styremedlem veljast blant personar som er foreslegne av og valde blant dei tilsette ved maritime og marine utdanningsprogram ved Måløy vgs., og éin styremedlem skal veljast av personar som er foreslegne av Sogn og Fjordane Fiskarlag.
<b>Styresamansetning</b>	Etter ordinær generalforsamling i 2018 er styret sett saman slik:  Ottar J. Aare (leiar, SFFK) Kari Morvik (SFFK) Geir Mange Røys (Sogn og Fjordane Fiskarlag) Eivind Kåre Birknes (Måløy vgs.)
<b>Styregodtgjersle for 2018</b>	Godtgjersle til styreleiar og styremedlemer følgjer satsane i «Arbeidsvilkår for folkevalde, Gruppe 2».  For 2017 var ytingar til leiande personar kroner 35 300 til styreleiar og kroner 9 200 til styret.

<b>Fylkeskommunalt lån/garanti</b>	Fylkestinget vedtok i sak 37/10 å gje selskapet eit rente- og avdragsfritt lån på 1 mill. kr, for ein periode på inntil 6 år. Lånet vart utbetalt i juni 2010.  I 2016 bad selskapet om reforhandling av låneavtalen. Fylkestinget lenga avtalen med to år, med gjeldande vilkår.
--	---

<b>Revisor</b>	Ernst & Young AS
----------------	------------------

<b>Adresse</b>	Gate 1 106, 6700 Måløy
----------------	------------------------

<b>E-post</b>	<a href="mailto:ottar@nordvest-fjordservice.no">ottar@nordvest-fjordservice.no</a>
---------------	--

#### Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:

(1000 kr)	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
Sum driftsinntekter	3 570	2 609	2 571
Driftsresultat	154	32	- 185
Resultat etter skatt	143	37	-176
Totalkapitalrentabilitet	5 %	2 %	-5 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	32 %	27 %	15 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	- 11 %	- 4 %	10 %
Eigenkapitalprosent:	21 %	24 %	21 %

<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	Rekneskapen for 2017 syner eit negativt resultat på 0,176 mill. kr. Selskapet har ikkje motteke noko tilskot i 2017.  Selskapet har 1, 950 mill. kr i langsiktig gjeld. Av den langsiktige gjelda er 1 mill. kr eit rente- og avdragsfritt lån hjå fylkeskommunen, og om lag 0,950 mill. kr er avsetning som skal dekke framtidige kostnadars til klassing av fartøyet.  Bokført eigenkapital utgjer 21 % av totalkapitalen og er tilfredsstillande. Arbeidskapitalen er styrka i høve 2016 og ligg no på 10 %. Dette er innanfor eit tilfredsstillande nivå.
------------------------------------	---

<b>Viktige hendingar</b>	<p><b>Nytt opplæringsfartøy</b> Fylkeskommunen har over fleire år vurdert behovet for nytt opplæringsfartøy, sjå m.a. FT-sak 45/12.</p> <p>I samband med handsaminga av FT-sak 31/18 Økonomiplan 2019-2022 tok fylkestinget stilling til eit eventuelt kjøp av nytt opplæringsfartøy, mellom anna på bakgrunn av rapporten Skulefartøy Måløy konsept og budsjettpris, utarbeidd av Maritime Engineering for selskapet. Fylkestinget vedtok å løyve 100 mill. kroner til nytt opplæringsfartøy. Det er førebels føersetts at fylkeskommunen kjøper/byggjer båten sjølv og vert eigar av denne. Ved å eige båten sjølv, vert det føersetts at vi får kompensert meirverdiavgifta knytt til investeringa.</p>
--------------------------	--

<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	Fylkesrådmannen legg opp til ei eiga sak til fylkestinget til hausten om nytt opplæringsfartøy som m.a. vil omtale tilråding av type båt/teknologi, vurderingar kring eigarskapen av nytt opplæringsfartøy, årlege driftskostnader og medfinansiering frå fiskerinæringa og andre
--	---

	samarbeidspartar.
<b>Mål med eigarskapen</b>	Næringsutvikling/opplæringsformål: I dag stettar ikkje selskapet nokon av kriteria for fylkeskommunalt eigarskap, men det stettar andre føremål for fylkeskommunen. Å disponere eit opplæringsfartøy er viktig for å kunne tilby den opplæringa Måløy vidaregåande skule tilbyr. Båten fyller ein viktig funksjon for fleire av gruppene ved skulen, mellom anna matfag, motormekanikar, fiske og fangst. Båten er i bruk både ute til sjøs, og som klasserom når den ligg ved land.
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	Det er føremålstenleg å avvente ei vurdering av eigarskapen til saka om nytt opplæringsfartøy har vore oppe i fylkestinget hausten 2018.
<b>Tilråding</b>	<b>Vidareføre eigarskapen.</b>

## Sogn og Fjordane Fondet AS

<b>Føremål</b>	Eigenkapital-investering i bedrifter i Sogn og Fjordane med hovudvekt på bedrifter under skiping og/ eller i ein tidleg utviklingsfase. Selskapet skal stimulere og styrke framvekst av idear frå forsking, næringsliv og gründerar gjennom tilførsel av tidlegfasekapital og kompetanse til oppstartsbedrifter i Sogn og Fjordane. Selskapet skal arbeide etter forretningsmessige prinsipp med siktet på å oppnå tilfredsstillande avkastning for eigarane.
<b>Etablert</b>	09.01.2017
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	Eigarprosent: 50  Aksjeposten sin pålydande verdi: 120 000 kr  Andre eigarar er Sparebanken Sogn og Fjordane og Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane.  Selskapet sin aksjekapital er på 240 000 kr fordelt på 240 aksjar à 1000 kr fullt innbetalt og lydande på namn.
<b>Forretningskontor</b>	Sogndal kommune
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova
<b>Rammer</b>	Vedtekter og aksjonæravtale.
<b>Etiske retningslinjer</b>	
<b>Generalforsamling</b>	Fylkesrådmannen er eigarutsending frå fylkeskommunen, jf. FU-sak 121/16. På generalforsamlinga 13.6.2018 møtte Endre Høgalmen for fylkeskommunen etter fullmakt.
<b>Val av styre</b>	Styret består av tre til sju medlemer etter nærmare avgjerd i generalforsamlinga.  Ifølgje aksjonæravtalen har dei tre aksjonærane rett til å peike ut kvar sin representant til styret i fondet.  Alle investeringar som er i tråd med selskapet sitt føremål skal ha $\frac{3}{4}$ fleirtal i styret for å vere gyldige.
<b>Styresamansetning</b>	Hovudutvalet for næring og kultur peika i sak 9/17 ut Jan Heggheim som fylkeskommunen sin medlem i styret.

	Andre styremedlemer er Vidar Grønnevik (leiar), Ingar Valvik og Thomas Berge.
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Nei.
<b>Revisor</b>	PricewaterhouseCoopers AS
<b>Adresse</b>	Fosshaugane Campus, Trolladalen 30, 6856 Sogndal
<b>Telefon</b>	952 06 574
<b>E-post</b>	<a href="mailto:kjetil@kpsf.no">kjetil@kpsf.no</a>

**Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:**

(1000 kr)	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
Sum driftsinntekter			0
Driftsresultat			0
Resultat etter skatt			3
Totalkapitalrentabilitet			0 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld			-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter			-
Eigenkapitalprosent:			100 %

<b>Økonomiske utvikling i tekst</b>	<p>Selskapet blei skipa den 9. januar 2017. Det er såleis ikkje noko rekneskap for 2015 og 2016.</p> <p>Selskapet gjorde vedtak om investering i fire selskap i 2017; REMB Technologies AS, Woodinwest AS, Webmegling AS og Mental Healt Informatics AS. Fondet betalte ut 0,2 mill. kr til Remb Technologies AS i 2017, og har betalt ut 0,2 mill. kr til Webmegling AS i 2018.</p> <p>Eigenkapitalen er på 5,992 mill. kr.</p>
---	--

<b>Skiping av selskapet og viktige hendingar</b>	<p>I 2016 tok Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane og Sparebanken Sogn og Fjordane initiativ til å etablere eit nytt presåkornsfond som skal tilby risikovillig eigenkapital til nye verksemder i Sogn og Fjordane. I sak 108/16 vedtok fylkesutvalet at fylkeskommunen skulle gå inn som eigar i fondet med 3 mill. kr.</p> <p>Sparebanken Sogn og Fjordane gjekk inn med 1,8 mill. kr, og Kunnskapsparken med 1,2 mill. kr. Partane var samde om at 4% av avtalt kapitalinnskot skulle vere aksjekapital, medan den resterende kapitalen på 96% vart sett av til overkursfond.</p> <p>Selskapets Investeringsportefølje skal ivaretakast av ein forvaltar og av styret i Selskapet. Inntil vidare er Kunnskapsparken Sogn og Fjordane AS (ved dagleg leiar) forvaltar.</p> <p>Fondet har vedteke investeringar i fire verksemder. Investeringa er gjennomført i to av verksemdene per juni 2018.</p>
--	--

<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	Selskapet skal arbeide for å auke aksjekapitalen og overkurs frå 6 mill. kr til eit ønska nivå på 10 mill. kr. Styret har fått fullmakt frå generalforsamlinga til å auke aksjekapitalen ved teikning av aksjar.
<b>Mål med eigarskapen</b>	Næringsutvikling: delta i investeringsselskap og selskap som arbeider med å utvikle næringslivet i fylket.
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	Fylkeskommunen skipa selskapet saman med Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS og Sparebanken Sogn og Fjordane ved årsskiftet 2016/2017.
<b>Status</b>	<b>Vidareføre eigarskapen.</b>

## Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS – nytt selskap

<b>Føremål</b>	Etablere og drive Vitensenteret i Sogn og Fjordane.
<b>Etablert</b>	08.02.18
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	Eigarprosent: 33,3. Aksjane sin pålydande verdi: 1 020 000 kr Aksjekapitalen er 3 060 000 kr, fordelt på 306 aksjar, kvar pålydande kr 10 000.
<b>Forretningskontor</b>	Sogndal kommune
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova.
<b>Rammer</b>	Vedtekter av 08.02.18.
<b>Skipingsmøte</b>	Karen Marie Hjelmeseter representerte fylkeskommunen på skipingsmøtet 8. februar 2018.
<b>Val av styre</b>	Verksemda sitt styre skal ha frå tre til sju medlemer med personlege varamedlemer. Styret vel sjølv leiar.
<b>Styresamansettning</b>	Styreleiar: Tor Arne Ness Nestleiar: Merete Lunde Styremedlem: Liv Synnøve Bøyum Styremedlem: Bjørg Kristin Selvik Styremedlem: Ole Johnny Stubhaug Styremedlem: Roy Egil Stadheim Styremedlem: Ingvar Torsvik Myrvollen  Varamedlem: Einar Vatlestad Varamedlem: Erik Kyrkjebø Varamedlem: Senea Sabanovic Varamedlem: Ivar Petter Grøtte Varamedlem: Agnar Holen Varamedlem: Marit Aakre Tennø <sup>1</sup> Varamedlem: Jan Einan
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Nei.
<b>Revisor</b>	Deloitte AS
<b>Adresse</b>	Skarpeteigvegen 1, 6854 Kaupanger
<b>E-post</b>	<a href="mailto:jan@vidsyn.as">jan@vidsyn.as</a>

<b>Nettadresse</b>	<a href="http://vitensentersfj.no/">http://vitensentersfj.no/</a>
<b>Skiping av selskapet og viktige hendingar</b>	<p>Kaupanger næringsforening skipa i 2016 Kaupus AS for å realisere ideen om eit vitensenter for Sogn og Fjordane på Kaupanger i Sogndal kommune. I november 2017 inviterte Kaupus AS fylkeskommunen og fleire andre aktørar til å teikne aksjar i Vitensenteret Sogn og Fjordane AS.</p> <p>I tillegg til fylkeskommunen teikna følgjande aktørar aksjar i selskapet:</p> <p>Høgskulen på Vestlandet, Vestlandsforsking, NITO, Sogndal næringsforening, Kaupanger næringsforening og kommunane Sogndal, Leikanger, Lærdal, Luster, Førde, Vik og Flora.</p> <p>Senteret skal vere forankra i Norsk Forskningsråd sitt Vitensenterprogram. Det skal vere eit populærvitskaplege opplevings- og læringssenter innanfor naturvitenskap, matematikk og teknologi (NMT-faga) der dei besøkande lærer ved å eksperimentere sjølve. Målgruppa er barnehagar, skuleverket og andre som ynskjer å besøke eit vitensenter i fritida.</p>
<b>Mål med eigarskapen</b>	Sikre etablering og drift av eit vitensenter på Kaupanger. Senteret vil auke merksemda på naturvitenskaplege fag, og gi eit utvida fagleg tilbod for mellom anna born og unge i Sogn og Fjordane. Vitensenteret kan også bidra til styrke kompetanse og interesse for naturvitenskaplege fag for framtidige elevar i den vidaregåande skulen i Sogn og Fjordane.
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	Fylkeskommunen var med på å skipe selskapet i 2018.
<b>Tilråding</b>	<b>Vidareføre eigarskapen.</b>

## 6.6 Fylkeskommunale-/kommunale fellestiltak

### Kommunekraft AS

<b>Føremål</b>	Selskapet sitt føremål er å formidle og inngå avtalar om forvaltning av aksjeeigarane si disponible kraft, her konsesjonskraft, og drive anna verksemd knytt til slik formidling.
<b>Etablert</b>	28.04.1993.
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	<p>Fylkeskommunal eigarprosent: 0,31. Aksjen sin pålydande verdi: 1000 kroner.</p> <p>Selskapet sin aksjekapital er på 320 000 kroner, fordelt på 320 aksjer pålydende 1 000 kroner, fullt innbetalt og lydende på navn. LVK har 182 aksjar (57 prosent). Dei deltagande kommunane og fylkeskommunane har ein aksje kvar.</p>
<b>Forretningskontor</b>	Oslo kommune.
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova.
<b>Rammer</b>	<a href="http://kommunekraft.no/Kommunekraft/Om-Kommunekraft/Vedtekter">http://kommunekraft.no/Kommunekraft/Om-Kommunekraft/Vedtekter</a>

<b>Etiske retningsliner</b>	<p><a href="http://kommunekraft.no/Kommunekraft/Om-Kommunekraft/Etiske-retningslinjer">http://kommunekraft.no/Kommunekraft/Om-Kommunekraft/Etiske-retningslinjer</a></p> <p>Styret er i gang med å utarbeide retningsliner for varslingssaker.</p>		
<b>Generalforsamling</b>	<p>Ordinær generalforsamling blir gjennomført kvart år innan utgangen av juni månad. Styret møter i generalforsamlinga.</p> <p>Fylkeskommunen har ingen vald eigarutsending.</p>		
<b>Val av styre</b>	<p>Aksjelova § 6-6 angir styremedlemene si tenestetid i Kommunekraft AS.</p> <p>Styret i selskapet skal bestå av i alt fem medlemer. To styremedlemer med personleg vara blir valt av representantane i LVK sitt landsstyre og to styremedlemer med personleg vara blant selskapets aksje-eigarar, minst ein med vara frå primærkommune. Som styreleiar skal det veljast ein person som ikkje representerer aksjeeigarane eller LVK. Nestleiar skal vere ein av LVK sine representantar.</p> <p>Styret sin tenesteperiode er to år.</p>		
<b>Styresamansetning</b>	<p>Etter generalforsamlinga i Kommunekraft, og landsstyremøtet i LVK i 2018 er styret sett saman slik:</p> <p>Styreleiar: Arvid Lillehauge.      Styremedlem: Eli Hovd Prestegården.      Styremedlem: Kjell-Idar Juvik.      Styremedlem: Benthe Bondhus.      Styremedlem: Stian Brekkvassmo.</p> <p>Varamedlem: Linn Veronica Jacobsen.      Varamedlem: Ida Stuberg.      Varamedlem: Anne Beth Njærheim.      Varamedlem: Ståle Versland.</p>		
<b>Styregodtgjersle for 2018 og dagleg leiarars godtgjersle i 2017</b>	<p>Godtgjersle styreleiar: 22 200 kroner per år.</p> <p>Godtgjersle styremedlemer: 1 700 kroner.</p> <p>Ingen løn til dagleg leiar, sidan det ikkje er tilsette i selskapet.</p> <p>Administrasjonsoppgåver er lagt til Advokatfirmaet Lund &amp; Co DA.</p>		
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Ingen.		
<b>Revisor</b>	PKF Beckman Lundevall Revisjon AS.		
<b>Adresse</b>	Postboks 1148, Sentrum, 0104 Oslo.		
<b>Telefon/faks</b>	99 11 99 00		
<b>E-post</b>	<a href="mailto:vl@lundogco.no">vl@lundogco.no</a>		
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://www.kommunekraft.no">www.kommunekraft.no</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
Sum driftsinntekter	1 714	2 548	2 057
Driftsresultat	-1 303	64	-188

Resultat etter skatt	-1 283	68	-185
Totalkapitalrentabilitet	-35 %	3 %	- 8%
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	98 %	70 %	80 %
Eigenkapitalprosent:	67 %	72 %	93 %
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	<p>Rekneskapen viser eit negativt årsresultat på 0,185 mill. kr i 2017.</p> <p>Eigenkapitalprosenten er likevel betra som følgje av redusert gjeld. Det same gjelder arbeidskapital i prosent av driftsinntekter. Selskapet har god soliditet og likviditet.</p>		
<b>Viktige hendingar</b>	<p>Kommunekraft har hjelpt aksjonærkommunar med omsetning av 2229 GWh konsesjonskraft for leveringsåret 2018. Omsetningsvolum (fysisk) var på nivå med dei siste fire åra. Kommunekraft har også hjelpt kommunar med sal til løpende spotmarknadspris med påslag for 2018.</p> <p>Selskapet gjennomførte sitt årlege seminar om konsesjonskraft saman med Landssamanslutninga av Vasskraftskommunar (LVK) 12. mai 2017.</p>		
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	Halde fram arbeidet i samsvar med føremålet.		
<b>Mål med eigarskapen</b>	Fylkeskommunale-/kommunale fellestiltak: Kommunekraft bidreg til å optimalisere avkastninga på konsesjonskraftrettane for kommunane, og er såleis eit strategisk viktig selskap for fylket og fylkeskommunen.		
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	Sidan fylkeskommunen er ein stor konsesjonskrafteigar, er det naturleg at eigarskapen i selskapet held fram.		
<b>Tilråding</b>	<b>Vidareføre eigarskapen.</b>		

## Ferde AS

<b>Føremål</b>	Stå for bompengefinansiering av vegprosjekt i fylka Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Vest Agder og Aust Agder. Selskapet har oppgåver knytt til vedtekne innkrevjingsprosjekt. Selskapet skal ikkje vere ein pådrivarorganisasjon for nye vegprosjekt. Selskapet skal ikkje gje aksjeeigarane økonomisk utbytte.
<b>Etablert</b>	05.10.2016
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	<p>Eigarprosent: 20</p> <p>Aksjeposten sin pålydande verdi: 100 000 kr</p> <p>Andre eigarar: Fylkeskommunane Hordaland, Rogaland, Vest Agder og Aust Agder.</p> <p>Selskapet sin innskotne aksjekapital er 500 000 kr, fordelt på 500 aksjar, kvar pålydande 1000 kr.</p>

<b>Forretningskontor</b>	Bergen kommune.		
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova.		
<b>Rammer</b>	Vedtekten.		
<b>Etiske retningslinjer</b>	Går ikkje fram av vedtekten.		
<b>Generalforsamling</b>	Fylkesordførarane utgjer generalforsamlinga. Fylkesrådmennene er valnemnd.  Riksrevisjonen og Statens vegvesen har møte - og talerett i generalforsamlinga, og skal innkallast på same måte som aksjonærane.		
<b>Val av styre</b>	Selskapet skal ha eit styre på fem medlemer med personlege varemedlemer. Begge kjønn skal vere representerte med minst to styremedlemer og to varemedlemer.  Styremedlem med varemedlem vert valde slik at funksjonstida til styremedlemane er 2 år, men slik at 2 og 3 medlemmer er på val annankvart år.  Generalforsamlinga vel styreleiar. Styret vel sjølv nestleiar. Dagleg leiar vert tilsett av styret.		
<b>Styresamansetning</b>	Styreleiar Paul Magne Nilsen Styremedlem Lise Mari Haugen Styremedlem Lise Solgaard Styremedlem Nils Olav Olsbu Styremedlem Siri Frafjord Landa  Varemedlem Thorbjørn Aarethun Varemedlem Daniel Gåsemyr Fluge Varemedlem Jan Otto Hansen Varemedlem Ebba Laabakk Varemedlem Andreas Sandvold Kjøli Tharaldsen		
<b>Styregodtgjersle for 2017</b>	Styreleiar: 2 G  Nestleiar: 1,5 G  Styremedlem: 1 G  Varemedlem: 0,1 G fast og 0,1 G per møte		
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Nei.		
<b>Revisor</b>	Deloitte AS.		
<b>Adresse</b>	Fjøsangerveien 68, 5068 Bergen		
<b>Telefon</b>	55 23 94 19 / 55 55 94 94		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra (konsern):</b>			
(1000 kr)	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
Sum driftsinntekter			76 384
Driftsresultat			6 945
Resultat etter skatt			3 562

Totalkapitalrentabilitet			6 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld			15 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter			9 %
Eigenkapitalprosent:			-11 %
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	<p>Ferde AS blei stifta i oktober 2016, tabellen over syner difor kun tal for 2017.</p> <p>Konserten Ferde AS har i 2017 driftsinntekter på om lag 76 mill. kr. Inntektene kjem i hovudsak frå drift av bompengeselskap.</p> <p>Ferde AS har ein negativ eigenkapital på 13,3 mill. kr per 31.12.2017. Den negative eigenkapitalen skuldast kostnadene i samband med oppstart og organisering av selskapet, samt kostnadene i samband med oppkjøp av BT Signaal AS. Pr. 30.04.18 har selskapet kjøpt opp 15 bompengeselskap i regionen som vil bli fusjonert inn i Ferde AS i løpet av 2018. Ved innfusjonering av desse selskapa ventar Ferde AS at eigenkapitalen vil bli til positiv.</p>		
<b>Skiping av selskapet og viktige hendingar</b>	<p>Fylkestinget vedtok i sak 15/16 å etablere eit regionalt bompengeselskap for Sørlandet og Vestlandet, heileigd av fylkeskommunane Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Vest Agder og Aust Agder. Selskapsetableringa er ein del av den statleg initierte bompengereforma. Tjueto eksisterande selskap og prosjekt er planlagt overført til selskapet. Per 4.6.2018 har selskapet kjøpt aksjane i 15 av 22 selskap i regionen. To andre selskap er delvis oppkjøpte. Vidare skal alle nye bompengeprosjekt i regionen leggast til Ferde AS.</p> <p>Selskapet skal administrere innkrevjing av bompengar i samsvar med samtykke fra Stortinget og avtalar med Statens vegvesen, jf. veglova § 27. Dette inkluderer forvalting av bompengemidlar. Sentrale arbeidsoppgåver vil vere innkrevjing og administrasjon av bompengemidlar, låneopptak og reforhandling av låneavtalar.</p> <p><b>Historikk/Skiping</b>  Ferde AS heitte tidlegare Sørvest Bompengeselskap AS (SB AS). Hausten 2017 kjøpte SB AS driftsselskapet BT Signaal AS. Kjøpet vart finansiert ved låneopptak i selskapet, og fylkeskommunen har stilt sjølvskuldnargaranti for kjøpet tilsvarande vår del (1/5), på inntil 22 mill. kr, sjå FT-sak 25/17.</p> <p>I november 2017 inngjekk selskapet avtale med Samferdselsdepartementet om bompengeininkrevjing. Avtalen fastset krav til selskapet si organisering, verksemde, rettar og plikter. Avtalen gjer det mogleg for selskapet å krevje inn bompengar i nye prosjekt og å kunne overta eksisterande prosjekt eller selskap i bomregion sørvest. Deler av den overtakne verksemda i selskapet BT Signaal AS som ikkje var eineleg med bompengeavtalen, mellom anna AutoPass ferje, vart skilt ut av SB AS.</p> <p>På ekstraordinær generalforsamling 22.12.2018 godkjende generalforsamlinga vedtektsendring om namnebyte til Ferde AS.</p> <p>På ekstraordinær generalforsamling 29.5.2018 godkjende generalforsamlinga ei presisering av vedtekten om at resterande formue ved oppløysing skal brukast til formål i samsvar med selskapet sitt ikkje-ervervsmessige formål.</p>		

<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	<p>Selskapet vil ha om lag 3,5 milliardar årleg i bompeneinntekter, og 50-60 milliardar i samla gjeld.</p> <p>Ferde er framleis i ein oppbyggingsfase både med tanke på intern organisering og prosjektporfølje. Mange bompengeselskap er kjøpt opp av Ferde AS, og vil no verte innfusjonerte i selskapet.</p> <p>Selskapet skal overta vegkantutstyr frå Statens vegvesen, legge om til nytt takst- og rabattsysteem, vere førebudde på ei utskiljing av utstedarfunksjonen (forskrift om utstedarverksemid med høyringsfrist 17.8.2018) og førebu nye bompengeprosjekt.</p> <p>Parallelt med dette krev selskapet inn bompengar etter kontrakt («gamle BT Signaal»-driftskontrakter).</p> <p>Eksisterande driftskontrakter utanfor regionen skal avviklast og takstendringar skal implementerast i mange prosjekt dei komande månadane. Selskapet arbeider også med langsiktig finansiering for å sikre ekspansjon og utvikling.</p>
<b>Mål med eigarskapen</b>	Fylkeskommunale-/kommunale fellestiltak. Målet med selskapet og bompengereforma er å gi stordriftsfordelar samanlikna med tidlegare organisering, betre kontroll med- og ei meir brukarvenleg bompeneordning.
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	Fylkestinget gjorde vedtak om etablering av selskapet i juni 2016.
<b>Tilråding</b>	<b>Vidareføre eigarskapen.</b>

## Skyttel AS

<b>Føremål</b>	Selskapets føremål skal vere verksemd knytt til bompenegetenester. Dette omfattar AutoPASS bompenge- og ferjebetaling, driftstenester og systemløysingar.
<b>Etablert</b>	18.12.1953
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	<p>Eigarprosent: 20</p> <p>Andre eigarar: Fylkeskommunane Hordaland, Rogaland, Vest Agder og Aust Agder.</p> <p>Selskapet sin aksjekapital er 167 070 mill.kr, fordelt på 2750 aksjar, kvar pålydande 60 752 kr.</p>
<b>Forretningskontor</b>	Bergen kommune
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova
<b>Rammer</b>	Vedtekten.
<b>Etiske retningslinjer</b>	Går ikkje fram av vedtekten.
<b>Generalforsamling</b>	<p>Fylkesordførarane utgjer generalforsamlinga. Fylkesrådmennene er valnemnd.</p> <p>Fylkesordføraren deltok på generalforsamlinga den 14.6.2018.</p>
<b>Val av styre</b>	Selskapet skal ha eit styre på fem medlemer med personlege

	varamedlemer. Begge kjønn skal vere representerte med minst to styremedlemer og to varamedlemer. Generalforsamlinga vel styreleiar. Styret vel nestleiar.		
<b>Styresamansetning</b>	<p>Styreleiar Paul Magne Nilsen  Nestleiar Nils Olav Olsbu  Styremedlem Lise Solgaard  Styremedlem Lise Mari Haugen  Styremedlem Siri Frafjord Landa</p> <p>Varamedlem Andreas Sandvold Kjøli Tharaldsen  Varamedlem Ebba Laabakk  Varamedlem Thorbjørn Aarethun (Hordaland fylkeskommune skal foreslå nytt kvinneleg varamedlem for å tilfredsstille vedtekten)</p> <p>Varamedlem Daniel Gåsemyr Fluge  Varamedlem Jan Otto Hansen</p>		
<b>Styregodtgjersle for 2017</b>	<p>Styreleiar: 20 000 kr  Nestleiar: 15 000 kr  Styremedlem: 10 000 kr</p>		
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Nei.		
<b>Revisor</b>	Deloitte AS.		
<b>Adresse</b>	Agnes Mowinckels gate 5, 5008 Bergen.		
<b>Telefon</b>	55 23 94 19.		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
Sum driftsinntekter		130 128	27 475
Driftsresultat		32 806	-3 281
Resultat etter skatt		32 001	-2 774
Totalkapitalrentabilitet		50 %	7 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld		965 %	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter		14 %	0,2 %
Eigenkapitalprosent:		43 %	26 %
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	<p>Det skjedde store endringar i selskapet i løpet av 2016. Tala for 2015 er difor ikkje relevante og ikkje tekne inn i tabellen ovanfor.</p> <p>Selskapet har driftsinntekter på rundt 27 mill. kr. Inntektene for selskapet har vorte vesentleg redusert frå 2016 til 2017. Dette er fordi store delar av selskapet er selt og vorte ein del av Ferde AS. Dei økonomiske nøkkeltala frå 2016 til 2017 kan difor ikkje samanliknast. Årsresultatet etter skatt er negativt med om lag 2,8 mill. kr, medan eigenkapitalen utgjer 4,6 mill. kr (26 %).</p>		
<b>Skiping av selskapet</b>	Fylkeskommunen etablerte eigarskap i dette selskapet mot slutten av		

## **6.7 Fylkesomfattande kulturselskap**

Norsk Fjordhestsenter AS

<b>Føremål</b>	Føremålet er å fremje fjordhesten som nasjonal rase ved å gjennomføre nasjonale mål og strategiar innan avl og bruk for fjordhesten. Selskapet skal arbeide aktivt for å finansiert oppgåver knytt til dette målet, slik at senteret kan stå fram med det største og bestekompetansemiljøet for fjordhest, og ha eit moderne nasjonalt anlegg.
<b>Etablert</b>	Norsk Fjordhestsenter skal vere samlingspunktet for fjordhestfolket.

<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	<p>Eigarprosent:</p> <p>A-aksjar (med stemmerett): 30. Pålydande verdi: 30 000 kroner. B-aksjar (utan stemmerett): 33. Pålydande verdi: 1 330 000 kroner.</p> <p>Selskapet sin totale aksjekapital er på 4 100 000 og er fordelt på dei to klassane:</p> <p>A-aksjar: 20 aksjar à 5000 kroner, totalt 100 000 kroner. B-aksjar: 800 aksjar à 5000 kroner, totalt 4 000 000 kroner.</p> <p>Aksjane kan overdragast med samtykke frå styret, men slik at Eid kommune og Sogn og Fjordane Fylkeskommune alltid har like mange A-aksjar kvar.</p>
<b>Forretningskontor</b>	Eid kommune.
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova.
<b>Rammer</b>	Vedtekter, sist endra i generalforsamling dagsett 27. mai 2016.
<b>Etiske retningslinjer</b>	Ikkje nemnd i årsmelding.
<b>Generalforsamling</b>	Fylkesdirektøren for næring og kultur er eigarutsending, og møtte på generalforsamlinga i 2018.
<b>Val av styre</b>	<p>Etter vedtektsendring på ordinær generalforsamling i 2016:</p> <p>Styret vert samansett med tre til fem styremedlemer. Av desse vel kvar av aksjeeigarane éin medlem (med varamedlem), med to års funksjonstid. Eventuelle fleire medlemer må veljast samrøystes av generalforsamlinga.</p> <p>Styret er vedtaksført når det er korrekt innkalla og minst halvparten av medlemene er til stades.</p>
<b>Styresamsetning</b>	<p>Etter generalforsamlinga i 2018 er styret framleis sett saman slik:</p> <p>Styreleiar: Kjell Magne Åshamar (på val). Nestleiar: Janne Seilen. Styremedlem: Jørgen Langeland Styremedlem: Hanne Fjerdingby Olsen (på val) Styremedlem: Svein Arne Skuggen Hoff (på val)</p> <p>Varamedlem: Vidar Heggheim Varamedlem: Sigurd Reksnes Varamedlem: Lars-Svein Drabløs Varamedlem: Nils Ivar Dolvik</p> <p>Det er tre styremedlemar som er på val i 2018, men nye kandidatar var ikkje klare til den ordinære generalforsamlinga i slutten av august. Valsaka skal handsamast på ei ekstraordinær generalforsamling når det føreligg forslag om kandidatar.</p>
<b>Styregodtgjersle for 2018 og dagleg leiars godtgjersle i 2017</b>	<p>Godtgjersle styreleiar: 25 000 kroner per år. Styremedlemer: 2 000 kroner per møte. (Styregodtgjersle utbetalt i 2017: 54 000 kroner.)</p> <p>Løn dagleg leiar: 554 750 kroner. Andre godtgjersler: 4 392 kroner. Til saman: 559 142 kroner.</p>

<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Nei.
<b>Revisor</b>	Hovden & Vatne Statsautoriserte Revisorar AS.
<b>Adresse</b>	6770 Nordfjordeid.
<b>Telefon/faks</b>	57 86 48 00/57 86 48 01.
<b>E-post</b>	<a href="mailto:post@norsk-fjordhestsenter.no">post@norsk-fjordhestsenter.no</a>
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://www.norsk-fjordhestsenter.no">www.norsk-fjordhestsenter.no</a>

**Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:**

(1000 kr)	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
Sum driftsinntekter	5 155	5 379	5 632
Driftsresultat	153	247	42
Resultat etter skatt	21	106	-37
Totalkapitalrentabilitet	3 %	4 %	1 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	16 %	11 %	15 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	10 %	2 %	2 %
Eigenkapitalprosent:	56 %	59 %	62 %

<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	Årsrekneskapen til Norsk Fjordhestesenter AS viser eit underskot på om lag 37 000 kr. Underskotet skuldast i hovudsak svikt i oppstillingssinntektene på grunn av at færre elevar ved Fjordane Folkehøgskule hadde med hest.  Av driftsinntektene i 2017 er om lag 2,3 mill. kr tilskot over statsbudsjettet til bevaringsarbeidet for dei nasjonale hesterasane.  Eigenkapitalprosenten er god og noko betra samanlikna med 2016. Dette skuldast ein reduksjon i gjelda.
------------------------------------	---

<b>Viktige hendingar</b>	Bevaring av fjordhesten gjennom avl og bruk er kjerneoppgåva til Norsk Fjordhestesenter. Senteret eig kring 20 hestar sjølv, og desse er i bruk gjennom heile året, mellom anna som skulehestar, i turistriding og avl.  Senteret driv seminstasjon og hadde i 2017 to hingstar tilgjengeleg for semin i vårstasjon.  Gjennom skuleåret leiger Norsk Fjordhest ut dei fleste av hestane til Fjordane Folkehøgskule som skulehestar.  I oktober var det mistanke om sjukdommen kverke på ein av dei oppstalla hestane og mange hestar med febersjukdom i stallen. Kverke-prøvene var negative, men medan dei venta på svaret vart det innført tiltak på resten av stallen i tett samarbeid med folkehøgskulen.  Norsk Fjordhestesenter er koordinator for Hingsteutstillinga. I årsmeldinga for 2017 skriv senteret at arbeidet med utstillingar har auka. I 2017 hadde utstillinga kring 1900 besøkande på fem dagar.
--------------------------	---

	<p>Norsk Fjordhestsenter er sekretariat og kontorstad for Norges Fjordhestlag og stiller sin kompetanse til rådvelde for organisasjonen. Ut over dei ordinære sekretariatsoppgåvene har arbeid med avlspplanen, etablering av nytt medlemsregister, hoppelinjeprosjektet, Barnas Fjordhestlag og innføring av Frifond-ordning vore prioritert.</p> <p>Kurs, konferansar og fagsamlingar er viktige oppgåver. I år har senteret mellom anna arrangert internasjonal jubileumseminar i samarbeid med Fjord Horse International og dommarsamling og kurs i lag med fjordhestlaget.</p> <p>I samarbeid med Norges miljø- og biovitenskapelige universitet, Fjord Horse International og Norges Fjordhestlag vart prosjektet «Beste hesten i klassen - økt verdiskapning med fjordhest innan opplevelsesturisme på Vestlandet» avslutta hausten 2017.</p> <p>I samarbeid med raselaga for dei nasjonale hesterasane gjennomførte senteret eit pilotprosjekt for utvikling av unghestutdanning for sal hausten 2017 og vinteren 2018. Prosjektet vart støtta med 100000 kroner frå Hestehjelpskassa.</p> <p>Dåverande landbruks- og matminister Jon Georg Dale besøkte Norsk Fjordhestsenter og fekk omvising i mars 2017.</p>
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	Fortsett drift i samsvar med formålet. Selskapet ser at det er viktig for fjordhesten som nasjonal hesterase at dei har eit sterkt kompetansesenter med kapasitet og kompetanse til å gripe tak i aktuelle problemstillingar og prosjekt.
<b>Mål med eigarskapen</b>	Fylkesomfattande kulturselskap. Bakgrunnen for eigarskapen er at eigedommen Haugen i 1989 vart overdregen til Eid kommune, fylkeskommunen og Noregs Fjordhestlag. Kommunen og fylkeskommunen betalte kvar 850 000 kr og Fjordhestlaget 500 000 kr. Selskapet vart då skipa og aksjane fordele på dei tre eigarane. I 1997 overførte eigarane eigedomen til Norsk Fjordhestsenter AS, og fekk vederlag i form av B-aksjar. B-aksjane gjev ingen røysterett på generalforsamlinga.
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	<p>Under handsaming av Eigarmelding 2014 vedtok fylkestinget å starte ein prosess med å avvikle eigarskapen. Fylkesutvalet fekk fullmakt til å godkjenne salsavtale. I møte 23.11.16, sak 130/16, orienterte fylkesrådmannen fylkesutvalet om at ingen av dei andre aksjeeigarane er interesserte i å kjøpe fylkeskommunen sine aksjar i selskapet.</p> <p>Då vedtekten ikkje opnar for å dele ut utbyte, er det vanskeleg å tenkje seg andre kjøparar enn dei to andre aksjonærane.</p> <p>Per dags dato finst det ikkje aktuelle kjøparar, men Norsk Fjordhestsenter AS har framleis status som eit selskap fylkeskommunen ønsker å selje.</p>
<b>Status</b>	<b>Fylkestinget vedtok i sak 33/14 å starte ein prosess for avvikling av eigarskapen.</b>

## Sogn og Fjordane Teater LL

<b>Føremål</b>	<p>Føremålet med selskapet er å drive teaterverksemnd i Sogn og Fjordane fylke. Teateret kan også spele i andre fylke som ledd i utvekslingsprogram med andre teater.</p> <p>Teateret skal nytte nynorsk målform eller nynorske målføre. Teateret går inn som ein naturleg del av fylket sitt samla kulturtilbod. Det skal</p>
----------------	--

	søkje å fremje amatørteaterarbeidet i fylket.
<b>Etablert</b>	13.11.1979
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	Eigarprosent: 80. Aksjeposten sin pålydande verdi: 80 000 kr.  Førde kommune eig dei resterande 20 % av aksjane.  Aksjekapitalen er 100 000 kr fordelt på 10 aksjar à 10 000 kr.
<b>Forretningskontor</b>	Førde kommune.
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova.
<b>Rammer</b>	Vedtekten av 13.11.1979, sist revidert 21. juni 2016.  Strategiplan, vedtatt i 2014.
<b>Etiske retningslinjer</b>	Strategiplanen omtalar personalpolitikk, miljø, verdigrunnlag o.l.
<b>Generalforsamling</b>	Ikkje noko særskilt regulert utover aksjelova sine reglar om generalforsamling.  Leiar i hovudutval for næring og kultur (Karen Marie Hjelmeseter) er vald som eigarutsending. Ingebjørg Erikstad møtte på generalforsamlinga i 2018 etter fullmakt.
<b>Val av styre</b>	Etter vedtektsendring i 2016:  Styret skal ha fem medlemer. Av desse skal tre veljast etter framlegg frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, ein frå Førde kommune og ein frå dei faste tilsette. For styremedlemer valde etter forslag frå fylkeskommunen og Sogn og Fjordane teater skal det veljast varamedlemer i rekjkjefølgje. Styremedlemen frå Førde kommune har personleg varamedlem.  Alle fast tilsette står likt, og kan velje- og bli valde inn i styret. I tillegg til ein styremedlem, skal det veljast tre varamedlemer i rekjkjefølgje. Første vara møter fast med talerett.  Styre- og varamedlemene si funksjonstid er fire år med unntak for representanten for dei tilsette som vert vald for to år.  Ved fyste gongs attval etter ei endring av styresamansetjinga, kan nokre av dei aksjonærvalde styremedlemane veljast for kortare tid enn 4 år.  Generalforsamlinga vel styreleiar og nestleiar. Styreleiar skal veljast frå ein av representantane foreslegne av fylkeskommunen.
<b>Styresamansetning</b>	Styret er sett saman slik: Rasmus Mo (leiar) (SFFK) Iris Loftheim (nestleiar) Ola Tarjei Kroken (SFFK) Kristine Lie (SFFK) Kjell Arvid Furevik (repr. for dei tilsette)  Varamedlemer i rekjkjefølgje frå SFFK: 1) Hanne Bergliot Oftedal 2) Eva Marie Halvorsen 3) Anne Kristin Lilleaasen
<b>Styregodtgjersle for 2018 og dagleg</b>	Styreleiar: 50 000 kr. Honoraret skal indeksregulerast med lønsindeksen per 01.05. kvart år. Styreleiar har same møtegodtgjersle som

<b>Leiarars godtgjersle i 2017</b>	fylkeskommunen sine hovudutval.  Andre styremedlemer: same satsar som gjeld for fylkeskommunen sine hovudutval. Tapt arbeidsforteneste kan erstattast etter fylkeskommunen sine satsar.  Dagleg leiar: 830 775 kr i løn, 88 576 kr i pensjonsutgifter og 47 421 kr i anna godtgjersle.		
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Ingen.		
<b>Revisor</b>	PricewaterhouseCoopers AS.		
<b>Adresse</b>	Pb. 324, 6802 Førde.		
<b>Telefon/faks</b>	90 99 06 00.		
<b>E-post</b>	<a href="mailto:post@softteater.no">post@softteater.no</a>		
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://www.softteater.no/">www.softteater.no/</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
Sum driftsinntekter	28 081	28 154	28 692
Driftsresultat	1 408	- 6	329
Resultat etter skatt	1 448	-2	279
Totalkapitalrentabilitet	19 %	0,2 %	4 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	67 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	- 3 %	-11 %	-7 %
Eigenkapitalprosent:	47 %	49 %	47 %
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	<p>Sogn og Fjordane Teater L/L viser eit årsresultat på 0,279 mill. kr. Det var budsjettert med eit overskot på 5000 kr. Resultatet er betre enn budsjettet, og skuldast blant anna auke i billettinntekter.</p> <p>Av driftsinntektene på om lag 28,7 mill. kr utgjer om lag 27,1 mill. kr driftstilskot. Driftstilskotet er fordelt slik: 19 mill. kr frå staten, om lag 6,1 mill. kr frå fylkeskommunen og om lag 2 mill. kr frå Førde kommune.</p> <p>Eigne inntekter frå billett- og programsal utgjer om lag 1,5 mill. kr. Dette tilsvrar 5,2 % av dei totale inntektene.</p> <p>SoFt har ein eigenkapital på 47 % og syner at selskapet har god soliditet. Arbeidskapitalen er betra i høve 2016. Omløpsmidlar utgjer 1,6 mill. kr (mot 1,1 mill. kr i 2016) og kortsiktig gjeld 3,5 mill. kr.</p>		
<b>Viktige hendingar</b>	I 2017 feira teateret at det fylte 40 år. Repertoaret vart bygd omkring feiringa, korleis det vart til og vidare eksistens. I løpet av året har teateret presentert fem eigenproduksjonar, i tillegg til gjestespel og samproduksjonar, lab-prosjekt og eventyrstunder.  Teateret hadde i 2017 mål om å besøke heile fylket og spelte i alle		

	<p>kommunane i fylket, på 60 ulike spelestadar og med til saman 223 framsyningar. Besøkstalet var i overkant av 18 000, noko som vitnar om at fleire og fleire kjem og ser framsyningane.</p> <p>Publikum tok godt imot tilbodet i 2017, og særleg «Ewig Ung» og «Fugletribunalet» selde godt. Den kulturelle skulesekken har vore ein viktig samarbeidspart. Framsyningane «Privattimen», «Fugletribunalet» og «Invasjon» vart viste for 4 882 elevar gjennom dette samarbeidet.</p> <p>Teateret har i 2017 investert i nytt lyd- og lysanlegg for turné. Anna teknisk utstyr i teateret si eige er i god stand.</p>
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	<p>Teateret skal vere eit møtepunkt for opplevingar. Det skal spegle samtida og spele ei viktig og stor rolle i det å skape felles kulturell identitet. Sogn og Fjordane teater skal vere eit moderne, offensivt, produserande og turnerande teater av høg kunstnarisk kvalitet.</p> <p>Teateret skal vere ein ressurs for born og unge og for ulike teatergrupper. Ifølgje strategiplanen skal teateret ta initiativ til minst eitt samarbeidsprosjekt med teatergrupper og/eller skular/kulturskular per år.</p> <p>Vidare legg Sogn og Fjordane teater vekt på å nå flest mogleg av innbyggjarane i Sogn og Fjordane gjennom å turnere med framsyningane.</p> <p>Avtalen om lokala teateret leiger i Førdehuset er under revidering.</p>
<b>Mål med eigarskapen</b>	Fylkesomfattande kulturselskap: Investeringa i Sogn og Fjordane er kulturelt motivert. Denne investeringa er forankra i fylkeskommunen si fylkesomfattande kultursatsing.
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstøylen?</b>	Selskapet er etablert som ein reiskap innan kultursatsinga i fylket. Fylkeskommunen sin eigarskap og økonomiske støtte er avgjerande for at dette tilbodet vert vidareført.
<b>Tilråding</b>	<b>Vidareføre eigarskapen.</b>

## 6.8 Arbeidsmarknad

### Mentro AS

<b>Føremål</b>	Føremålet med selskapet er å drive attføringstenester, andre arbeidsretta tenester og det som naturleg høyrer med til slik verksemd.
<b>Etablert</b>	04.02.1981
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	<p>Eigarprosent: 30. Aksjane sin pålydande verdi: 150 000 kroner.</p> <p>Andre eigrarar er kommunar (Førde kommune størst med 20,4 prosent av aksjane), Sparebanken Sogn og Fjordane, DnB Nor og NHF Nordvest.</p> <p>Aksjekapitalen til selskapet er 500 000 kroner delt på 500 aksjar à 1000 kroner, fullt innbetalt og lydande på namn.</p>
<b>Forretningskontor</b>	Førde kommune
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova. Lov om arbeidsmarknadstenester. Lov om norsk folketrygd. NAV-lova.
<b>Rammer</b>	Vedtekter av 24.04.2012.

<b>Etiske retningslinjer</b>	Ja.		
<b>Generalforsamling</b>	Kvar aksje representerer ei røyst på generalforsamlinga.  Harald Bjarte Reite er eigarutsending frå fylkeskommunen, og møtte på generalforsamling i 2018.		
<b>Val av styre</b>	Styret skal bestå av fem medlemer. Vedtektene regulerer ikkje korleis fordeling av styreverva skal skje og kor lenge styret er valt for. Det er ikkje krav om valnemnd etter vedtektene til selskapet.		
<b>Styresamansetning</b>	Etter generalforsamlinga i 2018 er styret sett saman slik:  Styreleiar: Bjørn Harald Haugsvær. Nestleiar: Linda Ness Rotihaug. Styremedlem: Mari Constanse Jonstad Baardsen. Styremedlem: Bente Hauge. Styremedlem: Norman Aarseth. Styremedlem: Narve Kirkebø.  Første varamedlem: Kurt Even Andersen. Andre varamedlem: Dag Rune Mallasvik. Varamedlem: Arnhild Mallasvik.  Valnemnd: Ordførar i Førde kommune, ordførar i Fjaler kommune og ordførar i Gauld kommune.		
<b>Styregodtgjersle for 2018 og dagleg leiar godtgjersle i 2017</b>	Styreleiar: 44 126 kroner per år.  Styremedlem: 7 774 kroner per år ved minst 50 prosent frammøte.  Møtegodtgjersle: 1 428 kroner per møte, 3 572 kroner per møte for møter på over fire timer.  Løn dagleg leiar: 771 594 kroner.		
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Nei.		
<b>Revisor</b>	PricewaterhouseCoopers AS.		
<b>Adresse</b>	Postboks 109, 6801 Førde.		
<b>Telefon/faks</b>	57 83 36 00		
<b>E-post</b>	<a href="mailto:post@mentro.no">post@mentro.no</a>		
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://www.mentro.no/">www.mentro.no/</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
Sum driftsinntekter	16 053	14 812	11 888
Driftsresultat	1 092	453	1 236
Resultat etter skatt	1 193	500	1 305
Totalkapitalrentabilitet	10 %	4 %	10 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	1 380%	978 %	2 775%

Arbeidskapital i % av driftsinntekter	62 %	72 %	101 %
Eigenkapitalprosent:	83 %	86 %	90 %
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	<p>Reduserte rammer og lite bestilling av tenester gav ein krevjande start på 2017. Driftsinntektene i 2017 er redusert med om lag 3 mill. kr i høve 2016 og skuldast i hovudsak ein reduksjon i offentleg tilskot. Av driftsinntektene på om lag 11,9 mill. kr er 9,8 mill. kr offentleg tilskot.</p> <p>Selskapet gjennomførte ei nedbemannning i 2016 for å møte ein lægre aktivitet. Ei auke i bestillingar siste halvår 2017 og god utnytting av rammene selskapet har, gav likevel eit godt årsresultat.</p> <p>Selskapet har ein styrka soliditet. Eigenkapitalen er på 12,8 mill. kr. Dette svarar til ein eigenkapitalprosent på 90 %. Kortsiktig gjeld er på 1,3 mill. kr og omløpsmidlar utgjer 13,4 mill. kr. Dette gir ein arbeidskapital i prosent av driftsinntekter på 101 % og syner at selskapet har god likviditet.</p>		
<b>Viktige hendingar</b>	<p>Mentro AS var tidleg i mål med tilpassing til ny tiltaksstruktur og har som ei følgje av dette gjennomført tiltaksendringar i 2016 og 2017.</p> <p>Totalt 60 dagar har vore nytta til utdanning, kurs og konferansar for dei tilsette.</p> <p>Mentro har totalt 14 registrerte avsluttingar til løna arbeid i 2017, og 4 som gjekk til utdanning eller AMO kurs. Ein reduksjon i plassar og ny tiltaksstruktur, gjer det lite relevant å samanlikne resultata med tidlegare år. Selskapet har elles fått god respons på tilbodet «arbeidsnorsk» i kombinasjon med arbeidspraksis.</p>		
<b>Viktige planar for dei komande åra</b>	<p>Styret har vedteke strategiplan for 2017-2020. Denne skal sikra at Mentro AS har hovedfokus på attføring som si primære oppgåve i neste planperiode i tråd med det nye regelverket.</p> <p>Selskapet går inn i 2018 med styrka bemanning og fleire tilsette med pedagogisk utdanning. Dagleg leiar har varsla styret om at han går av med pensjon i løpet av 2018.</p> <p>Stortinget har gjeve positive signal om arbeidsmarknadsverksemde si rolle framover, samstundes som styringa i større grad er lagt til NAV. Utfordringa er korleis NAV vil påverke marknaden både lokalt og sentralt, og om Stortinget vil trekke opp ein form for grensegang.</p> <p>På generalforsamlinga 3.4.2018 gav generalforsamlinga styret fullmakt til å greie ut om- og legge til rette for ein fusjon mellom Mentro AS og Origod AS. Ein føresetnad for fusjonen er at den nye verksemda skal vere lokalisiert i Florø og Førde. Selskapet har kalla inn til ekstraordinær generalforsamling 1. oktober, der fusjonen skal handsamast av generalforsamlinga. Målet er at prosessen skal vere gjennomført innan 31.12.2018.</p>		
<b>Mål med eigarskapen</b>	Støtte opp om selskapet si verksemd.		
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	Selskapet er ei arbeidsmarknadsbedrift. Samfunnsmessige omsyn er årsaka til at fylkeskommunen held fram som eigar.		
<b>Tilråding</b>	<b>Vidareføre eigarskapen.</b>		

## Origod AS

<b>Føremål</b>	Selskapet har som føremål å drive industri og handelsverksemd for å sysselsette yrkesvalhemma. Verksemda er ei attføringsbedrift, og NAV er verksemda sin største og viktigaste kunde. Selskapet og NAV sin jobb er å sjå moglegheiter og utløyse ressursar hjå dei mange som står i fare for å miste fotfeste i arbeidslivet, eller aldri har hatt plass i arbeidslivet. Dette vert gjort i kombinasjon med produksjon av varer og tenester.
<b>Etablert</b>	21.05.1975.
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	<p>Eigarprosent: 26. Aksjane sin pålydande verdi: 150 000 kroner.</p> <p>Andre eigarar er fire kommunar (Flora kommune størst med 34,7 prosent av aksjane), Sparebanken Sogn og Fjordane, Sparebanken Vest, Flora Lag av NHF, Elkem ASA og Vest EDB AS.</p> <p>Aksjekapitalen til selskapet er 577 000 kroner fordelt på 577 aksjar pålydande 1000 kroner.</p>
<b>Forretningskontor</b>	Flora kommune.
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova. Lov om arbeidsmarknadstenester. Lov om norsk folketrygd. NAV-lova.
<b>Rammer</b>	Vedtekter, ikkje datert.
<b>Etiske retningslinjer</b>	Årsmeldinga nemner ikkje dette konkret. Gjennom kvalitetssystemet EQUASS Assurance arbeider selskapet for nøytral personalpolitikk.
<b>Generalforsamling</b>	<p>Berre aksjeeigarar har stemmerett på generalforsamlinga. Kvar aksje representerer ei stemme. Aksjonærar kan møte ved fullmekting. Desse skal ha skriftleg fullmakt som må godkjennast av generalforsamlinga.</p> <p>Ordinær generalforsamling skal haldast innan utgangen av mars månad.</p> <p>Vedtak på selskapet si generalforsamling krev absolutt fleirtal for å bli gyldige. Ved stemmelikskap reknast forslaget ikkje for vedteke.</p> <p>Vedtak om oppløysning av selskapet må gjerast på generalforsamling der minst 75 prosent av aksjekapitalen er representert. Gyldig vedtak om oppløysing krev to tredjedels fleirtal av dei møtande stemmene.</p> <p>Karianne Torvanger møtte med fullmakt på generalforsamling i 2018.</p>
<b>Val av styre</b>	<p>Selskapet blir leia av et styre på fire medlemer med to vara i rekjkjefølgje. Styremedlemene og vara blir valde av generalforsamlinga for ei funksjonstid på to år. Valet blir gjort slik at to medlemer blir valde for eitt år, og to det påfølgjande. På same måte blir det valt éin vara kvart år.</p> <p>Selskapet har valkomité.</p>
<b>Styresamansetning</b>	<p>Etter generalforsamlinga i 2018 er styret sett saman slik.</p> <p>Styreleiar: Siv Merete Stadheim      Nestleiar: Heidi Grande Røys      Styremedlem: Rune Bortne      Styremedlem: Hilmar Eliasson</p> <p>Første varamedlem: Anne Leversund      Andre varamedlem: Anders Moen</p>

	Valkomité: Ola Teigen og Jenny Følling.		
<b>Styregodtgjersle for 2018 og dagleg leiarars godtgjersle i 2017</b>	<p>Det vart ikkje fastsett godtgjersle for styremedlemer på generalforsamlinga i 2018. I 2016 var tala slik:</p> <p>Styreleiar: 45 000 kroner per år.</p> <p>Styremedlemer: 25 000 kroner per år.</p> <p>Godtgjersle styremedlemer til saman i 2016: 132 000 kroner.</p> <p>Løn dagleg leiar 2016: 831 503 kroner; anna godtgjersle: 140 514 kroner. Til saman: 972 017 kroner.</p>		
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Nei.		
<b>Revisor</b>	Deloitte AS.		
<b>Adresse</b>	Postboks 274, 6902 Florø.		
<b>Telefon</b>	57 75 21 40		
<b>E-post</b>	<a href="mailto:post@origod.no">post@origod.no</a>		
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://www.origod.no">www.origod.no</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
Sum driftsinntekter	22 540	23 690	21 347
Driftsresultat	684	1 065	562
Resultat etter skatt	615	1 039	632
Totalkapitalrentabilitet	3 %	5 %	3 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	2 %	8 %	3 %
Eigenkapitalprosent:	82 %	86 %	82 %
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	<p>Rekneskapen syner eit resultat på 0,6 mill. kr, noko som er svakare enn i 2016. Resultatet vert tilført eigenkapitalen.</p> <p>Kortsiktig gjeld er om lag 4 mill. kr og omløpsmidlar er om lag 4,8 mill. kr. Dette gir ein arbeidskapital i prosent av driftsinntekter på omlag 3 %. Likviditeten er såleis svekka i høve 2016, då selskapet har auka den kortsiktige gjelda. Eigenkapitalprosenten på 82 % syner at selskapet er solid og har god evne til å bere tap.</p>		
<b>Viktige hendingar</b>	<p>Dei fem tiltaka Origod har vore leverandør av i skjerma sektor vart vedteke avvikla i 2016, og NAV Sogn og Fjordane har sagt opp avtalene. Frå 2017 skulle skjerma sektor berre ha eitt tiltak – arbeidsførebuande trening (AFT). Origod er godkjent som leverandør av dette tiltaket og starta opp med 30 plassar i 2017.</p> <p>Som ein konsekvens av mindre faste inntekter frå desse tiltaka har</p>		

	<p>selskapet intensivert arbeidet for å hente inn andre oppdrag. Dette har mellom anna vorte gjort ved eit tett samarbeid med NAV Flora og KF Innvandrarsenteret om jobbklubbbar, individuelle AMO-tiltak og norskopplæring. Origod er no sertifisert som språktestskule gjennom Migranorsk (Origod testskule). Ambisjonen i 2017 har vore å utvikle arbeidet med arbeidsinkludering. I 2016 oppretta Origod ei ny avdeling fordi det var behov for ei avdeling som mellom anna har lettare arbeidsoppgåver enn det mekanisk avdeling kan tilby. Målgruppa er arbeidssøkjarar som har behov for eit skjerma arbeidsmiljø før dei går ut i praksis hos ein ekstern arbeidsgjevar. Arbeidsoppgåvene i avdelinga er mellom anna trearbeid, og monteringsoppdrag for Vestnes Land.</p> <p>I 2017 formidla selskapet 38 personar til arbeid eller utdanning. Dette er rekord for Origod. Selskapet hadde god aktivitet i alle avdelingar og forretningsområde.</p> <p>Selskapet hadde også i 2017 driftsavtale med Flora kommune om drift av alderssenteret Havglytt. Drifta omfattar kafédrift, servicetilbod og aktivitetar til brukarane, og utleige av lokale.</p>
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	<p>På generalforsamlinga 21.3.2018 vart det gjort vedtak om å gje styret fullmakt til å utgreie- og legge til rette for ein fusjon med Mentro AS. Det er ein føresetnad for fusjonen at den nye verksemda skal vere lokalisert i Florø og Førde. Selskapet har kalla inn til ekstraordinær generalforsamling 1. oktober, der fusjonen skal handsamast av generalforsamlinga. Prosessen skal ha som siktemål å vere gjennomført innan 31.12.2018.</p> <p>Ein avtale med NAV for 2018 omfattar levering av minimum 30 plassar i to tiltak. Origod skal også vere underleverandør til Sogneprodukt AS på tiltaket Arbeidsretta Rehabilitering. Denne kontrakta gjeld til 2019. Avtalen med Flora kommune om drift av Havglytt er fornya for 2018.</p> <p>Selskapet vil ha fokus på å tilpasse seg omgjevnadane, sikre seg naudsynt fagleg kompetanse og vurdere nye tenester og produksjonsområde.</p>
<b>Mål med eigarskapen</b>	Støtte opp om selskapet si verksemd.
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	Selskapet er ei arbeidsmarknadsbedrift. Samfunnsmessige omsyn er årsaka til at fylkeskommunen held fram som eigar.
<b>Tilråding</b>	<b>Vidareføre eigarskapen</b>

## In Via AS

<b>Føremål</b>	Selskapet sitt føremål er å skape meirverdi for menneske og samfunn. In Via AS skal skape positive endringar til beste for alle partar og vere ein lærings- og kompetansepartnar.
<b>Etablert</b>	18.04.1977
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	<p>Eigarprosent: 32. Aksjane sin pålydande verdi: 325 500 kroner.</p> <p>Fylkeskommunen er største eigar. Andre eigarar er åtte kommunar (Gloppen, Stryn, Eid, Vågsøy, Selje, Hornindal, Høyanger og Bremanger) og Sparebanken Sogn og Fjordane.</p> <p>Selskapets aksjekapital er 1 100 000 kroner fordelt på 4 400 aksjer à 250 kroner.</p>
<b>Forretningskontor</b>	Gloppen kommune

<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova. Lov om arbeidsmarkedstjenester. Lov om folkestrygd. NAV-lova.		
<b>Rammer</b>	Vedtekter, vedtekne i generalforsamling 22. april 2015.		
<b>Etiske retningslinjer</b>	Omtalar likestilling og miljø i årsmeldinga.		
<b>Generalforsamling</b>	Stemmerett på generalforsamlinga for aksjeeigarane: kvar aksje representerer ei stemme.  Sigurd Reksnes er eigarutsendig. Trude Helen Flåten møtte med fullmakt på vegner av fylkeskommunen på generalforsamlinga i 2018.		
<b>Val av styre</b>	Valkomité førebud val av styre. Styret skal ha fem medlemer. Styremedlemene blir valde for to år, slik at halvparten trer ut kvart år. Varamedlemene blir valde for eitt år. Leiar og nestleiar blir valde kvart år. Styret er vedtaksført dersom minst 3/5 av styremedlemene eller vara er til stades.  Valkomité: Eit medlem går ut kvart år (leiaren). Dei to andre rykkjer opp. Val av nytt medlem kvart år.		
<b>Styresamansetning</b>	Etter generalforsamlinga i 2018 er styret sett saman slik:  Styreleiar: Jon Gimmetad Nestleiar: Tone Holvik Styremedlem: Nils Petter Stavøya Styremedlem: Elin Leikanger Styremedlem: Jan Arve Søvde (vald av dei tilsette)  Varamedlem: Per Kjøllesdal Varamedlem: Rune Engeseth Varamedlem: Svein Navelesaker (vald av dei tilsette)  Valkomité: Stig Olav Lødemel (leiari), Kristin Maurstad og Sven Flo.		
<b>Styregodtgjersle for 2018 og dagleg leiar godtgjersle i 2017</b>	Styreleiar: 45 000 kroner i året.  Styremedlemer: 2000 kroner per møte.  Løn dagleg leiar: 768 542 kroner.		
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Nei		
<b>Revisor</b>	BDO AS		
<b>Adresse</b>	Postboks 122, 6821 Sandane.		
<b>Telefon/faks</b>	57 86 66 50		
<b>E-post</b>	<a href="mailto:ueland@in-via.no">ueland@in-via.no</a>		
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://www.in-via.no">www.in-via.no</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
Sum driftsinntekter	9 923	10 367	9 887
Driftsresultat	0	663	985

Resultat etter skatt	75	714	1 057
Totalkapitalrentabilitet	1 %	6 %	8 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	54 %	59 %	70 %
Eigenkapitalprosent:	77 %	75 %	79 %
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	<p>Selskapet har eit driftsresultat på 0,985 mill. kr i 2017. Sjølv om rekneskapen syner mindre driftsinntekter enn i 2016, er resultatet betre i 2017. Dette skuldast mellom anna reduserte lønnskostnadar.</p> <p>Selskapet sin finansielle stilling er god. Eigenkapitalprosenten er på 79 %. Omløpsmidlar er på 9,8 mill. kr og kortsiktig gjeld er 2,8 mill. kr. Dette gir ein arbeidskapital i prosent av driftsinntekter på 70 %. Selskapet har såleis ei god evne til å møte betalingsforpliktingane sine.</p>		
<b>Viktige hendingar</b>	<p>Selskapet sin gjennomgang av aktivitet og tiltak for 2017 syner at bedifta stort sett har nådd sine målsettingar, til dels med god margin og over landsgjennomsnittet. Frå tiltaket AFT (arbeidsførebuande trening) gjekk 71 % til arbeid eller utdanning, og frå KIA (kvalifisering i arbeidsmarknadsbedrift) gjekk 77 % til arbeid eller utdanning.</p> <p>In Via har produksjon i Stryn og på Nordfjordeid. I 2017 har In Via mellom anna produsert postkassestativ og møblar, og utført tenester for Fretex AS, Stryn Energi, West Mekan, Eurofoto m.fl.</p> <p>Siste åra har In Via også tileigna seg andre kundar enn NAV. In Via gir språkkurs til næringsliv og privatkundar, og følgjer opp framandspråklege for Eid kommune.</p>		
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	<p>In Via vil arbeide for å gjere AFT til det viktigaste og beste tiltaket NAV har for personar med nedsett arbeidsevne. VTA (varig tilrettelagt arbeid) vil bli evaluert i tida framover. In Via vil arbeide for endringar av VTA, og meir bruk av det ordinære arbeidslivet.</p> <p>Framover vil kompetanseutvikling og samarbeid med andre aktørar vere viktig for å vinne anbod. In Via AS vurderer samanslåing med andre arbeidsmarknadsbedrifter for å stille sterkare i anbodskonkurransar.</p>		
<b>Mål med eigarskapen</b>	Støtte opp om verksemda til selskapet.		
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstøyleg?</b>	Selskapet er ei arbeidsmarknadsbedrift. Samfunnsmessige omsyn er årsak til at fylkeskommunen held fram som eigar.		
<b>Tilråding</b>	<b>Vidareføre eigarskapen.</b>		

## Sogneprodukt AS

<b>Føremål</b>	Gjennom arbeidsretta tiltak skapar selskapet grunnlag for rekruttering til ordinært arbeidsliv. Selskapet er «ei bru til arbeidslivet» for dei som treng hjelp til å skaffe seg arbeid eller utdanning. Verksemda gir tilbod om varig tilrettelagt arbeid. Tenester, produksjon og handel eller anna næringsverksemd kan vere ein del av prosessen.
----------------	---

<b>Etablert</b>	07.11.1973.
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	<p>Eigarprosent: 20. Aksjane sin pålydande verdi: kr 150 000.</p> <p>Andre eigarar er åtte kommunar og seks sparebankar lokalisert i Sogn, samt Norges Handikapforbund.</p> <p>Etter fusjonen i 2017 er selskapet sin aksjekapital 751 000 kr, delt på 751 aksjar pålydande 1000 kr.</p>
<b>Forretningskontor</b>	Vik kommune.
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova, lov om arbeidsmarknadstenester, lov om norsk folkestrygd, NAV-lova.
<b>Rammer</b>	Vedtekene, sist revidert 20.02.2017.
<b>Etiske retningslinjer</b>	Selskapet har utarbeidd eigne etiske retningslinjer av 30.08.2012.
<b>Generalforsamling</b>	<p>Ordinær generalforsamling skal haldast innan utgangen av april månad.</p> <p>Aleksander Øren Heen er eigarutsending, og møtte med fullmakt på ekstraordinær generalforsamlinga i 2017.</p>
<b>Val av styre</b>	<p>Selskapet skal leiaast av eit styre på sju medlemer. Av desse vert fem medlemer med tre vara i rekjkjefølgje valde av generalforsamlinga. To styremedlemer med fire vara i rekjkjefølgje skal veljast av dei tilsette. Styreleiar og nestleiar skal veljast kvart år. For alle verv i styret gjeld ei funksjonstid på 2 år.</p> <p>Selskapet har valkomité. Valkomiteen skal bestå av ordførarane frå dei største primæreigarkommunane – Vik, Balestrand, Årdal og Sogndal. Ordførar i Vik kommune er leiar.</p>
<b>Styresamansetning</b>	<p>Etter generalforsamling i 2018 er styret sett saman slik:</p> <p>Stig Roar Hovland (styreleiar) Astrid Hove (nestleiar) Kai Lille-Homb Frode Valsvik Marit Aakre Tennø Arne Hovland (1. vara) Karen Marie Hjelmeseter (2. vara) Lars Trygve Sæle (3. vara)</p> <p>Frå tilsette:</p> <p>Martin Gunnstein Holen Nils Magnar Feten</p>
<b>Styregodtgjersle for 2017 og daglegleiars godtgjersle i 2016</b>	<p>Styreleiar sit honorar pr. år er 24 000 kr.</p> <p>Nestleiar sitt honorar pr. år er 9.000 kr.</p> <p>Andre styremedlemer og 1. vara sitt honorar pr. år er 6.000 kr.</p> <p>Godtgjersle pr. møte er 2000 kr for alle styremedlemene. For å få styrehonorar må medlemen ha delteke på minst 50 % av styremøta.</p> <p>Løn til dagleg leiar i selskapet i 2016: 952 432 kr, 214 046 i pensjonsgodtgjersle og 15 328 i andre godtgjersler.</p>

<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Nei.
<b>Revisor</b>	RSM Norge AS avd. Voss
<b>Adresse</b>	Industrivegen 25, 6893 Vik i Sogn.
<b>Telefon/faks</b>	57 69 83 40.
<b>E-post</b>	<a href="mailto:rf@sogneprodukt.no">rf@sogneprodukt.no</a>
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://www.sogneprodukt.no">www.sogneprodukt.no</a>

**Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:**

(1000 kr)	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
Sum driftsinntekter	28 341	28 944	43 492
Driftsresultat	- 1 460	- 1 542	-775
Resultat etter skatt	- 997	- 1 093	-673
Totalkapitalrentabilitet	-3 %	-3 %	-2 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	49 %	45 %	31 %
Eigenkapitalprosent:	85 %	84 %	79 %

<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	2017 har vore prega av fusjonsprosess og organisering av ny bedrift. Styret vedtok fusjon 20.02.17, der Vik Asvo AS og Balestrand Industrier AS overdrog sine eigendeler, rettighetar og forpliktingar heilt og fullt til Sogneprodukt AS. Dette gjer at driftsinntektene for 2017 har ein vesentleg auke i høve tidlegare år.  Selskapet har eit resultat på om lag - 0,7 mill. kr i 2017. Underskotet reduserer eigenkapitalen til om lag 29,1 mill. kr. Eigenkapitalen er høgare enn i 2016 då eigenkapitalen fekk ein auke på 3,4 mill. kr som følgje av fusjonen. Sogneprodukt AS hadde i 2017 driftsinntekter på om lag 43,5 mill. kr og om lag halvparten av desse er salsinntekter medan den andre halvparten er attføringsinntekter.  Soliditeten og likviditeten til selskapet er god.
------------------------------------	--

<b>Viktige hendingar</b>	I 2014 vart Sogneprodukt AS godkjent som arrangør av fem tiltak fram til 2020. Eitt av desse tiltaka vart utfasa i 2016. I tillegg har selskapet tiltak for Sogndal kommune.  I 2016 vart Sogneprodukt AS godkjent som arrangør av eitt nytt rammetiltak fram til 2020 og eitt nytt anbodstiltak som NAV har opsjon på forlenging av fram til 30.6.2020.  Selskapet vart ISO-sertifisert i desember 2017. Hausten 2017 starta Sogneprodukt AS også opp to store kurssatsningar: MotivertUng og Reinhaldskurs for flyktningar. Vidare har Sogneprodukt AS gjennomført totalt sju prosjektoppdrag for eigarkommunar og fylkeskommunen for å betre flyktningar sine mogleheter på arbeidsmarknaden.  Saman med arbeids- og inkluderingsverksemder i fylket held
--------------------------	--

	<p>Sogneprodukt AS fram samarbeidet om fagopplæring gjennom Opplæringskontoret for tilrettelagt fagopplæring. Endringar i tiltaksregelverket har gjort det utfordrande å kunne ha lærlingar som går heile løpet i verksemda.</p> <p>Året 2017 var prega av arbeid med å få selskapet opp på bruk av tiltaksplassar på to av tiltaka etter anbodsutsetjing og «tap» av plassar i 2016. Vesentlege endringar i regelverk og rammevilkår har ført til ekstra satsing på kompetanseutvikling. Arbeidet med tiltaket Arbeidsførebuande trenign (AFT) har gjeve gode formidlingsresultat og 17 av totalt 20 avslutningar på AFT har gått til ordinært arbeid eller utdanning. Åtte av 10 avslutningar på KIA-tiltaket har gått til ordinært arbeid.</p> <p>Av totalt 121 avsluttingar i rammetiltaka i 2017 har 44 gått til ordinært arbeid eller utdanning. Selskapet nådde målet sitt om at over 80% av arbeidssøkjarane deira skal ha arbeidspraksis i eksterne bedrifter.</p> <p><b>Fusjon</b> Sogneprodukt AS fusjonerte med Balestrand Industrier AS og Vik Asvo AS i 2017. Sogneprodukt AS var det overtakande selskapet.</p>
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	<p>Målet med fusjonen var å bli ei endå meir slagkraftig arbeids- og inkluderingsbedrift i Sogn, til det beste for brukarane og eigarane.</p> <p>Fellesskapet gir mogelegheit for auka satsing på kvalitet, kompetanse og vidareutvikling av produkt og tenester. Rammevilkåra er i endring, og eigarane har møtt endringane offensivt ved å gå inn i eit fellesskap. Arbeidet for å nå målet om å bli ei endå meir slagkraftig arbeids- og inkluderingsbedrift i Sogn vil halde fram i 2018.</p>
<b>Mål med eigarskapen</b>	Støtte opp om verksemda til selskapet.
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	Selskapet er ei arbeidsmarknadsbedrift. Samfunnsmessige omsyn er årsaka til at fylkeskommunen held fram som eigar.
<b>Tilråding</b>	<b>Vidareføre eigarskapen.</b>

## 7. Interkommunale samarbeid

### 7.1 Ulike former for interkommunalt samarbeid

Interkommunale samarbeid kan vere alt frå eit forum for erfaringsutveksling, til overføring av ansvar/utføring av oppgåver til eit anna rettssubjekt – til dømes ein anna kommune eller eit selskap. Fylkeskommunen deltek i dag i fleire samarbeid innanfor ulike områder.

### 7.2 Samarbeid etter kontrakt (*formlaust samarbeid*)

Slike samarbeid er ikkje heimla i kommunelova. Dei baserer seg på kontraktar som regulerer samarbeidshøvet mellom kommunane. Denne forma for samarbeid vert også kalla *formlaust samarbeid*. På grunn av at organisasjonsforma er tufta på kontraktar, vil rammene for organiseringa ligge i kva som gyldig kan avtalast mellom kommunar.

## **7.3 Interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27<sup>14</sup>**

Kommunelova (koml.) § 27 har reglar om samarbeidsavtalar mellom kommunar når samarbeidet er organisert med eige styre. Styret for eit interkommunalt samarbeid kan tildelast ein grad av sjølvstendig avgjerdsmynde, men avgjerdsmyndet må avgrensast til avgjerder som gjeld "virksomhetens drift og organisering", jf. koml. § 27 første ledd. Alle saker av viktigkeit må difor takast opp i dei respektive kommunestyra. Det kan likevel regulerast i vedtekten at styret skal ha moglegheit til å binde deltakarkommunane økonomisk, men berre i avgrensa grad.

## **7.4 Vertskommunesamarbeid etter kommunelova §§ 28-1 b og 28-1 c**

Kommunelova § 28-1 a gjev heimel for å legge oppgåver som kommunane har ansvar for, til eit såkalla vertskommunesamarbeid.

Dette vertskommunesamarbeidet har to variantar:

- Administrativt vertskommunesamarbeid (§ 28-1 b)
- Vertskommunesamarbeid med felles folkevald nemnd (§ 28-1 c)

Der kommunen vurderer at eit samarbeidsområde er av prinsipiell tyding, skal modellen med felles folkevald nemnd nyttast. Denne nemnda har då ansvar for at oppgåvene blir løyst innanfor ramma av delegeringa frå deltakarkommunane, regulert gjennom ein avtale. Tilsvarende vil den administrative modellen nyttast på området der det blir vurdert at området ikkje er av prinsipiell tyding.

Et vertskommunesamarbeid vil ikkje vere eit sjølvstendig rettssubjekt, men er forankra i ein avtale som må vedtakast av kommunestyret eller fylkestinget sjølv.

## **7.5 Interkommunale samarbeid**

### **Nasjonal Digital Læringsarena (NDLA)**

<b>Føremål</b>	NDLA starta som eit prosjektsamarbeid mellom 18 fylkeskommunar i 2007 (Oslo deltok ikkje). I 2009 fatta alle 18 fylkesting likelydande vedtak om å etablere prosjektet som eit interfylkeskommunalt samarbeid (IS), jf. kommunelova § 27. Sjå FT-sak 39/09 og FT-sak 38/12.  Nasjonal Digital Læringsarena - gratis læremiddel for elevar i vidaregåande skule - er eit fellesinitiativ frå fylkeskommunane som har som føremål å etablere fritt tilgjengelege læremiddel for alle faga i den vidaregående opplæringa.
<b>Etablert</b>	2007.
<b>Deltakarar</b>	17 fylkeskommunar. Oslo er ikkje deltar.
<b>Rammer</b>	Vedtekter frå 01.07.2009. Endra i 2017, sjå FT-sak 18/17. Offentleglova.
<b>Representasjon i representantskap</b>	Som interfylkeskommunalt samarbeid har NDLA eit representantskap med eigarrepresentasjon, ein frå kvar av eigarane. I sak 14/18 valde

<sup>14</sup> Sommaren 2018 vedtok Stortinget ny kommunelov (koml. 2018). Lova er ikkje tredd i kraft enno, og tidspunktet for ikraftsetjing er ikkje endeleg fastsett. § 27 om interkommunale samarbeid er ikkje vidareført i den nye lova, men erstatta av to nye samarbeidsformer; interkommunalt politisk råd etter kap. 18 eller kommunalt oppgåvefellesskap etter kap. 19. Den største skilnaden er at for dei nye samarbeidsordningane må deltarane uttrykkeleg ta stilling til om samarbeidet skal vere eit eige rettssubjekt eller ikkje. Ifølgje koml. 2018 § 31-2 må alle samarbeid etter koml. § 27 vere omdanna til ein av dei nye ordningane seinast innan fire år etter at kap. 18 og 19 i koml. 2018 trer i kraft.

	fylkesutvalet leiaren i hovudutvalet for opplæring til Sogn og Fjordane fylkeskommune sin medlem i representantskapet. Nestleieren i hovudutvalet er vara.
<b>Administrasjon</b>	NDLA har eit styre som kan ha 3 – 7 medlemer. John Arve Eide er styreleiar. Styret skal sjå til at drifta av NDLA er i samsvar med formålet for samarbeidet, vedtekten, årsbudsjettet for selskapet og andre vedtak og retningslinjer fastsett av representantskapet eller styret sjølv.  Hordaland fylkeskommune er kontorkommune for hovudkontoret.
<b>Innskotsplikt</b>	Inntektsgrunnlaget er basert på bidrag per elev frå alle deltakarane.
<b>Uttreden</b>	Skjer gjennom fylkestingsvedtak. Fristar og føresegner følgjer av kommunelova § 27.
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://www.ndla.no">www.ndla.no</a>
<b>Rettslege rammer</b>	Kommunelova § 27.
<b>Viktige hendingar</b>	På bakgrunn av fylkestinget sitt vedtak i sak 18/17 la fylkesrådmannen fram ei særskild sak knytt til eigarskapen i NDLA hausten 2017, sjå FT-sak 35/17. Saka vurderte om samarbeidet hindrar konkurranse og innovasjon om digitale læremiddel og dei enkelte skulane sin valfridom. Saka vurderte også alternativ til dagens NDLA-samarbeid. Fylkestinget tok saka til vitande.  På oppdrag frå kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune gjennomførte Deloitte AS forvalningsrevision av NDLA i 2017. Fylkestinget i Sogn og Fjordane handsama forvalningsrevisjonsrapporten i sak 43/17, og sluttet seg til vedtaket frå fylkestinget i Hordaland, som m.a. omhandla innkjøp, arbeidsmiljø og personopplysningar.

## Vestlandsrådet

<b>Føremål</b>	Vestlandsrådet er eit politisk samarbeidsråd for fylkeskommunane på Vestlandet. Dei fire fylkeskommunane på Vestlandet skal gjennom Vestlandsrådet <ul style="list-style-type: none"> <li>• styrke landsdelen, både nasjonalt og internasjonalt</li> <li>• koordinere den politiske innsatsen til beste for landsdelen innanfor definerte satsingsområde og utvikle effektive tenester på tvers av fylkesgrensene</li> <li>• fremje andre politiske saker av felles interesse</li> <li>• aktivt påverke rammevilkår for landsdelen og medlemsfylka</li> <li>• skape samhandlingsarenaer på Vestlandet</li> <li>• ta initiativ til samarbeidsprosjekt på tvers av fylkesgrensene</li> </ul>
<b>Etablert</b>	2003.
<b>Deltakarar</b>	Fylkeskommunane Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland.
<b>Rammer</b>	Samarbeidsavtale, vedtekter og politisk plattform.
<b>Representasjon i råd/styre/representantskap</b>	Fylkeskommunen har følgjande medlemmer i Vestlandsrådet: Jenny Følling, Åshild Kjelsnes, Noralv Distad, Trude Brosvik, Jakob Andre Sandal.

	<p>Vestlandsrådet møtast som hovudregel minst tre gonger i året. Leiarvervet går på omgang for eitt år av gangen mellom fylkesordførarane. Møre og Romsdal fylkeskommune har leiarvaka i Vestlandsrådet i 2018.</p> <p>I tillegg til rådet er det skipa eit eige arbeidsutval (AU) med dei fire fylkesordførarane.</p>
<b>Administrasjon</b>	<p>Sekretariatet er sett saman av ein medlem (tilsett) frå kvar av fylkeskommunane, og blir leia av ein sekretariatsleiar som følgjer leiarvervet. Medlemmane av sekretariatet er sekretariatsleiaren sitt «daglege» kontaktpunkt mot fylkeskommunane.</p> <p>Fylkesrådmennene i dei deltagande fylkeskommunane deltek i saksførebuinga for rådet. Fylkesrådmannen i den fylkeskommunen som til ei kvar tid innehar leiarvervet, har innstillingsrett til rådet. Sekretariatsleiar må halde seg til fylkesrådmannen i leiarfylket.</p> <p>Fylkesrådmennene har møterett i rådet.</p>
<b>Innskotsplikt</b>	<p>Finansiering av rådet sin aktivitet skal fordelast slik:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>a. Eigne driftsutgifter til deltaking i organet vert dekka av kvar einskild fylkeskommune.</li> <li>b. Leiarskapet i rådet blir dekka av fylkeskommunen som har leiarskapet av Rådet.</li> <li>c. Rådet skal ha eit eige budsjett til dekking av andre typar av driftsutgifter til rådet av felles interesse for dei deltagande fylkeskommunane. Rådet skal sjølv gje framlegg om storleiken på dette. Kvar av fylkeskommunane skal dekkje 1/4 av desse utgiftene.</li> <li>d. Utgifter til einskildprosjekt blir fordelt i kvart einskild tilfelle knytt til kvar fylkeskommune sine interesser og deltaking i prosjekta.</li> </ul>
<b>Uttreden</b>	Fylkestinget i eitt av dei deltagande fylka kan vedta at denne fylkeskommunen skal gå ut av samarbeidet i rådet med 1 - eitt - års oppseiingsfrist før neste fylkestingsval. I eit slikt høve gjeld § 27 i kommunelova.
<b>Kontakt for Sogn og Fjordane</b>	<a href="mailto:Ole.inge.gjerald@sfj.no">Ole.inge.gjerald@sfj.no</a>
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://www.vestlandsraadet.no">www.vestlandsraadet.no</a>
<b>Rettslege rammer</b>	Kommunelova § 27

## Sogn og Fjordane Felles Innkjøpsordning (SFFI)

<b>Føremål</b>	SFFI skaffar samarbeidspartane felles rammeavtalar og bidreg med råd og kompetanse ved einskildkjøp og konkurranseutsetting.
<b>Etablert</b>	Ca. 1990.
<b>Deltakarar</b>	Deltakarar i SFFI: Askvoll kommune, Aurland kommune, Balestrand kommune, Bremanger kommune, Difi, Eid kommune, Fjaler kommune, Flora kommune, Førde kommune, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Gauldal kommune, Gloppen kommune, Gulen kommune , Hyllestad kommune, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Høyanger kommune , Jølster

	komune, Leikanger kommune, Luster kommune, Lærdal kommune, Naustdal kommune, Selje kommune, Sogndal kommune, Solund kommune, Stryn kommune, Vik kommune, Vågsøy kommune, Årdal kommune.
<b>Rammer</b>	Avtalen mellom dei samarbeidande kommunane.
<b>Administrasjon</b>	Innkjøpstenesta i fylkeskommunen driftar innkjøpssamarbeidet. Leiari for samarbeidet er innkjøpjefen i fylkeskommunen. Tilsetningsforhold og arbeidsgjevaransvar ligg i fylkeskommunen.  I samband med regionreforma vert framtidig organisering av innkjøpssamarbeidet vurdert.
<b>Innskotsplikt</b>	Medlemene betalar inn ei årleg godtgjersle for å delta, avhengig av storleik.
<b>Uttreden</b>	Avtalane gjeld til dei vert sagt opp. Uttreden kan skje ved årsskiftet.
<b>Adresse</b>	Askedalen 2, 6863 Leikanger.
<b>Telefon/faks</b>	57 65 60 00.
<b>E-post</b>	<a href="mailto:post@sfj.no">post@sfj.no</a>
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://www.sfj.no">www.sfj.no</a>
<b>Rettslege rammer</b>	Lov om offentlege anskaffingar (SFFI er ikkje eit interkommunalt samarbeid slik det går fram av kommunelova §§ 27, 28-1).

## IS Fjordvegen Rute 13

<b>Føremål</b>	Intereseselskap som skal arbeide for å betre RV 13. Selskapet sine føremål er:  1. Å arbeide for utbygging av Fv/Rv13 slik at denne blir ein trygg veg med gjennomgåande høg standard og gul midtstripe for heile strekninga.  2. Å marknadsføre vegstrekninga som ei effektiv og vakker transportåre og som den indre stamvegen frå Nord-Jæren til Sunnfjord.
<b>Etablert</b>	19.06.1995.
<b>Deltakarar</b>	Medlemer i selskapet er tre fylkeskommunar, kommunar, interkommunale selskap, vegselskap, næringsorganisasjonar, verksemder og andre føretak som har interesse i selskapet sitt føremål.
<b>Rammer</b>	Vedtekter av 06.06.2013.
<b>Representasjon i styret</b>	Styret i selskapet skal ha 8 medlemer med vara. Arnstein Menes er fylkeskommunen sin representant i styret.
<b>Administrasjon</b>	Hardangerrådet ved dagleg leiari Jostein Eitrheim, er også dagleg leiari i IS Fjordvegen.
<b>Innskotsplikt</b>	Kontingent vert betalt forskotsvis for eitt år om gongen. Det er vedteke at fylkeskommunane kan bidra med 85 000 kr årleg frå 2018.
<b>Uttreden</b>	Utmelding av selskapet med bindande verknad for kontingentbetaling må vere gjort minst 1 år før det kalenderåret utmeldinga skal tre i kraft.

<b>Adresse</b>	Postboks 78, 5780 Kinsarvik.
<b>Telefon/faks</b>	53 67 14 50
<b>E-post</b>	<a href="mailto:post@hardangerraadet.no">post@hardangerraadet.no</a>
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://www.fjordvegen.no">www.fjordvegen.no</a>
<b>Rettslege rammer</b>	Vedtekten. Samarbeidet er eit interesseselskap med offentlege og private verksemder som medlemer.

## Kommunearkivordninga

<b>Føremål</b>	Kommunearkivordninga skal arbeide i tråd med følgjande føremål:  a) Bistå medlemskommunane i å sikre at dei kommunale arkiva vert ordna, organisert og oppbevart i samsvar med lov av 4. desember 1992 nr. 126 og Forskrift av 11. desember 1998 nr. 1193 (Arkivlov med forskrifter, gjeldande frå 1. januar 1999).  b) Gi råd og rettleiing til medlemskommunane i spørsmål som knyter seg til informasjonshandsaming og arkivarbeid, og følgje nøyne med i den teknologiske utviklinga på dette området.  c) Gi råd og rettleiing til medlemskommunane i spørsmål om moderne arkivdanning og stå for opplæring og rettleiing knytt til arkivsystem og arkivrutinar.  d) Vere med på å utarbeide og sette i verk kommunale arkivplanar.  e) Arbeide for at medlemskommunane sitt eldre arkivmateriale vert samla inn, ordna, katalogisert og sikra forsvarleg oppbevaring. Kommunearkivordninga skal ta i mot og oppbevare eldre personregister og arkiv med personopplysningar, og kan etablere depotarkiv for eldre kommunale arkiv.  f) Foreta arkivundersøkingar for medlemskommunane og gi rettleiing og informasjon til publikum, blant anna i spørsmål som gjeld lokalhistorie.  g) Gi råd til dei medlemskommunane som ønskjer å planlegge, bygge opp og drive lokalhistorisk arkiv i kommunen.
<b>Etablert</b>	Prøveordning frå 1987. Endeleg etablert frå 1991.
<b>Deltakarar</b>	Alle kommunane, samt fylkeskommunen i Sogn og Fjordane .
<b>Rammer</b>	Kommunearkivordninga i Sogn og Fjordane er ei samarbeidsordning mellom fylkeskommunen og kommunar i Sogn og Fjordane.
<b>Forretningskontor</b>	Leikanger kommune.
<b>Administrasjon</b>	Fylkesarkivar: Arnt Ola Fidjestøl  Kommunearkivordninga er organisert med ei styringsgruppe med tre representantar frå medlemskommunane (oppnemnde av KS), ein representant frå fylkeskommunen og ein representant frå Statsarkivet i Bergen.  Sogn og Fjordane fylkeskommune har arbeidsgjevaransvar for dei tilsette i kommunearkivordninga.

<b>Innskotsplikt</b>	Inntektsgrunnlaget er basert på bidrag med utgangspunkt i innbyggjartal.
<b>Uttreden</b>	2 års oppseiling.
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://www.fylkesarkivet.no/">www.fylkesarkivet.no/</a>
<b>Adresse</b>	Askedalen 2, 6863 Leikanger.
<b>Telefon</b>	57 63 80 00.
<b>E-post</b>	<a href="mailto:fylkesarkivet@sfj.no">fylkesarkivet@sfj.no</a>

## 8. Stiftingar

Ei stifting er ein formuesverdi som sjølvstendig er stilt til rådvelde for eit føremål av ideell, humanitær, kulturell, sosial, utdanningsmessig, økonomisk eller anna art. Sjå lov av 15.06.2001 nr. 59 om stiftelser (stiftingslova).

Opprettarane av ei stifting står fritt til å fastsette stiftinga sitt føremål. Dette kan anten vere å fremje ei bestemt sak, eller å drifta verksemda stiftinga sjølv driv. Stiftinga er eit sjølvstendig rettssubjekt, og har ikkje utanforståande eigarar eller eigarorgan som utøver mynde, som til dømes generalforsamling.

Når stiftinga er oppretta, har opprettaren ikkje lenger rådvelde over formuesverdien som er overført til stiftinga. Verken opprettaren eller andre kan med grunnlag i eigedomsrett til stiftinga sine midlar utøve styring over verksemda i stiftinga, eller gjere krav på overskot. I motsetnad til det som gjeld for selskap kan opprettar heller ikkje overføre midlane til stiftinga til seg sjølv ved å oppløyse stiftinga. Når det gjeld stiftingar står vi difor utanfor vanleg eigarskapspolitikk.

Stiftelsestilsynet har ansvar for tilsyn med og kontroll av alle stiftingar i Noreg etter stiftingslova. Alle norske stiftingar skal vere registrerte i Stiftelsesregisteret ([www.lottstift.no](http://www.lottstift.no)).

### 8.1 Uttreden frå stiftingar

Det er ikkje mogleg å selje seg ut av ei stifting, ettersom opprettarane ikkje eig stiftinga. Dersom fylkeskommunen ikkje lenger ønskjer å stå som opprettar i ei stifting, er løysinga å ta initiativet til å få stiftinga oppløyst. Saka skal då handsamast av styret, og Stiftelsestilsynet skal godkjenne opplysinga som sisteinstans. Grunnkapitalen går ikkje tilbake til opprettarane. Avviklingsstyret og Stiftelsestilsynet avgjer korleis den totale kapitalen skal nyttast etter at krava til kreditorane er dekka. Før fylkeskommunen vedtek å oppmode styret om å oppløse ei stifting, må det vurderast kva konsekvensar dette kan få for medopprettarane og dei som nyt godt av føremålet med stiftinga.

### 8.2 Stiftingane

#### Stiftinga Singerheimen

**Føremål:** Alminnelig stifting. Føremålet er å ta vare på og drive på ein verdig måte eigedomen Dahlheim som ein kulturinstitusjon. Ved utleige skal ein prioritere tilsette ved sjukehusa i Sogn og Fjordane.

<b>Adresse:</b> 6788 Olden.	<b>Telefon:</b> 920 84 187
<b>Stifta:</b> 31.07.1963.	<b>Opprettar:</b> Anna Brugh Singers dødsbu.
<b>Nettside/e-post:</b> <a href="http://www.ny.singerheimen.no">www.ny.singerheimen.no</a> <a href="mailto:post@singerheimen.no">post@singerheimen.no</a>	<b>Rammer:</b> Vedtekene registrert 01.01.2009, sist endra 10.06.2007.

<b>Fylkeskommunen sitt ansvar:</b> Hovudutval for næring og kultur vel heile styret. Stryn kommune har høve til å foreslå to av dei fem medlemene dersom kommunen yter faste tilskot til stiftinga. Fylkesutvalet har høve til å gje fråsegn dersom styret vedtek oppløysing av stiftinga.	<b>Tilskot frå fylkeskommunen:</b> Årleg tilskot etter søknad. Tilskot i 2017: kr 250 000.
<b>Merknad:</b> Fylkeskommunen er ikkje opprettar av denne stiftinga. Stiftinga vart oppretta ved at eigedomen Dahlheim vart overført til stiftinga frå Anna Brugh Singers dødsbu. Styret skulle vere identisk med styret for Nordfjord sjukehus. Eigedomen skulle brukast som rekonvalesentheim for sjukehuset sine pasientar og for sjukepleiarane ved sjukehuset. Vedtektene vart etter forslag frå styret vesentleg endra i 1999 og 2001. Tidlegare vart eigedomen i praksis handsama som ein fylkeskommunal institusjon pga. det historisk nære forholdet mellom eigedomen og Nordfjord sjukehus. Stiftinga er avhengig av faste tilskot frå fylkeskommunen.	
Stiftinga er i ein vanskeleg økonomisk situasjon og ser på ulike moglegheiter for å betre stoda. Det har ikkje vore tilsett dagleg leiar for sesongen 2018. Styret har ikkje lukkast i å få inn privat kapital til drifta, og vurderer no moglegheitene for å selje eigedomen og avvikle stiftinga. Ved eit framtidig sal, er det ønskjeleg å ivareta bygningar, inventar og miljø ved Singerheimen i samsvar med det opphavelege føremålet til stiftinga. Dersom dette ikkje lukkast, må stiftinga vurdere å selje heile eigedomen i den opne marknaden og utan sterke bindingar. Fylkesutvalet støttar styret si tilnærming til saka, jf. FU-sak 27/18.	

## Bustadstiftinga ved fylkessjukehuset i Lærdal

<b>Føremål:</b> Næringsdrivande stifting. Stiftinga skal skaffe tomtegrunn og byggje bustadar for utleige til personalet ved fylkessjukehuset.	
<b>Adresse:</b> Lærdal sjukehus – Helse Førde, 6887 Lærdal.	<b>Telefon:</b> 902 02 893.
<b>Stifta:</b> 09.01.1969	<b>Opprettar:</b> Fylkeskommunen.
<b>Nettside/e-post:</b> <a href="mailto:kare.mentz.lysne@helse-forde.no">kare.mentz.lysne@helse-forde.no</a>	<b>Tilskot frå fylkeskommunen:</b> Ingen.
<b>Fylkeskommunen sitt ansvar:</b> Fylkesutvalet vel heile styret. Det vert arbeidd med å overføre denne valretten til Helse Førde, som har teke over drifta av sjukehuset, sjå FT-sak 32/16.	<b>Rammer:</b> Vedtektene 01.01.2009, sist endra 18.10.2016.

## Bustadstiftinga ved fylkessjukehuset på Nordfjordeid

<b>Føremål:</b> Næringsdrivande stifting. Stiftinga skal skaffe tomtegrunn og byggje bustadar for utleige til personalet ved fylkessjukehuset.	
<b>Adresse:</b> Postboks 10, 6771 Nordfjordeid.	<b>Telefon:</b> 415 30 489.
<b>Stifta:</b> 28.04.1970.	<b>Opprettar:</b> Fylkeskommunen.
<b>Nettside/e-post:</b> <a href="mailto:per.scott.olsen@helse-forde.no">per.scott.olsen@helse-forde.no</a>	<b>Tilskot frå fylkeskommunen:</b> Ingen.
<b>Fylkeskommunen sitt ansvar:</b> Fylkesutvalet vel heile styret. Det vert arbeidd med å overføre denne valretten til Helse Førde, som har teke over drifta av sjukehuset, sjå FT-sak 32/16.	<b>Rammer:</b> Vedtektene registrert 01.01.2009, sist endra 12.12.2005.

## Bustadstiftinga ved Sentralsjukehuset Sogn og Fjordane

<b>Føremål:</b> Næringsdrivande stifting. Stiftinga skal skaffe tomtegrunn og byggje bustadar for utleige til personalet ved sentralsjukehuset.	
<b>Adresse:</b> Sentralsjukehuset i Førde – Helse Førde, 6807 Førde.	<b>Telefon:</b> 57 83 90 39.
<b>Stifta:</b> 08.07.1975.	<b>Opprettar:</b> Fylkeskommunen.
<b>Nettside/e-post:</b> <a href="mailto:stiftinga@gmail.com">stiftinga@gmail.com</a>	<b>Tilskot frå fylkeskommunen:</b> Ingen.
<b>Fylkeskommunen sitt ansvar:</b> Fylkesutvalet vel heile styret. Det vert arbeidd med å overføre denne valretten til Helse Førde, som har teke over drifta av sjukehuset, sjå FT-sak 32/16.	<b>Rammer:</b> Vedtekene 01.01.2009.

## Stiftinga Sogn og Fjordane Næringsutvikling

<b>Føremål:</b> Næringsdrivande stifting. Stiftinga sitt føremål er å forvalte verdiane i stiftinga på ein slik måte at midlane kan brukast til å fremje næringsutvikling og nyskaping i fylket.	
<b>Adresse:</b> Mentor AS, postboks 200, 6801 Førde.	<b>Telefon:</b> 90 52 22 35.
<b>Stifta:</b> Den 1.7.1988	<b>Opprettar:</b> Fylkeskommunen.
<b>Nettside/e-post:</b> <a href="mailto:gitle.sande@mentor.no">gitle.sande@mentor.no</a>	<b>Rammer:</b> Vedtekene registrert 17.06.2008.
<b>Fylkeskommunen sitt ansvar:</b> Hovudutval for næring og kultur vel heile styret.	<b>Tilskot frå fylkeskommunen:</b> Ingen.

## Stiftinga Førde Internasjonale Folkemusikkfestival

<b>Føremål:</b> Alminneleg stifting. Føremålet til stiftinga er å gjennomføre eit internasjonalt folkemusikkfestspel kvart år i Førde som skal ha folkemusikk og folkedans som hovudinnhald.	
<b>Adresse:</b> Postboks 395, 6801 Førde.	<b>Telefon:</b> 469 05 010.
<b>Stifta:</b> 14.03.1992.	<b>Opprettar:</b> Fylkeskommunen, Førde kommune, Førde Næringsutvikling (no Førde Industri- og Næringssselskap), Landslaget for Spelemenn (no FolkOrg – organisasjon for folkemusikk og folkedans), Sogn og Fjordane Folkemusikkklag, Førde Ungdomslag og Indre Sunnfjord Spelemannslag.
<b>Nettside/e-post:</b> <a href="http://www.fordefestival.no">www.fordefestival.no</a> <a href="mailto:info@fordefestival.no">info@fordefestival.no</a>	<b>Tilskot frå fylkeskommunen:</b> Årlege tilskot i følgje avtale med staten og kommunane. Tilskot i 2017: 3 410 000 kroner. Tilskot i 2018: 3 150 000 kroner.
<b>Fylkeskommunen sitt ansvar:</b> Hovudutvalet for næring og kultur vel tre styremedlemmer med vara. Fylkeskommunen peikar ut styreleiar. Hovudutvalet vel òg ein medlem til representantskapet.	<b>Rammer:</b> Vedtekene registrert 29.04.2011.

Fylkeskommunen dekkjer utgiftene i samband med representantskapsmøtet for sin medlem.	
---	--

## Stiftinga Vestlandsforskning

<b>Føremål:</b> Alminneleg stifting. Stiftinga sitt føremål er å fremje forsking med tilknyting til Sogn og Fjordane, ved mellom anna å skaffe midlar til eller drive forsking og forskingsformidling. Det er også høve til å ta oppdrag utanfor fylket.	
<b>Adresse:</b> Vestlandsforskning, postboks 163, 6851 Sogndal.	<b>Telefon:</b> 906 33 600.
<b>Stifta:</b> 13.05.1985.	<b>Opprettar:</b> Fylkeskommunen.
<b>Nettside/e-post:</b> <a href="https://www.vestforsk.no/nn">https://www.vestforsk.no/nn</a> post@vestforsk.no	<b>Rammer:</b> Vedtektene registrert 01.01.2009.
<b>Fylkeskommunen sitt ansvar:</b> Fylkesutvalet vel seks av sju styremedlemer, medrekna leiar og nestleiar.	<b>Tilskot frå fylkeskommunen:</b> Utviklingsavtale mellom fylkeskommunen, Hisf og Vestlandsforskning. Stiftinga mottek ein årleg grunnstønad på 0,8 millionar kroner + eventuell utviklingsavtale.

## Stiftinga Røde Kors Nordisk United World College

<b>Føremål:</b> Alminneleg stifting. Føremålet er å fremje fred og internasjonal forståing, berekraftig utvikling og økologiske kunnskapar gjennom utdanning, forsking, kurs og andre tiltak.	
<b>Adresse:</b> 6968 Flekke.	<b>Telefon:</b> 57 73 70 00.
<b>Stifta:</b> 02.09.1993.	<b>Opprettar:</b> Fylkeskommunen, Noregs Røde Kors, Fjaler kommune, Sogn og Fjordane Røde Kors, Eckbos Legater og Stiftelsen Et Nordisk United World College.
<b>Nettside/e-post:</b> <a href="http://www.uwcrcn.no">www.uwcrcn.no</a> <a href="mailto:website@rcnuwc.no">website@rcnuwc.no</a>	<b>Rammer:</b> Vedtektene registrert 16.02.2010.
<b>Fylkeskommunen sitt ansvar:</b> Fylkesutvalet vel éin av om lag 25 medlemer til rådet.	<b>Tilskot frå fylkeskommunen:</b> Ingen.

## Stiftinga Nynorsk kultursentrum

<b>Føremål:</b> Ideell stifting. Stiftinga Nynorsk kultursentrum er ei ideell stifting med hovudføremål å arbeide for nynorsk skriftkultur. Stiftinga skal kunne eige og drive språklege og litterære dokumentasjons- og opplevelingssenter, festivalar, digitale tenester og forretningstiltak som er med og oppfyller dette føremålet.	
<b>Adresse:</b> Indrehovdevegen 176, 6160 Hovdebygda.	<b>Telefon:</b> 70 04 75 70.
<b>Stifta:</b> 31.08.1993.	<b>Opprettar:</b> Fylkeskommunen, kr 10 000, Det Norske Teatret, Hordaland fylkeskommune, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Høgskulen i Volda, Ivar Aasen-instituttet, Landssamanslutninga av nynorsk-

	kommunar, Litteraturselskapet Det Norske Samlaget, Møre Folkehøgskule, Møre og Romsdal fylkeskommune, Møreforsking Volda, Noregs Mållag, Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet, Noregs Ungdomslag, Rogaland fylkeskommune, Sunnmøre Museum, Ulvik herad, Universitetet i Bergen, Universitetet i Oslo, Universitetet i Tromsø, Vestmannalaget, Volda kommune og Ørsta kommune.
<b>Nettside/e-post:</b> <a href="http://www.aasentunet.no">www.aasentunet.no</a> <a href="mailto:admin@aasentunet.no">admin@aasentunet.no</a>	<b>Rammer:</b> Vedtekten registrert 01.01.2009, sist endra 05.01.2017.
<b>Fylkeskommunen sitt ansvar:</b> Hovudutval for næring og kultur vel éin medlem til rådet.	<b>Tilskot frå fylkeskommunen:</b> Ingen.

## Stiftinga Innvik Næringsutvikling

<b>Føremål:</b> Alminneleg stifting. Føremålet er å forvalte verdiane i stiftinga på ein slik måte at midlane kan brukast til å fremje utvikling og nyskaping i Innvik.	
<b>Adresse:</b> Postboks 33, 6793 Innvik.	<b>Telefon:</b> 90 52 22 35.
<b>Stifta:</b> 11.06.1997.	<b>Opprettar:</b> Fylkeskommunen og Stryn kommune.
<b>Nettside/e-post:</b> <a href="mailto:gitle.sande@mentor.no">gitle.sande@mentor.no</a>	<b>Rammer:</b> Vedtekten, sist endra 04.09.2014.
<b>Fylkeskommunen sitt ansvar:</b> Fylkesutvalet vel to medlemer og Stryn kommune vel ein medlem til styret.	<b>Tilskot frå fylkeskommunen:</b> Ingen.
<b>Merknad:</b> Stiftinga vart omdanna etter at eigedomen vart sold i april 2010, mellom anna er grunnkapitalen og tal styremedlem endra. I tillegg vart namnet endra frå Stiftinga Langvin til Stiftinga Innvik Næringsutvikling.	

## Stiftinga Vestnorsk jazzsenter

<b>Føremål:</b> Alminneleg stifting. Føremålet til stiftinga er å arrangere konserter som er forankra i jazz og tilgrensa musikkformer. I tillegg skal stiftinga ivareta Norsk Jazzforbund sine regionoppgåver i region 3, også i form av pedagogiske tiltak og turneformidling.	
<b>Adresse:</b> Georgernes Verft 12, 5011 Bergen.	<b>Telefon:</b> 55 30 72 50.
<b>Stifta:</b> 10.09.1997.	<b>Opprettar:</b> Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Hordaland fylkeskommune, Rogaland fylkeskommune, Bergen Jazzforum og Norsk Jazzforum.
<b>Nettside/e-post:</b> <a href="http://www.vestnorskjazzsenter.no">www.vestnorskjazzsenter.no</a> <a href="mailto:post@vestnorskjazzsenter.no">post@vestnorskjazzsenter.no</a>	<b>Rammer:</b> Vedtekten registrert 01.01.2009.
<b>Fylkeskommunen sitt ansvar:</b> Hovudutval for næring og kultur vel éin av sju styremedlemmar, med personleg vara.  Fylkeskommunen dekkjer utgiftene i samband med styremøta for sin medlem.	<b>Tilskot frå fylkeskommunen:</b> Årleg tilskot etter søknad. Tilskot i 2017: 110 000 kroner.

## Stiftinga Balejazz

<b>Føremål:</b> Alminneleg stifting. Føremålet er å arrangere ein årleg jazzfestival i Balestrand som er forankra i, men ikkje avgrensa til norsk/regional jazz, med sikte på å fremje og delta i utviklinga av musikarar og miljø som arbeider med jazz.	
<b>Adresse:</b> Postboks 24, 6898 Balestrand.	<b>Telefon:</b> 57 69 42 00.
<b>Stifta:</b> 03.01.2002.	<b>Opprettar:</b> Fylkeskommunen (kr 10.000), Balejazz, Kviknes Hotell, Balestrand kommune og Vestnorsk Jazz-senter.
<b>Nettside/e-post:</b> <a href="http://www.balejazz.no">www.balejazz.no</a> <a href="mailto:post@balejazz.no">post@balejazz.no</a>	<b>Rammer:</b> Vedtekten sist endra 01.01.2009.
<b>Fylkeskommunen sitt ansvar:</b> Hovudutval for næring og kultur vel ein av fem medlemer til representantskapet som vel styret.	<b>Tilskot frå fylkeskommunen:</b> Tilskot etter søknad. Tilskot i 2018: kr 150 000 kroner.

## Stiftinga Norsk Countrytreff

<b>Føremål:</b> Alminneleg stifting. Norsk Countrytreff er ein knutepunktinstitusjon med eit sjangeroppdrag, og skal ha ein leiande posisjon innanfor country-sjangeren. Føremålet er å i framtida vere den kvalitetsmessig beste festivalen i Noreg, og å arrangere eit årleg country-treff i Gloppen kommune, med eit overordna mål om å presentere nasjonale og internasjonale artistar og grupper på høgt musikalsk nivå.	
<b>Adresse:</b> Reed Senter, 6827 Breim.	<b>Telefon:</b> 46 42 69 28.
<b>Stifta:</b> 30.09.2004.	<b>Opprettar:</b> Sogn og fjordane fylkeskommune, Breimsbygda Idrettslag, Byrkjelo Ungdomslag, Breim Bygdeungdomslag, A/L Breimshallen, Breim Countryklubb, Stiftinga Norsk Fjordhestgard, Gloppen kommune.
<b>Nettside/e-post:</b> <a href="http://www.norskcountrytreff.no">www.norskcountrytreff.no</a> <a href="mailto:nct@breim.no">nct@breim.no</a>	<b>Rammer:</b> Vedtekten registrert 29.02.2012, sist endra 16.08.2018.
<b>Fylkeskommunen sitt ansvar:</b> Hovudutval for næring og kultur vel to av fem styremedlemer med personlege varamedlemer, og peikar ut styreleiar.	<b>Tilskot frå fylkeskommunen:</b> Tilskot etter søknad. Tilskot i 2018: 715 000 kroner.
<b>Merknad:</b> Staten har avvikla knutepunktordninga, og ansvaret er overført Norsk Kulturråd.	

## Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark

<b>Føremål:</b> Alminneleg stifting. Stiftinga skal ha som føremål å koordinere og samordne den samla innsatsen i høve verdsarvstatusen for Nærøyfjordområdet. Verdsarvparken skal byggje på at lokalsamfunnet har eigarskap til landskaps- og kulturverdiane og aktivt fremme internasjonale verneverdiar gjennom lokal økonomisk, kulturell og identitetsmessig utvikling.	
<b>Adresse:</b> Helabrotet 2A, 5745 Aurland.	<b>Telefon:</b> 57 63 29 09.
<b>Stifta:</b> 25.01.2008.	<b>Opprettar:</b> Fylkeskommunen, kr 50.000, Aurland kommune, kr 100.000, Voss kommune, kr 50.000, Vik kommune, kr 50.000, og Lærdal kommune, kr 50.000

<b>Nettside/e-post:</b> <a href="http://www.naroyfjorden.no">www.naroyfjorden.no</a> <a href="mailto:erling@naroyfjorden.no">erling@naroyfjorden.no</a>	<b>Rammer:</b> Vedtektene registrert 01.01.2009.
<b>Fylkeskommunen sitt ansvar:</b> Fylkesutvalet vel éin av ni styremedlemer.	<p><b>Tilskot frå fylkeskommunen:</b></p> <p>Nærøyfjorden verdsarvpark vert støtta med 400 000 kroner fordelt med 200 000 kroner for kvart av åra 2018 og 2019.</p> <p>Fylkesutvalet har løyvd 50 000 kroner til «Lysprosjektet Vinterattraksjonar i Nærøyfjorden», sjå FU-sak 2/18.</p>

## Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

<b>Føremål:</b> Alminneleg stifting. Stiftinga sitt føremål er å drive museum. Stiftinga skal drive innsamling, bevaring, dokumentasjon, forsking og formidling, og skal kunne drive anna kulturell verksemd.	
<b>Adresse:</b> Gota 16, 6823 Sandane.	<b>Telefon:</b> 990 94 777.
<b>Stifta:</b> 14.01.2009.	<b>Opprettar:</b> Fylkeskommunen, kr 50 000, Sunnfjord Museum, Kyrmuseet i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane Kunstmuseum, Sogn Folkemuseum og Nordfjord Folkemuseum.
<b>Nettside/e-post:</b> <a href="http://www.sfj.museum.no">www.sfj.museum.no</a> <a href="mailto:post@mif.museum.no">post@mif.museum.no</a>	<b>Rammer:</b> Vedtektene registrert 28.12.2011, sist endra 14.07.2017.
<b>Fylkeskommunen sitt ansvar:</b> Hovudutvalet for næring og kultur vel styreleiar og ein styremedlem med personlege varamedlemer. Fylkeskommunen vel ein medlem til rådet.	<b>Tilskot frå fylkeskommunen:</b> Årlege tilskot i følge avtale med kommunane og staten. Tilskot i 2017: 14 385 000 kroner. Tilskot i 2018: 15 121 000 kroner.
<b>Merknader:</b> Kontrollutvalet har fått gjennomført ein forvalningsrevisjon av Musea i Sogn og Fjordane (Musea). Føremålet med forvalningsrevisjonen har vore å undersøke i kva grad Musea har ei føremålstenleg organisering, og om fylkeskommunen si rolle ovanfor Musea er tydeleg og vert utøvd og følgjt opp på tilfredsstillande vis. Vidare har det vore ein del av føremålet med prosjektet å vurdere system og rutinar for tildeling og oppfølging av fylkeskommunen sine tilskot til Musea i Sogn og Fjordane. I revisjonsrapporten står det mellom anna at fylkeskommunen, for å sikre forsvarleg bruk av offentlege midlar, bør stille i alle fall eit minimum av krav til rapportering frå Musea. Vidare at fylkeskommunen med fordel kan tydeleggjere og formalisere både rutinar knytt til dialogmøte med Musea, og rutinar for å følgje opp dei forventningar som blir formidla i samband med tildeling av tilskot. I sak 3/18 vedtok fylkestinget tiltak både fylkesrådmannen og Musea skal setje i verk for å følgje opp tilrådinga i revisjonsrapporten, sjå punkt 1.9 om enkeltsaker.	

## Stiftinga Norsk Kvernsteinsenter

<b>Føremål:</b> Alminneleg stifting. Stiftinga skal vere pådrivar for forsking på historia til produksjon og distribusjon av kvernstein, vere pådrivar i arbeidet med å sikre at kvernsteinbrota i Noreg vert tekne omsyn til i samfunns- og arealplanlegginga og formidle eit representativt utval av kvernsteinsbort for framvising.	
<b>Adresse:</b> 6957 Hyllestad	<b>Telefon:</b> 458 71 940.
<b>Stifta:</b> Den 18.6.2009.	<b>Opprettar:</b> Fylkeskommunen, 50 000 kroner, og Hyllestad kommune, 50 000 kroner.
<b>Nettside/e-post:</b> <a href="http://www.kvernstein.no">www.kvernstein.no</a>	<b>Rammer:</b> Vedtektene registrert 9.10.2009.

<a href="mailto:post@kvernstein.no">post@kvernstein.no</a>	
<b>Fylkeskommunen sitt ansvar:</b> Hovudutval for næring og kultur vel to av sju styremedlemer.	<b>Tilskot frå fylkeskommunen:</b> Stiftinga er ein del av Musea i Sogn og Fjordane.

## Stiftinga Norsk Sjøfuglsenter

<b>Føremål:</b> Alminneleg stifting. Norsk Sjøfuglsenter skal bygge opp og drive informasjonssenter for sjøfuglvern på Værlandet.	
<b>Adresse:</b> c/o Rekneskapsteneste AS Postboks 50, 6801 Førde.	Telefon: 957 78 071.
<b>Stifta:</b> 26.01.2011	<b>Opprettar:</b> Askvoll kommune, Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Værlandet vel, Stiftinga Alfilds minne til Værlandet vel, Norsk Ornitologisk Foreining.
<b>Nettside/e-post:</b> <a href="http://www.norsksjofuglsenter.no">www.norsksjofuglsenter.no</a> <a href="mailto:info@sjofuglsenter.no">info@sjofuglsenter.no</a>	<b>Rammer:</b> Vedtekten registrert 15.04.2011.
<b>Fylkeskommunen sitt ansvar:</b> Hovudutvalet for næring og kultur skal peike ut éin styremedlem.	<b>Tilskot frå fylkeskommunen:</b> Ingen.
<b>Merknad:</b> Styret i stiftinga vurderer å endre organisasjonsform for å betre den økonomiske situasjonen til senteret. Fylkesutvalet har sagt seg positive til dette, så lenge føremålet med stiftinga vert vidareført og ivaretakse, sjå FU-sak 6/18. Fylkesutvalet løvvde i sak 44/18 kroner 15 000 i støtte til arbeid med avvikling av stiftinga.	

## Stiftinga til fremje av rekruttering og kompetanseutvikling i Sogn og Fjordane (REKOMP)

<b>Føremål:</b> Stiftinga sitt føremål er å løyve midlar som skal gå til å styrke rekruttering og kompetanseutvikling i privat og offentleg sektor i Sogn og Fjordane, med hovudfokus på drift av ei fylkesdekkande traineeordning for yngre personar med formell utdanning på høgskule/universitetsnivå.	
<b>Adresse:</b> Strandgata 52/54, 6901 FLORØ	<b>Opprettar:</b> Daa-fondet
<b>Stifta:</b> 06.10.2008.	<b>Rammer:</b> Vedtekten frå 2008, sist endra 13.07.2016.
<b>Fylkeskommunen sitt ansvar:</b> Fylkeskommunen vel alle dei tre styremedlemene.	<b>Tilskot frå fylkeskommunen:</b> Stiftinga sin kapitalbase kjem frå overførte restmidlar frå DAA-fondet (kompensasjonsmidlar for differensiert arbeidsgivaravgift) til fylkeskommunen. Fylkeskommunen har ikkje gått inn med midlar sidan opprettinga.
<b>Merknad:</b> Stiftinga løyver årleg midlar til Framtidsfylket AS. Når stiftinga er tom for midlar vil styret gjere vedtak om oppløysing av stiftinga.	

## 9. Gjensidige selskap

### Kommunal Landspensjonskasse (KLP)

<b>Føremål</b>	Selskapet sitt føremål er å ivareta medlemmene sine behov for tenestepensjonsordninga. Selskapet kan også, enten sjølv eller gjennom deltaking i andre selskap, tilby andre pensjons- og forsikringsprodukt, og kan delta i eller drive ei kvar verksemd som naturlig heng saman med forsikringsverksemd, og ei kvar anna verksemd som er lov for livforsikringsselskap, her også administrasjon og forvaltning av pensjonskassar.
<b>Etablert</b>	1949
<b>Eigar</b>	Ingen eigalar i tradisjonell forstand, men alle som etablerer avtale om offentleg tenestepensjon i KLP skyt inn eit eigenkapitalinnskot.  Sogn og Fjordane fylkeskommune sin del av oppsamla eigenkapitaltilskot er pr. 31.12.17: 24 919 271 kr.  KLP konsern sin totale eigenkapital er pr. 31.12.17: 29,564 mrd. kr.
<b>Rammer</b>	Vedtekter, sist endra 11.05.16. Allmennaksjelova, forsikringslova, forsikringsverksemeldova, finansføretakslova.
<b>Generalforsamling</b>	Selskapet er inndelt i valkrinsar. Fylkeskommunane utgjer, saman med kommunane i fylket, kvar sin valkrets. Den enkelte valkrets vel eit tal utsendingar til generalforsamlinga avhengig av samla premievolum i selskapet sine fellesordningar, jf. vedtekten § 3-3. Det skal haldast ordinær generalforsamling innan utgangen av juni kvart år.
<b>Forretningskontor</b>	Oslo
<b>Adresse</b>	Pb 400 Sentrum, 0191 Oslo
<b>Telefon</b>	55 54 85 00
<b>Nettside</b>	<a href="http://www.klp.no">www.klp.no</a>
<b>Fylkeskommunalt medlemskap</b>	Sogn og Fjordane fylkeskommune har tenestepensjon i KLP. Som medlem i KLP pliktar fylkeskommunen å betale eigenkapitaltilskot i den grad det er naudsynt for å gje KLP tilfredsstillande soliditet. I fylkeskommunen sin rekneskap for 2017 står eigenkapitalinnskot i KLP oppført med ein verdi på 24,9 mill. kr. Innbetalt eigenkapitalinnskot for 2017 var på 2,4 mill. kr.  Ved ei eventuell utmelding frå KLP er det fylkeskommunen sin del av selskapet sitt oppsamla eigenkapitalinnskot som vert utbetalt, noko som utgjer om lag 24,9 mill. kr pr. 31.12.17.  Fylkesordførar Jenny Følling vart i 2018 vald som nestleiar i konsernstyret.

## 10. Vedteken plan for selskapskontroll for 2016-2020

Kontrollutvalet skal på fylkestinget sine vegner sjå til at det vert ført kontroll med fylkeskommunen sine eigarinteresser i selskap.

Fylkestinget vedtok i sak 42/16 ein plan for selskapskontroll for perioden 2016-2020.

I planen er det sett opp ei liste over selskap som er prioriterte for selskapskontrollprosjekt, sjå punkt 10.3. Innleiingsvis gir planen ei oversikt der selskapa er presentert i to tabellar. Den første tabellen inneheld selskap som fell inn under § 80 i kommunelova (interkommunale selskap, og aksjeselskap som er heileigde av fylkeskommunen eller eigde saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar). Desse selskapa har Sogn og Fjordane fylkeskommune full innsynsrett i.

Den andre tabellen inneheld oversikt over selskap som fylkeskommunen har eigarskap i, men som ikkje fell inn under § 80 i kommunelova. Dvs. at det er innslag av private eigardelar o.l. Desse selskapa har fylkeskommunen ikkje meir innsynsrett i enn dei andre aksjonærane.

Fylkeskommunen kan likevel gjennomføre avgrensa selskapskontrollar med omsyn til i kva grad selskapet opptrer i tråd med eigarane sin intensjon, om val og opplæring av representantar skjer etter fylkeskommunen sine reglar og rutinar, om rapportering frå selskapet samsvarar med retningsliner o.l.

### 10.1 Oversikt over selskap innanfor kommunelova § 80

Selskap	Selskapet sitt føremål <sup>15</sup>	Eigardel
<b>F1 Holding AS</b>	Investeringsverksemd, under dette kjøp og sal av aksjar i transportselskap og anna verksemd som står i samband med føremålet.	100 %
<b>Sogn og Fjordane Holding AS</b>	Investeringsverksemd, under dette kjøp og sal av aksjar, andelar, konsesjonskraftrettar og fast eigedom og anna verksemd som står i samband med føremålet.	100 %
<b>Sogn og Fjordane Teater L/L (aksjeselskap)</b>	Teaterverksemd i Sogn og Fjordane fylke. Det kan også spele i andre fylke som ledd i utvekslingsprogram med andre teater.	80 %
<b>Trivselshagen IKS</b>	Planleggje, byggje, eige og drive eit felles prosjekt for å skaffe Firda vidaregåande skule naudsynt undervisningsareal og å skaffe skulane og lokalsamfunnet i Gloppen kultursal, symjehall, idrettshall m.v. i samsvar med den funksjonsplanen som er vedteken av deltakarane.	50 %
<b>Lutelandet Utvikling AS</b>	Arbeide for utnytting av Lutelandet til industriføremål.	48 %
<b>Sogn og Fjordane Revisjon IKS</b>	Selskapet sitt føremål er å dekkje deltakarane sine behov innan finansiell revisjon og selskapskontroll jf kommunelova § 77 punkt 4 og 5 samt attestasjonsoppdrag. Slike tenester skal i tillegg kunne leverast til kommunale føretak, interkommunalt samarbeid og interkommunale selskap tilhøyrande deltakarane.	42 %

<sup>15</sup> Nokre selskap sine føremål er korta noko ned i denne tabellen.

<b>Firda Billag AS</b>	Transportverksemd og tenesteyting i samband med person- og godstransport, samt reisebyrå. Selskapet kan i tillegg eige og forvalte fast eigedom. Selskapet kan også eige eller delta i andre selskap som har liknande verksemd.	5 %
<b>Vigo IKS</b>	Selskapet sitt føremål er å utvikle/vidareutvikle, eige og/eller driftet, alt etter bestilling og i nært samarbeid med deltakarane, fylkeskommunane sitt felles inntaks- og forvaltningsssystem for elevar/lærlingar i Vigo og alt som elles står i naturleg samanheng med dette – til dømes skuleadministrative system. Selskapet skal vidare levere eller formidle levert naudsynt faglege kurs eller rettleiing til deltakarane på systema ein har rettar/driftsoppgåver knytt til.	1/19
<b>Fjord Norge AS</b>	Internasjonal marknadsføring og tilrettelegging for sal av reiselivet i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.	8,9 %
<b>Kommunekraft AS</b>	Formidle aksjeeigarane sin disponible kraft, herunder konsesjonskraft, og drive anna verksemd knytt til slik formidling.	0,31 %

## **10.2 Oversikt over selskap utanfor kommunelova § 80**

<b>Selskap</b>	<b>Selskapet sitt føremål</b>	<b>Eigardel</b>
<b>Opplæringsfartøy AS</b>	Eige og drive fiskefartøy på ideell basis i samhøve med aksjelova § 2-2 (2) hovudsakelig ved å stille fartøyet til disposisjon for Måløy vidaregåande skule til bruk i opplæring	76,53 %
<b>Fjord 1 AS</b>	Sjølv, eller gjennom heilt eller delvis eigarskap i andre verksemder, å drive transport-, kommunikasjons- og reiselivsverksemd. Selskapet kan også engasjere seg i andre forretningsområde når dette er forretningsmessig interessant og er eigna til å styrke hovudføremålet, eller dette fører til ei meir rasjonell utnytting av selskapet sine ressursar.	59 %
<b>Fjord Invest Såkorn AS</b>	Investering i konkurransedyktige såkornsbedrifter og små- og mellomstore bedrifter i Sogn og Fjordane. Selskapet skal arbeide etter forretningsmessige prinsipp med sikte på å oppnå tilfredsstillende avkastning for eigarane.	50,58 %
<b>Sogn og Fjordane Energi AS</b>	Produksjon, omsetning og overføring av elektrisk energi, samt anna verksemd knytt til desse områda. Selskapet kan bygge ut anlegg, drive, kjøpe og selje anlegg og selskap i samband med dette. Verksemda kan også drivast i samarbeid med eller ved deltaking i andre selskap med tilsvarende formål. Selskapet kan også engasjere seg i andre forretningsområde og selskap når dette er	48,15 %

	eigna til å styrke hovudføremålet eller fører til meir rasjonell utnytting av selskapet sine ressursar. Selskapet skal drivast på forretnings-messig basis med vekt på langsiglig verdiskaping for eigarane.	
<b>Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS</b>	Selskapet skal medverke til auka verdiskaping og nyetablering innafor kunnskapsintensive verksemder lokalt og regionalt og å få nasjonale kunnskapsbaserete arbeidsplassar til fylket. Selskapet skal vere ein pådrivar overfor næringslivet og forskings- og høgskulemiljøet i fylket og på den måten stimulere til kommersialisering av Fou-resultat og forretningsidear med stort potensiale.	38,17 %
<b>Norsk Fjordhestsenter AS</b>	Fremje fjordhesten som nasjonal rase gjennom å gjennomføre nasjonale mål og strategiar innan avl og bruk for fjordhesten. Selskapet skal arbeide aktivt for å finansiert oppgåver knytt til dette målet, slik at senteret kan framstå med det største og beste kompetansemiljøet for fjordhest, og ha eit moderne nasjonalt anlegg. Norsk Fjordhestsenter skal vere samlingspunktet for fjordhestfolket.	33 %
<b>In Via AS (Tidl. Sandane Industri L/L)</b>	Å skape meirverdi for menneske og samfunn. In Via AS skal skape positive endringar til beste for alle partar og vere ein lærings- og kompetansepartnar.	32,05 %
<b>Mentro AS (Tidl. Firda Produkt AS)</b>	Å drive attførings-tjenester, andre arbeidsretta tjenester og det som naturleg hører med til slik verksemd.	30 %
<b>Sogneprodukt AS</b>	Gjennom arbeidsretta tiltak skaper selskapet grunnlag for rekruttering til ordinært arbeidsliv. Selskapet er «ei bru til arbeidslivet» for dei som treng hjelp til å skaffe seg arbeid eller utdanning. Verksemda gir og tilbod om varig sysselsetting for personar som treng det.	27,17 %
<b>Origod AS</b>	Drive industri og handelsverksem for å sysselsette yrkesvalhemma. Verksemda er ei attføringsbedrift og NAV er verksemdas største og viktigaste kunde. Selskapet og NAV sin jobb er å sjå muligheter og utløyse ressursar hos dei mange som står i fare for å miste fotfeste i arbeidslivet, eller aldri har hatt plass i arbeidslivet. Dette vert gjort i kombinasjon med produksjon av varer og tjenester.	24,20 %
<b>Gulen og Mastfjorden Utvikling AS</b>	Tilrettelegge tilhøva for auka næringsverksem i kommunane Gulen og Masfjorden, og skal ved å vere ein aktiv pådrivar og koordinator for private aktørar bivirke til etablering av lønsame arbeidsplassar i distriktet. Selskapet skal vidare vere en koordinator for offentlege midlar til næringsarbeid og vere en pådrivar for at næringslivet får ei god kunnskaps- og teknologisk utvikling.	22,42 %

<b>Njøs Næringsutvikling AS</b>	Drive med rådgjeving, produkt-/marknadsutvikling, leie utviklingsprosjekt primært retta mot frukt og bær og andre prioriterte landbruksprodukt. Vidare skal selskapet kunne investere i andre selskap i same bransje.	22,20 %
<b>Framtidsfylket AS</b>	Drift og utvikling av ei felles trainee-ordning for alle private og offentlege verksemder i Sogn og Fjordane, som arbeider for å fremje næringslivet i fylket, og nettportalen framtidsfylket.no, og anna rekrutteringsverksemnd som i vid forstand kan vere i nemnde verksemder si interesse.	4 %
<b>Innovasjon Norge AS</b>	Å fremje bedrifts- og samfunnsøkonomisk lønnsam næringsutvikling i heile landet, og utløse ulike distrikt og regionar sine næringmessige moglegheiter gjennom å bidra til innovasjon, internasjonalisering og profilering.	2,58 %
<b>Botnaneset Industriselskap AS</b>	Å legge til rette for næringslivet på sunt økonomisk grunnlag i regionen og spesielt bidra til å leggje høva til rette for ei vidareutvikling av den olje- og gassretta verksemda i regionen, blant anna gjennom deltaking i høyningsrundar og politiske prosessar.	0,62 %

## **10. 3 Plan for selskapskontroll 2016–2020**

### **Selskapskontrollprosjekt i prioritert rekkefølge**

<b>Prioritet</b>	<b>Selskap/Prosjekt</b>
1	Overordna eigarstyring
2	Sogn og Fjordane Teater LL
3	Trivselshagen IKS
4	Vigo IKS

**Selskapskontroll – uprioriterte prosjekt**

<b>Selskap/Prosjekt</b>
Opplæringsfartøy AS
Fjord Invest Såkorn AS
Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS
Gulen og Masfjorden Utvikling AS
Opplæringsfartøy AS



**SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE**

Fylkesrådmann  
Fylkeshuset  
Askedalen 2, 6863 Leikanger  
57 63 80 00  
[post@sfj.no](mailto:post@sfj.no)  
[www.sfj.no](http://www.sfj.no)

Framside: Dagsturhytta Naustdalskamben i Eid  
Foto: Hans Peter Eidseflot